



Sigrid Skålnes

# Distriktskvinnescenarier 2010

På leit etter ei framtid

---

# Føreord

Prosjektet "Distriktskvinnescenarier 2010" er gjennomført som eit samarbeidsprosjekt mellom NIBR og Høgskolen i Finnmark. Kommunal- og regionaldepartementet er oppdragsgevar for prosjektet. I prosjektet er det lagt inn tre scenarier, der to av dei skal gjennomførast i regi av prosjektet, det tredje i etterkant og utan finansiering frå prosjektet. Denne rapporten fokuserer på det vi i utgangspunktet kalla "livsplanscenariet" – der vi tek utgangspunkt i unge distriktskvinnens eigne planar og visjonar for framtida, kva dei vil bli, korleis dei vil leva, og kor dei vil bu.

I tilknytting til "Distriktskvinnescenarier 2010" og gjennomføring av dette, har det vore ei eiga referansegruppe. Avdelingsdirektør Pål-Erik Holte, KR D, 1. amanuensis Eli Janette Fosso, Universitetet i Bergen, næringssjef Bjørn Nordmo, Salangen kommune og avdelingssjef Inger Stubsjøen, Hedmark fylkeskommune, har utgjort referansegruppa. Ei stor takk til gruppa for mange og gode kommentarar undervegs, og for stor interesse for arbeidet.

Takk og til alle informantane våre, jenter og gutar frå fleire vidaregåande skular rundt om i landet som skreiv stil til prosjektet, og for mange studentar på ulike studiestader i landet, som svarte på spørjeskjema. Norsk lærarar i klassane til dei som skreiv stil, vil vi gjerne gje ein ekstra takk til, for å ha vist stor interesse for forespørselen vår, og for å ha lagt opp sine arbeidsplanar og klassane sine stilskriving slik at det hōvde vårt prosjekt. Takk!

Takk også til kollegaer, som var til stor hjelp i datainnsamlinga, både i Alta, Hammerfest, Tromsø, Sogndal, Elverum og Hamar. Kollegaer i Alta og Oslo har og gjeve mange og gode innspel og kommentarar undervegs. At dei framstår som namnlause, her betyr ikkje at dei er gløymde! Medprosjektarbeidar Sissel Fredriksen har vore til stor hjelp og inspirasjon under arbeidet. Takk!

Alta/Oslo, mai 2001.

Arne Tesli  
forskningssjef

# Innhold

Føreord.....	1
Tabelloversikt .....	4
Figuroversikt.....	5
Samandrag .....	6
Summary .....	9
1 Å finna framtidsvisjonar hos distriktsungdom – metodisk utgangspunkt og gjennomføring av eit prosjekt .....	13
1.1 Å setja ord på draumar .....	13
1.1.1 Stilprosjektet .....	14
1.1.2 Spørjeundersøkinga.....	17
1.2 Framtida – forteljing, formidling og gangbar kvalitet.....	18
1.2.1 Å skriva om andre sine draumar .....	20
1.3 Oppbygging av rapporten.....	21
2 Ungdomstid - muligheter og risiko .....	22
2.1 Tradisjon og endring .....	22
2.2 Ungdom, utdanning, yrke, fritid og familie.....	25
2.2.1 Yrke som kjem og yrke som går .....	26
2.2.2 Familie og fritid sin plass i framtidprosjektet.....	27
2.3 Ideologi som utgangspunkt for val.....	27
3 Utdanning og arbeid – fokus på karriere eller tilpassing?.....	30
3.1 Jenter og utdanning .....	31
3.2 Kvinneyrke 2010.....	32
3.2.1 Unge kvinner og yrkesval .....	33
3.2.2 Yrkesval blant studentane .....	34
3.3 Utdannings- og yrkesval.....	35
3.3.1 Tenåring og yrkesval.....	36
3.3.2 Unge vaksne og utdanningsval.....	37
3.3.3 Jobb og familie - unge vaksne og yrkesliv om ti år.....	39
3.3.4 Tradisjonelle kvinneyrke og moderne kvinneyrke.....	41
3.4 Oppsummering .....	43
4 Familie – mann og to barn, eller singel og familie seinare?.....	44
4.1 Å velja oppover, sidelengs eller nedover .....	45
4.1.1 Elevane frå vidaregåande skule.....	48
4.1.2 Studentane .....	49
4.2 Familieorientert, karriereorientert - eller?.....	51
5 Fritid – kule fritidsinteresser eller bakkemannskap for barnas fritid?.....	52
5.1 Privatisert fritid .....	52
5.2 Politisk deltaking.....	55
5.3 Oppsummering .....	56

6	Mellom frihet og trygghet – unge kvinner og busettingsval .....	57
6.1	Her vil eg bu – i alle fall nokre år.....	57
6.1.1	Vinnarane og taparane.....	59
6.2	Kva krav stiller unge distriktskvinner til staden der dei skal busetja seg? ....	62
6.2.1	Friheten i byen – tryggheten heime.....	65
6.2.2	Er det viktig å planleggja kor ein vil bu? .....	67
6.3	Oppsummering.....	68
7	Jordnær og eventyrsøkjande – distriktsgutar og framtidsplanar .....	71
7.1	Datagrunnlaget .....	71
7.2	Utdannings- og yrkesval for gutar.....	71
7.2.1	Framtidige yrke for gutar .....	72
7.2.2	Gamle og nye menn?.....	73
7.2.3	Nye menn - dei likestillingsorienterte .....	75
7.2.4	”Gamle menn” - dei karriereorienterte .....	77
7.2.5	”Gamle menn” - dei opplevingsorienterte.....	78
7.3	Familie.....	79
7.4	Fritid.....	81
7.5	Heime, borte, på vandring? .....	83
7.6	Framtida .....	87
7.7	Oppsummering.....	88
8	Kvinneprofilar og framtidbilete.....	89
8.1	Kvinneideologiske typar .....	89
8.2	Kvinnetypar og kommunar.....	92
8.2.1	Heime bra, men borte best?.....	94
8.2.2	Gode bustadsalternativ for kvinner .....	96
8.3	Oppsummering.....	97
9	I retning framtida .....	99
9.1	Det gode liv for distriktskvinnene.....	99
9.1.1	Det gode liv for Moderna.....	99
9.1.2	Det gode liv for Konserva .....	100
9.1.3	Det gode liv for Alterna .....	101
9.1.4	Det gode liv for unge distriktsmenn .....	101
9.2	Visjonar på vandring? .....	102
9.2.1	Eg vil heim att, ... eg vil bort i frå .....	102
Vedlegg 1	Spørjeskjema til kvinnelege studentar.....	104

# Tabelloversikt

Tabell 1.1	<i>Stilar fordelt skulevis</i> .....	15
Tabell 2.1	<i>Dei tre kvinnetypene karakterisert ut frå livsprosjekt (Kjelde: Fredriksen 2001)</i> .....	29
Tabell 3.1	<i>Grunngjeving for utdanningsval (her er berre tatt med dei som kryssa av 4, 5 eller 6 – der 6= ”stemmer svært godt” på påstandane)</i> .....	37
Tabell 3.2	<i>Grunnar for å velja utdanning etter utdanningsretning. Prosent.</i> .....	38
Tabell 3.3	<i>Karakterisering av eiga deltaking i yrkeslivet i 2010 etter utdanningskategori (her er medtatt dei som har svara 4, 5 og 6 på ein skala der 6=stemmer svært godt)</i> .....	40
Tabell 4.1	<i>Familieliv 2010. Prosent.</i> .....	50
Tabell 5.1	<i>Fritidsaktivitetar ungdommar - unge kvinner busette i distriktskommunar og i storbykommunar 2010. Prosent.</i> .....	53
Tabell 5.2	<i>Engasjement i politiske aktivitetar 2010</i> .....	56
Tabell 6.1	<i>Kor ein vil bu i 2010 etter oppvekststad, studentane. Prosent, N= 226</i> .....	61
Tabell 6.2	<i>Kva studentane legg vekt på ved stad å bu i framtida. Prosent.</i> .....	63
Tabell 6.3	<i>Grunnar for val av stad å bu etter utdanningsretning. Prosent.</i> .....	65
Tabell 6.4	<i>Er det viktig å tenkja over kor ein vil busetja seg? Prosent.</i> .....	67
Tabell 7.1	<i>Kor gutane vil bu i 2010 etter oppvekststad</i> .....	84
Tabell 7.2	<i>Framtidig busetting etter mannstype</i> .....	87
Tabell 8.1	<i>Ideologiske kvinnetypar, elevane, studentane og to aldersklassar blant kvinner i befolkninga. Prosent</i> .....	91
Tabell 8.2	<i>Gode og dårlege sider ved oppvekstkommune.</i> .....	95
Tabell 8.3	<i>Kva er viktig for at ein stad er eit godt bustadsalternativ for unge kvinner.</i> .....	97

## Figuroversikt

Figur 3.1	<i>Planlagt utdanning, jentene på vidaregåande skule. Prosent.</i>	32
Figur 3.2	<i>Planlagt yrke 2010, jentene frå vidaregåande skule. Prosent.</i>	33
Figur 3.3	<i>Yrkesval blant studentane.</i>	35
Figur 3.4	<i>Karakterisering av tilknytning til arbeidslivet 2010</i>	41
Figur 3.5	<i>Karakterisering av tilknytning til arbeidslivet – studentar innanfor skulefag og innanfor universitetsfag. Prosent.</i>	42
Figur 4.1	<i>Sivil status 2010 for ungdommane i utvalet. Prosent.</i>	44
Figur 4.2	<i>Sivil status 2010 for studentane i utvalet.</i>	45
Figur 4.3	<i>Å velja ektefelle ”oppover”</i>	46
Figur 4.4	<i>Mønster for ektefelleval.</i>	46
Figur 5.1	<i>Fritidsinteresser unge kvinner i 2010. Prosent</i>	54
Figur 6.1	<i>Bustad 2010, ungdommane. Prosent</i>	58
Figur 6.2	<i>Bustadkommune 2010, studentane. Prosent</i>	59
Figur 6.3	<i>Bustadkommune unge kvinner 2010. Prosent.</i>	60
Figur 7.1	<i>Framtidige jente- og guteyrke. Prosent.</i>	73
Figur 7.2	<i>Sivil status gutar 2010. Prosent</i>	80
Figur 7.3	<i>Fritidsaktivitetar 2010, gutar.</i>	81
Figur 7.4	<i>Bukommune/land gutar 2010. Prosent</i>	83
Figur 8.1	<i>Framtidige busettingsønskje. Prosent.</i>	92
Figur 8.2	<i>Kvinnetypar og framtidig busetjing. Elevar.</i>	93
Figur 8.3	<i>Kvinnetypar studentane etter busetjing. Prosent</i>	93
Figur 8.4	<i>Bustadsval etter kvinnetypar, heile utvalet. Prosent.</i>	94

# Samandrag

*Sigrid Skålnes*

## **Distriktskvinnescenarier 2010**

På leit etter ei framtid

Sammarbeidsrapport NIBR/Høgskolen i Finnmark (HIF)

Prosjektet "Distriktskvinnescenarier 2010" er eit prosjekt som omhandlar framtidsmulighetar i norske distriktskommunar, og framtidsplanar for unge distriktskvinner. Denne rapporten fokuserer på unge distriktskvinner og deira framtidssønskje. Det er unge kvinner – og ein del unge menn – frå ulike kantar av landet som fortel om sine planar for livet. Ungdommane kjem frå ulike typar distriktskommunar, og er frå to aldersgrupper, 17 – 18 –åringar, og 20 –25-åringar. Ungdommane går på vidaregåande skule, eller studerer ved høgskular og universitet, og i har valt ut utdannings- og studiestader slik at dei representerer tre ulike kommunetypar; landsbygdkommunar, bygdebykommunar og distriktsbykommunar. Måten vi har samla inn data på er gjennom stilskrivning, der i underkant 150 jenter og gutar skreiv stil, og spørjeundesøking, der vel 220 unge kvinner deltok.

Biletet av det gode livet slik unge kvinner frå distriktskommunane ser det i dag er eit bilete med mange fasettar. Det finst ikkje ein type distriktskvinner, eller eit likt ønskje for framtida. Distriktskvinner har ulike ønskje om utdanning og yrke, om familie og fritid, og om kor dei ønskjer å bu i framtida. I rapporten tok vi utgangspunkt i tre ideologiske kvinnetypar, Moderna, Konserva og Alterna, og leita etter desse i materialet vi fekk inn. Vi ønskte å sjå korleis unge kvinner planlegg eige liv og framtid, kva slags kvinneideologi som dannar rammer for denne planlegginga, og kva slags busetjingsimplikasjonar unge kvinner sine val har. Vi spurde altså om dagens rådande kvinneideologiar fører til at unge kvinner planlegg eit liv i distriktsområde, eller eit liv i storbyen?

Vi fann dei tre kvinnetypane, der Konserva og Moderna utgjer ei om lag like stor gruppe, og saman med blandingsgruppa Moderna/Konserva utgjer desse tre gruppene vel 90 prosent av utvalet. Den vesle gruppa som er igjen er Alterna.

Moderna er i fleirtal blant dei unge kvinnene som studerer økonomisk administrative fag, reiseliv, naturfag, hotelladministrasjon, eller ho tek hovudfag på universitetet – innanfor pedagogikk, samfunnsfag, jus og andre fag, eller planlegg å bli arkitekt, psykolog, revisor eller marknadsøkonom. For Moderna er utdanning utover vidaregåande skule sjølvsgagt, og eit yrkesliv med eit arbeid som er utfordrande og interessant like sjølvsgagt. Moderna vel ikkje utdanning ut frå at yrket er lett å tilpassa eit familieliv med hovudansvaret for ungane, eller ut frå at utdanningstilbodet finst på heimstaden, eller der kjærasten bur. Ho vel den utdanninga ho meiner best kan gje henne den yrkeskarrieren ho ønskjer. Moderna med kortare utdanning blir gjerne kokk eller kjøkkensjef. Om vi møter Moderna igjen om ti år, er det lagt frå sikkert at ho har familie. Ho har gjerne mann eller sambuar, men ikkje barn. Ikkje slik at ho planlegg eit liv utan barn, men å bli mor kan gjerne venta til ho er fylt 30 år. Moderna vel ikkje bort noko, ho vil ha alt, og klara alt; heiltids karriereyrke,

ungar, eit aktivt liv. I fritida vil ho ha mulighet til å dyrka ulike kultur- og aktivitetstilbod, sjølv om jobben gjer at ho ikkje har tid til det. Mulighetar – både i arbeidet og i fritida – er likevel viktig for Moderna, og det er vurderinga av kor mulighetane er best som avgjer kor ho slår seg ned. Fin natur og familie heime er ikkje nok til at heimstaden blir eit reelt busettingsalternativ for henne, mulighet for ein jobb ho kan gjera karriere i, eller som er spennande, er langt meir avgjerande når ho avgjer kor ho vil bu i framtida. Så når Moderna planlegg kor ho vil bu, så er det distriktsbyen og storbyen som er dei mest aktuelle alternativa.

Konserva finn vi innanfor fleire utdanningsretningar, men ho er sjeldan å finna innanfor økonomisk administrative fag, ho er sjeldan å finna på eit hovudfagsstudium. Derimot finn vi mange Konserva innanfor barnevernsutdanninga, sosionomutdanninga, førskulelæruddanninga, og spesielt innanfor lærarutdanninga. Halvparten av kvinnene i utvalet vårt som planlegg å bli lærarar er kvinner som kan karakteriserast som Konserva. Når Konserva fortel kvifor ho vel den utdanningsretninga ho gjer, så er det gjerne fordi yrket kan tilpassast familie og småbarn, og fordi ho kan gjennomføra utdanninga på eller nær heimstaden. Konserva si vektlegging på tradisjonelle kvinneyrke – ofte låglønssyrke -, og deltidsarbeid, inneber ikkje utan vidare at Konserva planlegg eit liv med mindre forbruk enn kva Moderna, med betre betalt fulltidsarbeid, gjer. Konsum er også ein del av Konserva sin livsstil, og dette konsumet kan oppretthaldast ved hjelp av ein solid familieøkonomi. Innanfor denne økonomien er ektefellen/sambuaren sitt bidrag rimeleg stort, til gjengjeld er ikkje innsatsen hans ovanfor heim og ungar vidare omfattande. I Konserva sin kvinneideologi er arbeidsdelinga mellom mann og kvinne tradisjonell, mannen har høgstatusyrke med god lønn og arbeider mykje. Det er det gamle tradisjonelle kjønnsarbeidsdelinga desse unge kvinnene sluttar seg til, og ønskjer å vera ein del av. Konserva treng ikkje vera husmor på heiltid, ho har gjerne ei utdanning og eit yrke, men ho har, og ønskjer å ha, hovudansvaret for ungar og arbeidet i heimen. Tredjeparten av dei unge kvinnene i utvalet vårt sluttar seg til denne kvinneideologien. Slik Konserva planlegg har ho om ti år mann og barn, gjerne to, og svært mange av dei jobbar deltid. Fritida brukar ho i første rekkje saman med barna, men ho er også saman med venninner, trenar eller går tur. Konserva buset seg gjerne også i ein by, og då ein storby eller ein distriktsby. Men langt frå så stor del av Konserva, som av Moderna, vel byen. Rundt halvparten av Konserva-kvinnene seier at deira busetjingspreferanse går i retning distriktsbyen og storbyen, ein tredjedel av dei seier at dei om ti år bur i ein bygdeby- eller ein landsbykommune. Konserva legg vekt på trygge oppvekstvilkår for barn, og på nærhet til familie. Mulighet for jobb betyr også mykje, men ho vektlegg ikkje at den treng vera ein karrierejobb med gode utviklingsmulighetar. Men Konserva vel ikkje nødvendigvis kor ho skal bu, ho vel gjerne mann før buplass, og det er gjerne mannen sitt yrkesval som bestemmer kor flyttelasset går og kva som blir fast adresse. Så sjølv om Konserva vektlegg fleire kvalitetar som kjenneteiknar mange distriktskommunar, så er ikkje Konserva utan vidare "eit sikkert kort" for desse kommunane. Konserva er tilpassingsdyktig, og let mannen sine yrkesambisjonar bestemma retning for bustadval.

Alternativa er den minste gruppa blant dagens unge distriktskvinner. Ho blir lærar, reiselivskandidat, sosionom, museumsstyrar, fotsoneterapeut, kunsthandverkar eller sosiolog. Utdanningsmønsteret hennar er verken som Moderna eller Konserva sitt, Alternativa kan ha langvarig eller kort utdanning, praktisk eller teoretisk utdanning. Det ho understrekar er ikkje jobbkarriere, men mulighet til å realisera eit godt liv også ved hjelp av jobben, men utan at jobben blir styrande, og utan at familielivet blir overordna yrkeslivet. For Alternativa er det viktig at miljøet ho slår seg ned i er så romsleg nok til å godta hennar val, også det at ho kan gå på tvers av gjengse val for kvinner. At ho ikkje heilt veit kor ho vil slå seg ned, blir understreka at prosentvis langt fleire Alternativa enn dei to andre kvinnetypene seier



dei ikkje veit kor dei bur om ti år. Nærare halvparten av dei seier dei bur i ein landsbygd- eller bygdebykommune, godt og vel ein fjerdedel av dei seier dei bur i ein distriktsby- eller storbykommune. Men i om med at Alterna-gruppa er svært lita i forhold til dei andre gruppene, så vil tala her monna lite for folketalsutviklinga i landsbygd- og bygdebykommunane.

Som distriktsjentene finn vi og ulike typar blant distriktsgutane. Det er dei som har jobb og karriere som overordna i livet, dei som sidestiller familie og ungar med jobb og karriere, og dei som set oppleving og utfordring – og då først og fremst gjennom jobben, først. Den førstnemnde gruppa, dei karriereorienterte, skil seg frå den siste ved å vektleggja karriere- og utviklingsmuligheter i framtidig jobb, noko som også ofte inneber ei vektlegging av økonomi og inntekt. Den sistnemnde gruppa, dei opplevingsorienterte – eller eventyrrarane – vektlegg opplevingsaspektet i jobben framfor noko anna. Dei er ikkje opptekne av karriere åleine, det dei trekkjer fram som viktig er fridom til å kunna oppleva ting som ein vanleg kvardag ikkje byr på. Slike oppleving kan like gjerne finnast i livet som sirkusartist som i eit liv som frilansfotograf med heile verda som arbeidsplass. Men det synest lite sannsynleg at slike opplevingar finst på kontoret til aksjemeklarer eller tannlegen. Den tredje gruppa kallar vi for likestillingsorienterte unge menn. Det gjer vi fordi dei likestiller fleire prosjekt når dei skriv om eigne livsvisjonar; det er ikkje anten karriere eller oppleving som er overordna, og det er heller ikkje familie åleine som er overordna – ingen gutar overordnar familien i sitt livsprosjekt, men desse gutane sideordnar eller jamstiller det med jobb og karriere og det å ha familie og kunna ha tid til å delta i familielivet. Likestilling med omsyn til familielivet inneber ikkje at unge menn tenkjer seg ei framtid som familiefar på heiltid, eller som heimeverande, jobb er ein sjølvsgt del av livsprosjektet. Men at familie og barn krev innsats i form av tid og oppmerksomhet, og til tider krev mindre innsats på jobben, synest sjølvsgt for denne gruppa. Ingen av dei skriv om ektefellar eller sambuarar som nokon som tek heile ansvaret for barn og husarbeid.

Både unge distriktskvinner og unge distriktsmenn stiller krav til framtidig bukommune. Og då held det ikkje med det som dei oppfattar som gode sider ved heimkommunen; fin natur, trygt og godt oppvekstmiljø og nærhet til familien. Jobbmuligheter og kulturtilbod er viktigare enn fin natur og slekt i bygda. Det som vidare kan lesast som ei melding til norske distriktskommunar frå desse ungdommane, er at kommunane ikkje berre kan satsa på ei av desse gruppene, dei må satsa på alle. Og skal ein tiltrekkja seg både Moderna, Konserva og Alterna, held det ikkje med å satsa tradisjonelt, og meina at det held med eit godt utbygt barnehagetilbod. Unge distriktskvinner i dag krev rett nok trygge og gode oppvekstvilkår for framtidige barn, men dei krev og spennande jobbmuligheter, variert og mangfaldig kulturliv, og eit romsleg miljø som gjev høve til å vera den ein ønskjer å vera utan å at omtalen av eins eigne val og aktivitetar meir er baktaling enn ærleg omsorg. Slik handlar det å vera attraktive kommunar for unge kvinner om å gje armslag for desse kvinnene og deira ønskje og val, og det handlar om å ta inn over seg at alle kvinner ikkje har samme ønskje og samme prioriteringar.

---

# Summary

*Sigrid Skålnes:*

## **Scenarios for rural women 2010**

Looking for a future

Joint Working Paper 2001 NIBR/HIF

### **Looking for a future**

The project “Scenarios for rural women 2010” deals with future potentialities and prospects for rural municipalities in Norway and the type of plans being laid for the future by the young women of these municipalities. The report focuses on these young rural women and their hopes for the future. Young women – and some young men – from various places in the country talk about the plans they have been making for their lives. They come from different types of rural communities and belong to two age-groups, 17–18 and 20–25. They are pursuing either secondary or higher education (college/university). We deliberately singled out places with educational facilities so as to embrace three different categories of municipality: peripheral municipalities, townships and regional urban centres. Data collection was as follows: nearly 150 girls and boys wrote an essay on their hopes and aspirations, and about 220 young women filled out a questionnaire.

### **A good life for the rural young?**

A good life as conceived by these young country women is multifaceted. There is no single type of rural woman to which they all correspond, or one idea of the future to which they all subscribe. The wishes of rural women concerning education and jobs, family and leisure, and where they want to live all vary. We set out with three women typologies which we called Modern (Mods), Conservative (Cons) and Alternative (Alts), and tried to see if we could recognise them in the material we gathered. We wanted to see how young women see their futures and plan their lives, the type of ideology underlying these plans, and the demographic/residential implications their residential preferences might imply. What we were asking was whether currently prevailing ideologies concerning women result in their planning to live their lives in the country or in the city.

We found our three women typologies; the Cons and the Mods are almost equally large, and together with the mixed category Mods/Alts, they represent about 90 per cent of the whole sample. The small remaining group consists of the Alts.

The Mods are in the majority among young women studying economy/management, tourism, biology, hotel management, or university subjects such as pedagogics, social sciences, law etc., or are planning to be architects, psychologists, accountants or market economists. The Mods consider higher education an absolute must, as they do a challenging and interesting job. The Mods do not choose a particular course of education because the resulting job will be easy to combine with family life and main responsibility for children, or because the courses on offer are close to their current home or that of their

boyfriend. She chooses an education she feels will prepare her as well as possible for the career she wants to pursue. Mods with shorter-term education often become chefs or cooks. If we were to meet the Mods again in ten years, it is far from certain that they would have a family. She wants a husband or partner, but not children. It's not that she's planning for a life without children, but motherhood can wait until she's thirty. The Mods don't want to sacrifice anything, they want everything, and to manage everything: full-time career, children, an active life. They want to explore different cultures in their time off, and activities too, even though the job might not leave much time for that sort of thing. Prospects and opportunities – at work and play – are nevertheless important to the Mods, and the decisive factor in their choice of where to settle is where they believe they will have the best prospects. Nice countrified surroundings and the family close at hand are not enough to keep Mods in their rural township or village; the possibility of a job they can make a career of, or which offers excitement, is much more important for where they want to live in the future. So when the Mods make plans about where they would prefer to settle, it's the regional centre or the city that tend to come up trumps.

We find the Cons following a wide range of educational paths, but they are seldom found studying economy/management or for university degrees. What Cons do tend to study is child care work, social work, pre-school teaching, or teaching in general (particularly the latter). Half of the women in the sample intending to become teachers can be said to belong to the Cons. When a Con talks about her reasons for choosing a given educational path, she tends to stress the possibility of combining job, family and children, and because she can go to a school or college near her home. The bias towards traditional women's jobs – often low-paid and part-time jobs – we found among the Cons does not necessarily imply that they intend living a life consuming less than their Mod sisters with better paid jobs say they're aiming for. Consumption is also a component in the life style of the Cons, and this consumption needs to be underpinned by a robust family economy. The husband's or partner's contribution to this economic resource base is relatively substantial – though it is not equally substantial in relation to housework or children. According to the ideology espoused by the Cons, there is a traditional division of labour between men and women: the man has a high-status and well-paid job, and he works hard. It is the old, traditional division of labour these young women champion, and want to be a part of. The Cons do not need to be full-time housewives; they may well have an education and a career, but they have, and want to keep, the main responsibility for the children and housework. A third of the young women in our sample associate themselves with this ideological position.

According to the plans they laid out, these women will have a husband and children ten years hence, and many of them will be working part-time. When not at work they'll mainly spend time together with their children, but also with girlfriends, practicing or going for walks. The Cons also want to live in urban surroundings, preferably a city or regional centre, but not as much as the Mods by a long chalk. About half of the Cons say that they would prefer to live in a regional centre or city, and a third say that in ten years they'll be living in a rural township or village. They emphasise the importance of a good environment for their children to grow up in, and proximity to relations. The possibility of work also plays a large role, but she does not place great weight on pursuing a career which gives her possibilities for self-development. But the Cons often postpone making choices about where they want to live. Of greater importance is choosing a husband or partner, and it is generally the man's job which decides where the removal van will be heading. So even though the Cons value several aspects of rural life, they should not be viewed as a "safe bet" for rural municipalities. The Cons are flexible, and let their men's career ambitions decide where they'll be settling.

The Alts are the smallest group among the young rural women. Their choice of career lies in teaching, tourism, social work, museum management, reflexology, arts and crafts and sociology. Their educational pattern resembles neither that of the Mods nor the Cons. The Alts may have a long or short education, practical or theoretical. What they emphasise is not a career, but having a job that allows them lead a good life, though without work controlling their every move, and without family life prevailing over work. What is important to the Alts is that the environment they choose is open-minded enough to accept their life style, even though they may not emulate women's traditional ways of living. Their uncertainty regarding where they want to live is confirmed by the proportionally larger number of Alts who say that they don't know where they'll be living in ten years compared to the more decided Mods and Cons. About half say they'll be settled in a village or township, and over a quarter say they they'll be living in a regional centre or city. But because the Alts make up such a small group overall, their ambitions and desires will not have much of a demographic effect in rural municipalities.

We find as much variation among the rural boys as among the girls, of course. Some put work and career before all else in life, some give equal importance to work and family, while some want excitement and challenges – primarily through their work. The first of these groupings, what we call the careerists, depart from the others by emphasising the value they put on career prospects and the opportunity for self-development in a future work situation, something which also often entails an emphasis on economy and income. The third group, the excitement-seekers – or adventurers – rank the job excitement and challenge highest. They are not only interested in their careers, but they do underline the importance of freedom to experience things a normal workday generally does not tend to offer. The type of excitement they are after seems to be found as much in a life as a circus artist as in that of a freelance photographer working all over the world. This type of excitement seems considerably less likely, they feel, in a stockbroker's office or a dentist's surgery.

We call the third group the equality-orientated young men because they equate several projects in their writings on their aspirations for life. Neither career nor thrills dominates, nor does the family – no boys give family life a top ranking – but they do equate work and career with family and having time to take a share in family life. But this equality with regard to the family does not mean that the young men imagine a future as a family father on a full-time basis or as a house father: work is an obvious element of their life projects. But family and children require demand time and attention, and, at times, less time and attention than their work, is also an undisputed reality for this group. None of them write of spouses or partners as people expected to take on the whole responsibility for children and housework.

Both the young women and the young men in our sample say that wherever they settle in the future, it must fulfil certain criteria. And what they consider to be the favourable aspects of their home municipality – nice country surroundings, a safe and good environment for children to grow up in, and proximity to family and relations – will simply not suffice in this respect. Job prospects and cultural activities are more important than closeness to the countryside and relatives in the village. One can read in the writings of these youngsters a message to Norwegian rural municipalities saying that it is no good for municipalities to plan for just one of these groups, they have to plan for all of them. If they want to attract the Mods, Cons and Alts, it won't be enough with the traditional schemes in the belief that sufficient day care places for small children will do the trick. It is true that young rural women demand today a safe and good environment for their children, but they also demand exciting jobs, varied cultural activities, and an open-minded climate that gives them the chance to be whoever they want to be without gossip

prevailing over from honest concern. So if the municipalities want to attract these young women, they'll have to create the opportunities for them to pursue their interests and choices; it also means recognising that women do not necessarily share the same wishes or the priorities.

# 1 Å finna framtidsvisjonar hos distriktsungdom – metodisk utgangspunkt og gjennomføring av eit prosjekt

Denne rapporten er ein presentasjon av ungdom sine framtidsplanar. Det er unge kvinner – og unge menn – frå ulike kantar av landet som fortel om sine planar for livet. Ungdommane kjem frå ulike typar distriktskommunar, og er frå to aldersgrupper, 17 – 18 – åringar, og 20 –25-åringar. Alle ungdommane er under utdanning, dei går på vidaregåande skule, eller studerer ved høgskular og universitet. Vi har valt ut utdannings- og studiestader slik at dei representerer tre ulike kommunetypar; landsbygdkommunar, bygdebykommunar og distriktsbykommunar.<sup>1</sup>

Rapporten er ein del av prosjektet ”Distriktskvinnescenarier 2010”, og er laga på oppdrag av Kommunal- og regionaldepartementet. I dette kapitlet vil vi presentera korleis vi har gått fram i arbeidet med prosjektet, og kva avgrensingar vala våre i desse samanhengane medfører. I resten av rapporten vil vi presentera resultatata, kva slags ønskje distriktsungdommar har for framtida si og kva følgjer desse har for busetting og dermed for distriktskommunar si framtid.

## 1.1 Å setja ord på draumar

Å skriva om framtida er vanskeleg, i alle fall om vi ikkje let draumar og fantasiar overta. Når vi tenkjer på, snakkar om eller skriv om framtida, så vil det og dreia seg om tru, von, forventning og draum, der notida er utgangspunkt, og der vi har meir eller mindre klare mål og ønskje. Eller det kan vera redsle, risiko, uvisse for kva framtida kan føra til. Planane for framtida vil alltid vera knytte til større eller mindre uvisse, med fare for omvegar, eller endring av retning og mål. Vi veit lite om korleis vi kjem til å ha det om to år, eller om ti år, i alle fall så lenge vi ikkje slepp fantasien heilt fri. Vi kan ikkje vita, men vi kan vona, og vi kan forhalda oss til framtida som noko som er til stades i notida, som tematisering av notida. Det er det vi opplever no, og kjenner no, som vil vera utgangspunkt for korleis vi tenkjer oss eige liv om ti år. Så når vi ber ungdommar skriva om framtida si, eller svara på spørsmål om framtidsplanar, så står vi i alle fall overfor to store utfordringar; er svara dei gjev oss verkeleg uttrykk for deira innerste ønskje, gjev dei oss planane sine, eller er teksten ei forteljing laga for dette høvet, for våre spørsmål? Og for det andre, kva føresetnader og mulighetar har ungdommane for å følgja opp planane sine? Det er med andre ord data som det er knytta stor usikkerhet til vi har å gjera

---

<sup>1</sup> For ei inndeling av kommunane, sjå Fredriksen 2001.

med. Usikkerhet er dobbel, ved at den er knytta både til informantane sin informasjon og tekst til oss, og den er knytta til våre tolking av empirien. Tolkinga av slike tekstar krev både refleksjon og gjennomteking av metoden som er vald, og at vi får fram at det ikkje eksisterer sjølvsagte, enkle og udiskutable reglar eller prosedyrar for tolkinga (Giddens 1976). Tolkinga vår vil omfatta ei bedømming, og den vil krevja intuisjon og evne til å "sjå og peika på noko", og merksemd mot ein meir eller mindre uuttalt dialog – med undersøkingsobjektet, med sider av seg sjølv, som ikkje er forskansa bak ein forskarposisjon, og med lesaren (Alvesson og Sköldberg 1994:324). Slik vil forskinga i realiteten gli meir eller mindre medvite mellom fleire nivå; empirihandtering, tolking, kritisk tolking og språk-/autoritetsrefleksjonar. Vi kjem tilbake til dette, etter at vi har presentert korleis vi gjekk fram i datainnsamlinga.

Prosjektet har to ulike datakjelder, stilar og spørjeskjema. Dette er to ulike måtar for datainnsamling, og gjev ulikt empirisk materiale. Det er også ulike metodiske utfordringar knytt til dei. I begge tilfelle har vi likevel samme mål, å få tak i ungdommane sine eigne framtidsplanar.

### 1.1.1 Stilprosjektet

I stilprosjektet ba vi ungdommar i vidaregåande skule om å skriva om framtida si slik dei tenkjer seg den, og slik dei planlegg sitt eige liv i framtida. Skrivninga var ut frå ein tekst vi hadde utforma i samarbeid med norsklærarane deira. Elevane skulle halda seg innanfor ei ramma, utan oppfølgjande spørsmål frå oss. Vi overlet med andre ord mykje til dei som skreiv, gav dei høve til å utforma teksten utan at vi kunne følgja opp lause trådar, eller få avklara ting som var uklare. Vi hadde likevel sett ei ramme for kva oppgåva skulle dreia seg om. Og teksten skulle svara på den oppgåva, både for oss, men og for læraren med "sanksjonsmuligheter" som ligg i det å setja karakter. Vi hadde ingen slike, sjølv om vi lova cdar og discman til gode svar, låg det inga karaktersetning eller innverknad på resultat gjennom å skriva ei god eller ei dårleg oppgåve til oss. Og vår møte å bedømme ved hjelp av premiar, var heller ikkje utan vidare ut frå samme kriterier som lærarane sine.

Å skriva om sitt eige liv, sine eigne draumar og visjonar blir i metodeliteraturen kalla for ein autobiografisk tradisjon (Gullestad 1991).<sup>2</sup> Sjølvfortolking er sentralt i denne tradisjonen. Det er ho eller han som fortel, eller skriv, som tolkar seg sjølv og sitt liv, som skaper mening til teksten. Dei unge jentene og gutane skriv stilar om seg sjølve og sine livsprosjekt. På den andre sida sit vi, som tolkar og analyserer teksten, og som les mening ut frå teksten. Stilskriving kan vi sjå som ein dialog mellom fleire partar, ho eller han som skriv, og skal svara på teksten vår, slik den er formulert, vi som les, og som den tredje parten; læraren som skal evaluera teksten. Slik kan ikkje teksten sjåast som fri og ubunden fabulering, men som tenking framover som er styrt av våre spørsmål, og kanskje også av tankar på karakteren læraren vil setja på oppgåva.

Berre i mindre grad skulle ungdommane skriva om notida, om seg sjølve i dag. Det var framtida vi la vekt på, korleis vil den sjå ut for dei som i dag er 18 åringer når dei om ti år nærmar seg tretti års alderen? Vil ei slik oppgåve opna meir for grenselaus fantasi enn for meir kvardagsleg sjølvanalyse, og vil ungdommane skriva om eigne framtidstankar? Eller sagt med andre ord; korleis få data på planar, draumar og ønskje? Spørsmålet er og eit

<sup>2</sup> Gullestad, Marianne (1991): "The moral Dilemma between Sticking to the Family and Standing out. A Scandinavian Life Story", in: Eduardo Archetti (ed): *Antropology and the Multiplicity of Writing*, Oxford: Oxford University Press

spørsmål om ungdom tenkjer på framtida, om dei planlegg, har ønskje og draumar for korleis framtida skal bli. Og gjev dei uttrykk for dette om vi spør?

Gjennom stilteksten spurde vi. Og ungdommane svarte, og skreiv om tankar og planar, om draumar og ønskje, om framtida si slik dei vonar den blir. Få var utflytande, svært få, og berre gutar. Vi spurte ungdommar på seks vidaregåande skular rundt om i Norge om å skriva om seg sjølv i 2010, om kva og kven dei er og gjer på då, korleis dei lever og bur og kvar i verda dei er.

Tabell 1.1 *Stilar fordelt skulevis*

	Jenter	Gutar	SUM
Storhamar	22	12	34
Hamar	24	7	31
Øyrane	5	6	11
Hafstad	16	13	29
Sjøvegan	9	8	17
Alta	10	10	20
SUM	86	56	142

142 ungdommar svarte, 86 jenter og 56 gutar, dei fleste i alderen 17-18 år. Ungdommane gjekk tredje eller andre året på vidaregåande skule, anten på allmennfagleg eller yrkesretta studieretning. Storhamar vidaregåande skule og Hamar katedralskule er begge på Hamar i Hedmark fylke, Øyrane vidaregåande skule og Hafstad vidaregåande skule er i Førde i Sogn og Fjordane, medan Sjøvegan vidaregåande skule er på Sjøvegan, i Salangen kommune. Storhamar er ein yrkesretta vidaregåande skule, det er også Øyrane vidaregåande skule. Alta vidaregåande skule er i Alta, i Finnmark fylke.

Utdanningsretningane som er representerte i våre stilar er både retta mot mekaniske fag, kokkeutdanning, servitørutdanning og mot omsorgsfag, i tillegg til allmennfagleg utdanningsretning. Sjøvegan vidaregåande skule omfattar både allmennfagleg og yrkesretta vidaregåande utdanning. Hamar katedralskule og Hafstad vidaregåande skule har allmennretta vidaregåande utdanning, det same har Alta vidaregåande skule. Sjøvegan vidaregåande skule i Salangen kommune blei valt fordi Salangen er ein landsbygd-kommune, Førde representerer bygdebykommunane og Hamar distriktsbykommunane.

Det teoretiske utgangspunktet vårt for å velja ulike utdanningsretningar, både på vidaregåande skule og utdanningane etter vidaregåande skule, var ei oppfatning av at kva ein meiner og kva som betyr noko for ein, er noko som blir skapt gjennom praksis. Slik vil val av teoretisk eller praktisk studieretning verka inn på meinings- og betydningsssystemet, og ha stor analytisk betydning. Vi forventar med andre ord ulike val og ulike livsprosjekt ut frå kva utdanningsval jentene – og gutane – har valt. Slik blei det at vi ved utval av skuleklasser la større vekt på strategiske omsyn, enn å få eit representativt utval, fordi målsetjingane er å fange inn ungdomsgrupper som sannsynlegvis vil velja ulike karrierebanar i framtida. Vidare har vi vald vidaregåande klassar framføre yngre aldersgrupper, dette er også ut frå strategiske omsyn. Vidaregåande utdanning er det høgaste lokale utdanningstilbodet mange stader. Ungdommar i den aldersgruppa vi vel har gjort, eller står overfor val mellom å halda fram skulegang eller gå ut i arbeid, og om dei vil bu på staden eller flytta ut. Det er med andre ord unge som står overfor eit val, anten det omfattar både vidare utdanningsretning, arbeid og yrke eller flytting, eller berre eit av desse forholda. Det er desse vala, og tankane om framtida vi bad ungdommane skriva om.



I praksis har vi gått slik fram: Hausten 1999 kontakta vi<sup>3</sup> Sjøvegan vidaregåande skule, og hadde møte med fleire av norsklærarane der. Grunnen til at vi valde Sjøvegan vidaregåande skule er at Salangen er ein av tre utvalskommunar for prosjektet vårt.<sup>4</sup> Same hausten var vi der på reise i samband med prosjektet, der vi gjennomførte to framtidswerkstadar, det eine retta mot ungdom, og der vi blei presenterte for kommunen. Næringskonsulenten hadde lagt opp eige program for oss, eit program som også omfatta møte med vidaregåande skule. Frå skulen si side var det store interesse og velvilje for prosjektet, og det såg ei tid ut til at alle avgangselevane på skulen kom til å delta i prosjektet. No gjekk det ikkje heilt slikt, og skulen blei dårlegast representert av skulane våre. Skulane i Førde og på Hamar blei kontakta via brev og telefon hausten 1999, og på alle skulane var det stor velvilje og interesse for prosjektet, og for deltaking i prosjektet. I etterkant måtte vi også be ein skuleklasse ved Alta vidaregåande skule om å delta, sidan vi mangla stilar frå Nord-Norge.<sup>5</sup> Det var ingen som sa nei til deltaking, men ei datainnsamlingsmetode som dette krev tid. Det tek tid å komma i kontakt med dei eller den rette personen ved dei ulike skulane, og sidan vi ikkje hadde ressursar til å besøkje skulane på Hamar og i Førde, måtte kontakten opprettast via brev, telefon og etterkvart også via e-post. Vidare skal stiloppgåva diskuterast, og den skal innpassast i årsplanane for dei klassane som skal delta. Det er eit visst tal heimestilar og eit visst tal skulestilar som høyrer med i ein slik plan, sameleis er det med stilar på hovudmålet og sidemålet. Slik har vi med både heimestilar og skulestilar, og stilar skrivne både på hovudmålet og sidemålet. På ein skule – Hafstad vidaregåande skule – er oppgåva skriven i tilknytning til ei prosjektoppgåve kalla ”Halve verda bur i by”.

Stilteksten blei diskutert med fleire av lærarane, og blei til slutt slik:

Tenk deg at vi er i år 2010 og du skal skriva eit brev og fortelja om deg sjølv til ei/ein som ikkje kjenner deg og staden der du bur. Skriv om korleis du har det, om skule, arbeid, fritid, familie og venner. Kor trur du at du bur, og kvifor bur du nettopp der du bur? Fortel og om korleis du hadde det, kva du gjorde og kor du budde ti år tidlegare – i år 2000, og kva som har ført fram til situasjonen din i 2010. Kva er det du likar eller mislikar ved livet ditt og staden der du bur i 2010, kva var det du likte eller mislikte ved livet ditt og staden der du budde i år 2000?

Teksten ovanfor er lang, og inneheld mange spørsmål. Men vi fekk råd frå norsklærarar om at teksten ville fungera, og erfaringa med stilane viser at dei hadde rett. Grunnen til at vi valde såpass lang tekst var at vi ville få elevane til å skriva om ulike sider av framtida, både om skule, arbeid, fritid, familie, venner og kor dei kan tenkja seg å bu om ti år. Vi ville med andre ord få eit bilete av kva slags livsprosjekt ungdommane planlegg.

Seks skular deltok i stilprosjektet, her er det langt fleire klassar som deltek. Og for fem av skulane var det slik at oppgåva var ei av fleire andre oppgåver i stilsettet, slik at det var ikkje obligatorisk å skriva denne, elevane valde sjølv oppgåva. For den eine klassen ved Alta vidaregåande skule som deltok var oppgåva einaste oppgåva som vart gjeven, og alle elevane i klassen skreiv oppgåva. Klassen i Alta var ein andreklasse, fordi vi då var komen så langt ut på våren 2000 at det var for seint til at tredjeklassen kunne delta.

<sup>3</sup> ”Vi” er i denne samanhengen Sissel Fredriksen ved Høgskulen i Finnmark og underteikna.

<sup>4</sup> Dette er det gjort nærare greie for i Sissel Fredriksen sin rapport frå prosjektet.

<sup>5</sup> Vi skulle eigentleg hatt fleire stilar frå ein landsbygdkommune i Nord-Norge, men ressursomsyn og tidsmangel gjorde at vi måtte velja det enklaste, stilar frå Alta. Fleire av desse stilane er likevel skrivne av ungdom frå landsbygdkommunar, og ikkje frå bygdebyen Alta, fordi Alta er ein skulestad som trekkjer til seg ungdommar frå mange kommunar i Finnmark.

Erfaringane våre med å gjennomføra ei datainnsamling som stilskriving er svært positive. Vi vart møtt med stor velvilje og interesse på alle skulane vi kontakta, og som er med som deltakarar i prosjektet. Vi opplevde og å få gode, omfattande og utfyllande stilar, som svara på det vi spurde om. At det likevel tok tid å gjennomføra innsamlinga, har med å gjera at stilskrivinga skulle tilpassast dei daglege planane for både lærarane og skuleelevane.

### 1.1.2 Spørjeundersøkinga

Den andre datakjelda vi har er ei spørjeundersøking som er retta mot ungdommar som er litt eldre enn dei på vidaregåande skule. Her har vi gjort eit strategisk utval, ved at vi ville ha med studentar frå ulike distriktskommunar i fleire landsdelar, og ved at vi vektla ulike utdanningar. Dei fleste som har svart er i alderen 20-25, men det finst og dei som er eldre, opp til litt over 40 år. Det finst og nokre få som er under 20 år. 226 studentar har svart her, og i dette utvalet er det berre jenter. Stort sett omfatta skjemaet lukka spørsmål, og gav ikkje samme mulighetar for å uttrykkje egne tankar og planar som stilane, men sette krav om vurdering av påstandar om seg sjølv og sin situasjon i framtida.

Spørjeundersøkinga gjekk ut til studentar i Alta, Hammerfest, Tromsø, Sogndal, Elverum og Hamar. Ved å velja ulike utdanningsstader ivaretek vi den geografiske spreinga, samstundes som vi og rekna det som sannsynleg at vi ville møte studentar frå lokalområdet. Dette viste seg å stemma. 226 studentar har svart. Vi har studentar frå ulike fag- eller profesjonsutdanningar; frå reiselivsutdanning, it-utdanning, økonomisk-administrative fag, frå lærarutdanning, førskulelærerutdanning, barnevernspedagog- og sosionomutdanning, og frå ulike universitetsfag som jus, statsvitskap, samfunnsfag, medisin, tannlegestudiet eller frå humanistiske fag ved universiteta. Universitetsstudentane vi har me er alle studentar ved Universitetet i Tromsø, dei andre studentane kjem frå høgskulane i Finnmark, Sogn og Fjordane og Hedmark.

Vi såg det ikkje som realistisk å gjennomføra eit stilskrivingsprosjekt blant studentar, og hadde heller ikkje ressursar til omfattande intervjuing, som kunne vore eit godt alternativ til stilskriving. Difor vart spørjeskjemaundersøking alternativet vi valde. Ei spørjeundersøking er ei anna datainnsamlingsform enn kva stilskriving er, den gjev mindre og færre mulighetar for at informanten kan uttrykka det ho vil og ønskjer, enn kva ein stiltekst vil gjera. Der stilskriving gjev høve til å uttrykka planar, ønskje og målsetjingar med egne ord, krev spørjeskjemaet at ein skal prioritera mellom alternativ, velja mellom påstandar. Kanskje kjenner ein seg ikkje like godt igjen i alle påstandane, kanskje opplever ein at ein blir tvinga til å velja mellom ulike alternativ, og der ingen av alternativa fullt ut uttrykkjer det ein sjølv helst ville sagt eller valt. Likevel var det svært få som gav uttrykk for at ingen av svaralternativa høvde for dei. Vi hadde også nokre få opne spørsmål, der det var høve til å svara utan å måtta velja våre alternativ. Likevel er det meir avgrensa mulighetar for å gje uttrykk for egne planar med egne ord i eit spørjeskjema enn i ein stiltekst, og dei to formene for datainnsamlinga gjev slik ikkje utan vidare identisk informasjon, sjølv om begge gjev omfattande kunnskap om unge kvinner og menn sine framtidsplanar.

Spørjeskjemaet er laga ut frå samme utgangspunkt som stilteksten; vi vil gjerne vita noko om framtidsplanar, om visjonar og ønskje for framtida. Og med framtida meiner vi både det som går på utdanning og yrkesliv, på familie og fritid, på samfunnsdeltaking, og på kor kvinnene tenkjer seg å bu i framtida. Slik spør vi om utdanning og framtidig arbeidsliv, der vi ber om at informantane tek stilling til ulike utsegner om kvifor dei har valt den utdanninga dei har valt, og om kva som er viktig med det arbeidslivet dei skal inn i. Vi spør og sameleis om fritid, med påstandar om korleis fritida vil sjå ut for kvinnene om ti år. Fritida omfattar også politisk deltaking, der vi har påstandar om deltaking i politisk

arbeid. Den tredje arenaen vi spør om er familielivet, der vi har ulike påstandar om korleis familielivet vil vera i år 2010 for dei som svarar, om dei vil leva eit tradisjonelt eller moderne familieliv, om karrieren vil vera overordna familieprosjektet, eller om familieliv ikkje er med i planlegginga. Og ikkje minst, kor skal yrkeslivet, familielivet, fritida levast, kor skal kvinnene bu, og kva styrer bustadvalet? Det er i hovudsak dette skjemaet dreiar seg om. I tillegg har vi nokre spørsmål om korleis dagens unge kvinner tenkjer om forhold som kan vera avgjerande for det livet dei ønskjer å leva; om dei synest det er viktig å planleggja framtida si, om det er viktig å tenkja over kva dei vil gjera med livet sitt, og om det er viktig å tenkja over kor dei vil busetja seg. Vi spør og litt om den som svarar, slik som alder, sivil status, om kvinnene har barn eller ikkje, kor dei budde størstedelen av barndommen, kor dei bur i dag, korleis dei vil karakterisera seg sjølve, om gode og dårlege sider ved heimkommunen, og om kor stort sannsyn det er for at dei vil busetja seg i, eller fortsetja å bu i heimkommunen etter endt yrkesutdanning. Vi spør og om kva som er det viktigaste som må til for å gjera ein stad til eit godt bustadsalternativ for kvinner, og kva som må til for å gjera heimkommunen til ein attraktiv stad å bu etter endt yrkesutdanning.

Spørjeundersøkinga vart gjennomført i tråd med Datatilsynet sine krav. Til gjennomføringa av undersøkinga har vi hatt god hjelp frå kollegaer ved høgskulane i Finnmark, Sogn og Fjordane og Hedmark. Fleire av desse medverka også som kommentatorar under utarbeidinga av skjemaet, og var med og prøvde ut skjemaet. I tillegg har ein student ved Universitetet i Tromsø delteke i innsamlinga. Utan denne hjelpa ville spørjeundersøkinga vorte langt meir ressurskrevjande, og meir tidkrevjande, enn den var.

## 1.2 Framtida – forteljing, formidling og gangbar kvalitet

Det vi gjer er å kombinera to ulike datakjelder, stilskrivning og spørjeundersøking. Korleis skal vi kunna bedømme pålitelegheiten i dataene vi har samla inn, og korleis har vi gått fram for å sikra oss pålitelege data? I slik empiri som dette prosjektet byggjer på er det knytta usikkerhet til empirien, vi veit ikkje om informantane gjev oss sine innerste ønskjer for framtida. Vi kan meir eller mindre gå ut frå at det ikkje er fantasi og eventyrlege draumar, vi kan samanlikna og finna mange likskapar mellom tekstane, og ut frå det kan vi tru at dette er materiale vi kan stola på. Men vi har ingen måtar å kontrollera pålitelegheiten i materialet fullt ut. Vi kunne, om vi hadde hatt ressursar til det, følgd opp stilprosjektet med personlege intervju, og slik truleg auka pålitelegheiten gjennom å konfrontera ungdommane med sine eigne tekstar. Det har vi ikkje kunna gjort. Det vi har gjort som ei vurdering av pålitelegheit, er knytta til tre forhold. For det første er det eit mønster i måten stilane er skrivne. Alle skreiv ut frå samme oppgåvetekst, der vi bad dei skriva om ulike sider ved framtida. Når vi les svara kan vi kategorisera stilane ut frå typar – kvinnetypar og mannstypar<sup>6</sup>, men vi kan ikkje seia at elevane frå til dømes Hamar løyser oppgåva på ein annan måte enn ei eller ein frå Førde eller Salangen. At stilskrivninga blir gjort på samme måte ulike stader i landet, til ulik tid og uavhengig av kvarandre, tek vi som ei styrking av pålitelegheiten ved datamaterialet. Eit anna forhold som også peikar på likskapar er det at framtidsplanane til elevane heller ikkje viser forskjellar mellom stadene, det er mykje større forskjellar mellom kva jenter og gutar i ein og samme klasse ønskjer seg for framtida, eller mellom elevane frå to ulike stader i Norge. Dette meiner vi også styrkar pålitelegheiten til materialet. Det tredje forholdet som styrkar pålitelegheiten er det at stilane og framtidsplanane tek utgangspunkt i notida, og

<sup>6</sup> Fredriksen, Sissel (1998): "Kvinner mot strømmen – ei kvinneideologisk dugnad", innlegg på "Møteplass Melbu", 15-17. juli 1998

det som er kjent no. Framtida er tematisert i forhold til notida, og det er svært få tekstar av meir fantasifull karakter, slike som handlar om stjernekrig eller det å ha gått seg vill inne i sin eigen kropp. Med eit par unnatak er tekstane det vi kan kalla realistiske, ønskje og planane er slike som det ikkje er urimeleg å tru kan gå i oppfyljing, gitt at utviklinga framover tilnærma følgjer dagens spor, og at ein sjølv har evne og vilje til å gjennomføra planane.

Eit anna forhold som gjer at eg set lit til stilane som uttrykk for framtidige livsplanar er at eg kjenner mange i klassen i Alta. I utgangspunktet ønskte eg ikkje at denne klassen skulle delta i prosjektet, sjølv om eg vart nøydd til å inkludera vidaregåande skule i Alta. Grunnen til det var nettopp nær kjennskap til elevar i klassen<sup>7</sup>, men eg kunne ikkje velja sjølv. No viste dette valet seg likevel å bli til ein fordel for prosjektet, fordi eg lettare kunne vurderer innhaldet og sannsynet for at elevane gjev uttrykk for sine planar i stilane, nettopp fordi eg kjenner mange av dei. Og når stilmaterialet i Alta ikkje skil seg frå stilane frå dei andre stadene i landet, ser eg på det som ei stadfesting av at dei som har delteke i prosjektet, har teke oppgåva alvorleg, og gjeve oss sine tankar og planar for framtida. Undervegs i prosjektet presenterte eg analyse og funn for klassen i Alta, og ei viktig tilbakemelding til meg var at jentene og gutane i klassen kjende seg godt igjen i kategoriseringa som er brukt i denne rapporten, og heller ikkje hadde vanskar med å kategorisera seg sjølve ut frå denne analysemodellen.

Stilskrivning kan sjåast som ei form for kvalitativ metode. I følgje Bertaux<sup>8</sup> så er kravet om "metning" viktig. I det ligg det at vi ikkje skal slutta å intervjuar før vi når eit punkt der auking i talet på intervju ikkje gjev auka forståing. Ved dette metningspunktet er det oppnådd intersubjektiv semje om det fenomenet som blir undersøkt. Kor mange intervju som skal gjerast blir slik avgjort av kor kompleks meningsstrukturen er. Kor mange stilar vi vil ha kan slik avgjerast av når metningspunktet er nådd, når nye og fleire stilar ikkje fortel om nye og andre livsplanar, ikkje gjev informasjon vi ikkje har fått før. I praksis var ikkje situasjonen så enkel for oss. På førehand valde vi ut vidaregåande skular og studieretningar ut frå representasjon og det det ville innebera, men vi visste ikkje kor mange som kom til å delta. Det er undervegs i lesinga og analysen svaret her har komme fram. Med tanke på at vi har å gjera med ei og samme aldersgruppe, sjølv om dei representerer ulike kommunar, så er i underkant av 150 stilar, i tillegg til godt over 200 spørjeskjema, i overkant av det som er både nødvendig og råd å overkomma i analysen.

Eit anna metodisk spørsmål dreiar seg om vi har belyst spørsmåla vi tar opp på ein tilstrekkeleg måte. Dette har vi søkt gjort gjennom utveljing av datarepresentasjon og informantar, og at informantane representerer ulike grupper og regionar, samtidig som vi prøver å få eit tilstrekkeleg tal med informantar, anten det gjeld dei som skriv stil eller dei som svarar på spørjeskjema. Gjennom utforminga av undersøkingane, både stilprosjektet og spørjeundersøkinga, har vi vektlagt relevans i forhold til det vi undersøker i prosjektet.

Neste leddet er opp til oss, til vår tolking av teksten, der vi spør kva det betyr, og der vi leitar etter mønster og svar. Vi bad ungdommane skriva om utdanning, arbeid, familie, fritid, framtidig bustad, og vi leitar etter tekst som fortel om dette. Men vi set også dette inn i ei ideologisk ramme og prøver om finna kva som meir eller mindre medvite er med for å setja grenser for val av framtid, kva slags, om nokon, sosiale mønster som blir produserte eller nydanna. Tolkinga er slik ikkje berre ei tolking av kva mønster livsplanane gjev uttrykk for, men også for kva slags ideologiske mønster dei er uttrykk for. Dette set også krav til våre eigne refleksjonar over eigne ideologisk ståstader, og kva

<sup>7</sup> Min eigen son er elev i den klassen, men hans stil inngår ikkje i dette prosjektet.

<sup>8</sup> Bertaux, D. (1981): *Biography and Society*, London: Sage Publications

ein sjølv tek som sjølvsgagt, naturleg og uproblematisk. Refleksjon over eiga rolle er også nært knytta til framstilling av den teksten vi presenterer frå arbeidet (Alvesson og Sköldberg 1994).<sup>9</sup> Særleg ved stilmaterialet – som er tekstar og ikkje svaralternativ som både informant og vi som laga spørjeskjemaet kjenner på førehand, er våre muligheter for å kunna tolka teksten, og bruka den i ulike retningar, store. Hjelpemiddelet i denne samanhengen er den ramma vi hadde framføre oss då vi laga det metodiske opplegget, som også stilteksten er ein del av.

Er stilane og svara på spørjeskjemaet, uttrykk for eigne innerste ønskje, eller meir eller mindre fri fantasi? Eller er det slik at ungdommane presenterer ei tenkt framtid, ut frå at det er slik dei trur ”svaret” skal vera, at dei har lyst til å skriva akkurat slik, eller at dei trur vi, eller læraren, forventar at svaret – stilen - blir slik. Vi har i grunnen ingen mulighet for å kontrollera dette. Til ei viss grad kunne vi følgd dette opp gjennom personlege intervju i etterhand, og vona på at intervjuar ville gje oss sikkerhet. Det har vi ikkje kunna ut frå ressursomsyn. Det som då står igjen for framtidstekstane er ei samanlikning mellom stilane, for å sjå om dei er løyst på ulike måtar, representativiteten er her meir den som blir kalla ein ikkje-statistisk representativitet, enn den vi vanlegvis forbind med representativitet (Fog 1996).<sup>10</sup> I utvalet vårt har vi vektlagt mangfald og typiskhet, ved at vi har med ulike typar utdanningsretningar, ulike typar distriktskommunar, ulike landsdelar, og ved at vi har vektlagt å ha med både typiske kvinneutdanningar, samtidig som vi også har med nyare kvinneutdanningar. Vi har og sett i retning antal, ved å ta med så mange i utvalet at vi meiner var tilstrekkeleg, samtidig som vi kunne handsama materialet innanfor våre ressursrammer. Slik har vi laga eit utval som vi meiner kan vera representativt på den måten som vi snakkar om representativitet her.

### 1.2.1 Å skriva om andre sine draumar

Nærare 230 spørjeskjema og 150 stilar krev kategorisering, systematisk handtering, databehandling, analyse og avstand. Mange års røynsle med empiri og tolking av data kan likevel ikkje skjerma dataene frå det at dei er uttrykk for draumar, for framtidsvon og for planar om livet om ti år. Særleg er stilmaterialet slik, det gjev klart og tydeleg uttrykk for framtidsplanar, og skjuler lite den som er bak desse draumane. Korleis skal vi så kunna skriva om andre sine framtidsdraumar, respektera datamaterialet? Å ha respekt for datamaterialet er her for meg ikkje først og fremst uttrykk for ein teknisk term, men for at eg ser og kjenner at materialet ikkje berre er noko som kan kategoriserast, målast, analyserast og presenterast i tabellar og tekst, der eg har klar og stor avstand til teksten. Materialet er også uttrykk for draum og von om ei god framtid. Det er levande menneske sine draumar eg les. Empirien var ikkje berre samansett av aktørar sine fråsegner, haldningar, meiningar, aktørane framstod som menneske, som nokon som skreiv til meg, fortalde om sine planar. Ein slik situasjon kunne lett opna for at forskaren kunne bli forfattar, bruka rikdommen i empirien og dei utruleg mange vala som må gjerast, fordi det er nokså openbert at den empiriske røyndommen ikkje fullt ut bestemmer den teksten som her blir rapportert som ”forskningsresultatet”. Vi har likevel ingen ambisjonar i retning det å bli forfattar, men ønskjer å presentera resultata frå stilmaterialet og spørjeundersøkinga på ein måte som systematiserer samstundes som dei som har gjeve data til teksten kjenner seg att, og på ein måte som gjer at lesaren vil få eit klart bilete av kva slags framtidsvisjonar unge distriktsungdommar i dag har. Forskaren si røyst vil her

<sup>9</sup> Alvesson, Mats og Sköldberg, Kaj (1994) *Tolkning och reflektion*, Lund: Studentlitteratur

<sup>10</sup> Fog, Jette (1996): ”Begrundelsernes koreografi. Om kvalitativ ikke-statistisk repræsentativitet”, i: Holter, Harriet og Kalleberg, Ragnvald (red): *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, Oslo: Universitetsforlaget Metodebibliotek

innebera at andre sine røyster må teia, som Alvesson og Sköldberg uttrykkjer det. Spørsmålet om representasjon og presentasjon blir avgjerande. Ved representasjonen prøvde vi å møte gyldighetskrav gjennom utveljing av utdanningsretningar og kommunetypar, men samtidig var det elevane i dei ulike klassane som avgjorde om dei ville svara på teksten vår. Men når det kjem til presentasjonen er det vi som vel ut kva som skal vektleggjast, kva som skal trekkjast fram, og kva frå stilane som blir mindre vektlagt, eller ikkje teke med i det heile. Desse vala har vi teke ut frå kva vi vil presentera i rapporten, kva ulike deler av framtida vi spurde om, og såleis vil presentera. I ulik grad har vi brukt sitat frå stiltekstane som illustrasjonar på poeng vi vil ha fram, ikkje som illustrasjonar ut frå at sitata er gode eller mindre gode, men ut frå at dei representerer noko som er gyldig for heile utvalet, eller for den gruppa av jenter eller gutar vi skriv om.

### 1.3 Oppbygging av rapporten

Rapporten vil ta utgangspunkt i stiltekstane og i spørjeskjemaene, og vil bli strukturert kring dei ulike arenaene som utgjør livet og framtida til desse distriktskvinnene. Vi vil først sjå å utdanning og yrke, kva slags val har jentene gjort, kvifor har dei vald som dei har gjort. Dette tar vi opp i kapitel 2. i kapitel 3 ser vi på familielivet, i kapitel 4 på fritid og samfunnsdeltaking. I kapitel 5 ser vi på kor jentene vil bu om ti år, kva slags kommunar som blir rekna som attraktive som bustadskommunar for unge kvinner. Gjennom å sjå yrke, fritid og familie under eitt, og plassert geografisk kan vi seia noko om kva slags liv jentene planlegg. Dette tek vi opp i kapitel 6. Kapittel 7 vil omhandla gutane i materialet, og her er det berre den yngste aldersklassen som er representert, i og med at vi ikkje hadde ressursar til å gjennomføra spørjeundersøking også til gutar. Kapittel 8 omhandlar kvinneprofilar og framtidsbilete, og i kapitel 9 ser vi kva retning unge kvinner går.

## 2 Ungdomstid - muligheter og risiko

Livsplanprosjektet tek utgangspunkt i eit nedanfrå-og -opp perspektiv, der vi vektlegg at unge distriktskvinner si røyst skal bli høyrst. Korleis tenkjer unge kvinner i distrikta seg framtida, kva tenkjer dei om sitt eige liv? Ofte har framtida for distrikta, og ungdommane sine val med tanke på å busetja seg i distrikta, eller flytta til byen, vorte sett i samanheng med jobb og muligheter for eit arbeid på heimplassen, ikkje minst med mulighet for å velja eit interessant arbeid. Ut frå dette er eit av dei områda vi spør om knytta til utdanning og arbeid, til det å velja ei utdanning som skal gje mulighet for inntekt og for eit yrke ein vil trivast i. Men framtida og livet som vaksen dreiar seg ikkje berre om arbeid, og kor ein vel å bu er heller ikkje berre knytta til kor det er mogeleg å få seg arbeid. Nyare flyttforskning har dokumentert dette, og vist at andre forhold enn arbeidsmuligheter spelar inn når unge vel kor dei vil bu (sjå mellom anna Orderud 2001)<sup>11</sup>.

I prosjektskissa vår<sup>12</sup> spurde vi om kva unge kvinner som veks opp i distrikta legg vekt på når det gjeld eiga framtid, kva slags ideologiske straumar dei er ein del av, og kva slags utslag gjev dette seg i val av utdanning, yrke, familie, fritid, bustad og framtid. Ser dagens unge distriktskvinner muligheter for å realisera eigne livsprosjekt innanfor rammene av distriktskommunane, eller er urbane omgjevnader naudsynt? Spørsmålet er også om korleis ungdommane si oppfatning av muligheter blir reflektert i forståinga av framtidssituasjonen. Oppfattar ungdommar at det finst muligheter for ei framtid på heimplassen, og er i såfall desse mulighetane noko som vil vera attraktive for unge kvinner – og unge menn? Korleis heimstaden framstår, både med omsyn til arbeidsmuligheter, fritidstilbod, natur, og med muligheter for at andre unge slår seg ned der, vil kunna virka inn på i kva grad staden framstår som attraktiv. Om staden er ei mindre bygd innanfor dei kommunetypane som vi her kallar landsbygdkommunane, ein bygdeby eller ein distriktsby, kan vera med og forma oppfatninga av framtidsmulighetane innanfor staden. Det er og eit spørsmål om i kva grad ungdommar tek tidlegare generasjonar sin praksis som gjeven, eller om dei tek val på tvers av tradisjonar og skikkar i lokalsamfunnet.

### 2.1 Tradisjon og endring

Ungdomsåra blir ofte beskrive som ein overgangsfase, ei tid mellom barndommen og vaksenlivet der mangt skal prøvast ut, og mange val skal takast. Ungdomstida er ikkje primært ei biologisk sak, og å vera ung er ulikt i ulike historiske periodar (Stafseng

---

<sup>11</sup> Orderud, Geir Inge (2001): *Unge voksne i utkant-Norge*, Notat 2001:102, NIBR, Oslo.

<sup>12</sup> Faggruppa for distriktskvinneforskning og utvikling, 11. februar 1999: "Distriktskvinnescenarier 2010", prosjektskisse.

1996).<sup>13</sup> I industrisamfunnet vart ungdomstida avslutta med forloving, ekteskap og familie. I kunnskaps- og utdanningssamfunnet har det vakse fram ein ny periode som blir kalla *ung vaksen* (Frønes og Brusdal).<sup>14</sup> Ungdomsfasen, eller ung vaksenfasen er ein perioden som strekk seg frå tenåra gjennom utdanningsfasen og opp til trettiårsalderen. Å vera i denne fasen kan innebera å ha mange muligheter og sjansar, men også å møte mange hindringar. Ungdomsfasen er ein fase som synest å bli lengre og lengre, gjennom ein kombinasjon av auka økonomisk avhengighet av familien, som gjer at ungdommane må utsetja eller utset det å bli uavhengig arbeidstakar og medborgar, og ein "ungdomsmarknad" der fritidsmulighetane for unge menneske har nærast eksplodert. Mange unge ønskjer å vera ein del av ungdomskulturen, og halda fram med å nytta godt av fordelane som er knytta til kulturelle aktivitetar for unge menneske (Pollock 1997).<sup>15</sup>

Ungdomsfasen har endra seg både for kvinner og menn dei siste åra, og kanskje mest for kvinner. Unge kvinner har fått ein lang periode utanfor familie før ekteskap og eventuelle barnefødsler. Ungdommars livsstilar og subkulturar på 80- og 90-talet har vore eit omdiskutert sosiologisk tema. Av nokre har marknadssamfunnet vorte beskrive som eit "søkesamfunn" der ungdommar og andre grupper søkjer etter identitet og lykke, tilfeldig eller ut frå sosial bakgrunn. Fleire beskriv samfunnet i dag som eit samfunn med mange og ulike muligheter, at det aldri har vore så mange ulike vegar opne for val av livsløp som i dag, både når det gjeld samlivsformer, utdanning og yrke. I massemedia sine bilete har ungdommar sitt liv iblant blitt beskrive som om det finst tallause muligheter. Valfridomen har mange sider, den opnar for tallause muligheter, men den krev også noko av dei som vel (Østby 2001)<sup>16</sup> Valmuligheter og "tvang" til å måtta velja i situasjonar der tidlegare generasjonar følgde tradisjonen, og ikkje hadde mulighetane til ulike val, krev refleksjon, at kvar og ein tenkjer gjennom sine val, sine muligheter, kva ein vil. Det er ingen mønster frå før. Ein situasjon med muligheter til, eller krav om, å gjera val krev at den som er i ein valsituasjon er utrusta til å tenkja igjennom fordelar og ulemper ved ulike val, og orientera seg i landskapet av muligheter, og at ein veit kva ein vil. Valsituasjonen krev slik ein viss "navigasjonskompetanse"; ungdommar må aktivt forhalda seg til usikkerhet og risiko, og kunna navigera i eit landskap med eit meir eller mindre ukjent terreng og ukjende hindringar (Furlong og Cartmel 1997).<sup>17</sup> I modernitetens tidsalder med ei endelaus rekkje av muligheter, så må kvart individ velja og ta stilling til mogelege konsekvensar av eigne val og eiga handling på eit subjektivt nivå. I følgje Beck (1994)<sup>18</sup> så inneber det refleksive moderne ei pågåande og varig sjølvkonfrontasjon med effektane av risiko. Vektlegging på subjektive oppfatningar av risiko og usikkerhet representerer eit viktig brot med tidlegare tradisjonar. Før 1990-åra var det vanlege mønsteret for ungdom å følgja veltrakka og velkjende vegar – frå familien, gjennom skulen og inn på arbeidsmarknaden. Overgangen frå utdanning til arbeid var ikkje knytta til ei subjektiv utrygghet eller noko ukomfortabelt. I vår seinmoderne tid møter unge menneske risiko og muligheter, dei tradisjonelle forbindelsane mellom familie, skule og arbeid har vorte veikare, og dei unge som tek fatt på reisa mot vaksenlivet kan velja mellom ei mengd ulike ruter,

<sup>13</sup> Stafseng, Ola (1996): *Den historiske konstruksjon av moderne ungdom: Om ungdom som forskningsobjekt i vitenskaps- og utdanningshistorisk belysning*, Oslo: Cappelen akademisk forlag

<sup>14</sup> Frønes, Ivar og Brusdal, Ragnhild (2000): *På sporet av den nye tid*, Oslo:Fagbokforlaget

<sup>15</sup> Pollock, Gary (1997): "Individualization and the transition from youth to adulthood", *Young Nordic Journal of Youth Research* 1-97.

<sup>16</sup> Østby, Lars (2001): "Økt valgfrihet skaper nye tapere", SSB-internett

<sup>17</sup> Furlong, Andy og Cartmel, Fred (1997): "Risk and uncertainty in the youth transition", *Young Nordic Journal og Youth Research*, 1, 1997

<sup>18</sup> Beck, Ulrich (1994): "The reinvention of politics: Towards a theory of reflexive modernization", in: Beck, Ulrich, Giddens, Anthony and Lash, Scott (eds): *Reflexive modernization: Politics, tradition and aesthetics in the modern social order*, Oxford:Polity



der mange har eit usikkert utfall. Og fordi det er så mange vegar å velja mellom, så kan unge menneske utvikla eit inntrykk at deira eiga rute er unik, og at risiko dei møter må handterast individuelt, og ikkje som medlem av eit kollektiv (Furlong og Cartmel 1997). I moderniteten lever vi ikkje i ein fast forankra tradisjon, vi skal reflektivt kunna grunnngje tradisjonen, og våre eigne val i forhold til risikosamanhengen i handlinga vår.

At ungdom i utgangspunktet står i ein situasjon med tallause val og muligheter har også fått mange til å sjå bort frå klasseomgrepet, og til å meina at klasse og bakgrunn ikkje tel. Andre seier derimot at dei sosiale skilnadene auka på 90-talet, og at klassesamfunnet blei reproduisert på nytt (Israel og Hermansson 1996)<sup>19</sup>. Ut frå ein slik synsmåte er ikkje dagens ungdommar eit ubeskrive blad, sjølv om ungdom blir sosialiserte på ein heilt annan måte i dag enn tidlegare. Medan ungdommane i bondesamfunnet kunne sjå tidlegare generasjonar sine erfaringar nedpløyge i historien, har dagens ungdommar eit meir diffust og utydeleg bilete. Det biletet som blir formidla til ungdommane i dag er ofte eit løfte om ei framtid som dei sjølv skal kunna påverka, samtidig som livet ikkje bekreftar desse løfta (Mead 1970).<sup>20</sup> Tidlegare klaseskilnader som hindra folk i å ta utdanning i dag er blitt mykje svakare. Men samtidig har vi fått ei gruppe som er sårbar, og det er dei som ikkje er spesielt ambisiøse (Østby 2001), slik som ufaglærte kvinner. I dag er det stadig færre jobbar for dei, medan for menn er det framleis eit visst tilbod av ufaglært arbeid. Østby meiner at utdanning både er eit resultat, av og årsak til, den auka valfridommen. Og for kvinner gjeld det spesielt at dei kan velja både utdanning og barn, og velja når dei får barn.

I dag er ungdomsåra og erfaringa frå dei åra restrukturerte frå å vera ei tid med direkte involvering i arbeidslivet og arbeidslivserfaringar, til å først og fremst vera ei tid som hovudsakleg er dominert av utdanning og opphald innanfor utdanningsinstitusjonar (Baethge 1992)<sup>21</sup>. Baethge meiner dette har ført til ein utdanningsbestemt livsstil, som har innverka på utviklinga av oppførsel og oppfatningar og meiningar til unge menneske, og på deira forhold til samfunnet og til arbeid. Å gå på skule eller studera inneber å velja, og å planleggja sitt eige utdanningslivsløp. Eit utdanna menneske blir produsenten av sin eigen arbeidssituasjon, og slik sett også av sin eigen sosiale biografi. I og med at utdanning aukar i lengde, så vil tradisjonelle orienteringar, tenkjemåtar og livsformer bli skifta ut med universelle undervisnings- og læreformer, til liks med universelle former for kunnskap og språk (Beck 1992:93).<sup>22</sup> Avhengig av innhald og omfang, så vil utdanning opna for i det minste ei viss grad av sjølvoppdaging og refleksjon. Det kan til dømes innebera at den hierarkiske forma for arbeidsdeling ikkje lenger vil fungera utan friksjon. Utdanninga har også med utveljing å gjera, og krev slik individet si forventning om mobilitet oppover. Slike forventningar er effektive sjølv i dei tilfella der oppovermobilitet gjennom utdanning er ein illusjon, sidan utdanning ikkje er stort meir enn eit vern mot nedover-mobilitet. Det er dette som hender i situasjonar der utdanningsmulighetane blir utvida. Og framleis er det berre mogeleg å gå gjennom formell utdanning gjennom å lukkast ved opptak, prøvar og eksamen. Formell utdanning gjennom skular og universitet skaffar individuell føremoner som kan leia til individuelle karrieremuligheter innanfor arbeidsmarknaden

<sup>19</sup> Israel, Joachim og Hermansson, Hans-Erik (1996): *Det nya klasssamhället*, Stockholm: Ordfronts förlag

<sup>20</sup> Mead, Margaret (1970): *Culture and Commitment*, New York: Garden City

<sup>21</sup> Baethge, Martin (1992): "Changes in Work and Education as Constituting Factors of Social Identity. Theoretical and Political Implications, i: Halvoresen, Tor og Olsen, Johnny (red): *Det kvalifiserte samfunn?*, Oslo: Gyldendal

<sup>22</sup> Beck, Ulrich (1992): *Risk Society*, London: Sage Publications

Eit av trekka ved kunnskaps- og utdanningssamfunnet er at ungdomstida blir endra, og blir strekt lengre ut i tid. Men perioden som ung vaksen, slik den er beskriven ovanfor, er likevel ikkje lik for alle, det er store variasjonar, både med tanke på kva denne perioden blir brukt til – utdanning eller arbeid, og med tanke på om ein er etablert med barn eller ikkje. Sjølv om fleire og fleire tek langvarig utdanning, er det ikkje slik at alle 25-åringar i dag er studentar, og det er heller ikkje slik at alle ventar med å få barn til dei er over 30 år. Blant norsk befolkning over 16 år har vel halvparten<sup>23</sup> vidaregåande skule. Men om vi berre ser på dei unge, så har opp mot 90 prosent gjennomført vidaregåande skule, enten yrkesretta utdanning eller allmennfagleg retning. Innanfor vidaregåande utdanning er det berre yrkesretta retning som fører til ei fullført utdanning, allmennfagleg retning krev vidare utdanning i etterkant. Dei siste tiåra har vi då også sett at ein aukande andel av befolkninga har høgare utdanning, frå 1980 til 1998 steig prosentdelen med universitets- og høgskuleutdanning i befolkninga frå 11 til 22 prosent.<sup>24</sup> Sjølv om det er fleire menn enn kvinner i befolkninga over 16 år som har universitets- eller høgskuleutdanning, er kvinnene i fleirtal om vi berre ser på den yngre aldersgruppa. Høgare utdanningsnivå, og auka tid til utdanning er slik eit trekk ved dagens kunnskapssamfunn.

Eit anna forhold gjeld barn og fødsler. I 1999 var gjennomsnittleg fødealder ved første fødsel 29,5 år for kvinner. Dette er tal på landsbasis, same tal for menn var 32,4 år (SSB: Befolkningsstatistikk, Internett). I 1989 var gjennomsnittleg alder for første fødsel for kvinner 28 år. Det at stadig fleire kvinner vel å venta med å få barn til dei er over 30 år, gjeld særleg kvinner med høgare utdanning (Lappegård 1999)<sup>25</sup> Det siste tiåret har familieutviklinga vore prega at vi marsjerer mindre i takt, og at rekkjefølgja av familie-hendingane er mindre fastlåste, vi er blitt meir ulike med omsyn til kva slags familiar vi stiftar. Det inneber ikkje utan vidare at verdiar, normer og tradisjonar har utspelt si rolle. Mykje tyder på at det har blitt større spennvidde i det som styrer oss (Noack 1999)<sup>26</sup>, ”mangfold er et viktig stikkord for våre dagers samliv. Side om side med tradisjonelle ektepar lever etablerte samboerpar med og uten barn. Samboerne er dessuten en gruppe med store innbyrdes variasjoner. Mangfoldet understrekes av par av samme kjønn, registrerte partnere eller samboere. I tillegg har vi særboerne, de som til daglig ikke deler bord og seng, men som likevel vil være noe mer enn ”bare kjæresten” I 1999 var ti prosent av kvinner i aldersgruppa 16-19 sambuande, ingen var gifte. Tilsvarende tal for aldersgruppa 20-24 var 17 og 1, for aldersgruppa 25-29 39 og 15, og for aldersgruppa 30-34 32 og 42 (SSB, Internett)

## 2.2 Ungdom, utdanning, yrke, fritid og familie

Ungdomstida blir levd innanfor fleire ulike arenaer, der utdanning og yrke er med og avgjer mykje av innhald og retning. Men også fritid og familieliv kan vera medbestemmande for korleis ungdomstida er, og kva retning livet tek vidare.

Det er eit stort spenn på røyndommen i dag – som viser at dei fleste kvinnejobbane er innanfor omsorgs- og servicesektoren - til trendy draumar om eit spennande yrkesliv, slik det til dømes blir presentert i trendpressa retta mot ungdom. Der er det kreative yrke, gjerne innan reklameverda, eller yrkes som webdesignar eller kokk, som blir framheva

<sup>23</sup> 54,4 prosent, av desse 56,7 prosent av menn og 52,2 prosent av kvinner. Tala er frå 1998, og henta frå Statistisk sentralbyrå sine internettsider.

<sup>24</sup> Dette gjeld personar over 16 år (Statistisk sentralbyrå).

<sup>25</sup> Lappegård, Trude (1999): ”Akademikere får også barn, bare senere”, Samfunnsspeilet nr 5, 1999

<sup>26</sup> Noack, Turid (1999): ”Kontinuitet og endring”, Samfunnsspeilet nr. 4, 1999

som attraktive. Å vera sjølvstendig, smart og attraktiv blir framheva i slik presse, og mulighetane til å realisera slike draumar er enklast i eit urbant miljø med mange tilbod. Av yrke som blir nemnde i trendpressa finn vi mange som har med media og opplevingar å gjera, og mange som har med stil og form å gjera. Det er dels uttalt og dels uttalt av aktørane er i storbyen.

### 2.2.1 Yrke som kjem og yrke som går

Kva vil bli dei ti "hottest" jobbane i framtida spurte Time Magazine i mai dette året.<sup>27</sup> Artikkelen i Time blei presentert som ei hjelp til dei som ønskjer ei karriereforandring. For, som bladet skreiv, kven kunne gissa for ti år sidan at webdesignar<sup>28</sup> skulle bli ein av dei mest trendy jobbane i år 2000? Time si liste over dei ti mest trendy yrka framover inneheld mange yrke som knappast er kjente her i landet i dag, som "tissue engineer", genprogrammerer, pharmer<sup>29</sup>, "Frankenfood monitors"<sup>30</sup>, og kunnskapsingeniørar. Ei mengd vanlege yrke, både høg- og lågstatusyrke forsvinn ut. Når Internett overtek så blir det ikkje lenger bruk for aksjemeklarar, bilseljarar, brevbud, forsikrings- og eigedoms-meklarar, og det blir heller ikkje bruk for lærarar. Fjernundervisning, online-klassar og e-undervisning overtek. Moderne teknologi overtek i det heile mange kjente yrke, alt frå trykkar- og stenografyrket, til det å vera fangevakt eller trailersjåfør. Nyvinning innan teknologi og medisin opnar også for at andre oppgåver forsvinn, som det å vera far: "Between in-vitro fertilization and cloning, dads could become dinosaurs. Moms, too, with the possibility looming of an artificial womb. Did somebody say George Orwell?" spør TIME.

Det TIME vektlegg sterkast er endringsfart, at endring som som før tok mange år, vil i framtida ta svært få år, og dagens jobbar vil om få år enten ikkje eksistera, eller vera vanskelege å kjenna igjen. For dei som er i fasen der utdanning og jobb skal veljast, så inneber nettopp det at endringsfarten er så stor, store utfordringar, og set store krav til både orientering om kva slags kompetanse som er etterspurd, og krav til evne til å snu og gjera om yrkesvalg om det er trong for det. Det held ikkje berre å kunna orientera seg i eit delvis ukjent landskap, men også å kunna takla det det inneber av risiko å leva i eit

<sup>27</sup> TIME, May 29. 2000

<sup>28</sup> I Norge arrangerte nettsida SOL førjulsvinteren 2000 ei avstemming om kva som er det mest trendy yrket i landet her no (<http://www.dinside.no/side/a18001.html>). Kven som helst av lesarane av nettsida kunne stemma over kva som er det mest trendy yrket. "Stem på de mest hippe jobbene i vår oversikt, og vær med å kåre de ti mest trendy jobbene i Norge akkurat nå" skreiv nettsida, og fortsette med at "Enkelte jobber er hyllet inn i et beundringens slør. Statusen oser av titlene. En annen aura stråler fra mange av titlene på vår liste. Mystikk, frihet, kreativitet, variert og spennende arbeid, høy lønn og muligheter for å eksponere seg selv. På kjøpet kan du kanskje få kjendis-status." Og yrka som osar av spenning, mystikk og kreativitet var det nettsida sjølv som hadde plukka ut. 20 yrke, der mange var direkte knytta til trendar og motefenom i samfunnet, slik som kokk, eller til kreavtitet og det å vera annleis, som arbeid innanfor reklamebransjen, eller designar. Undersøkinga gjer ikkje krav på å vera vitenskapleg gjennomført. Truleg seier den like mykje om dei som lagar den sine oppfatningar av kva som er trendy yrke, enn av dei som svarte på undersøkinga. Resultata er likevel interessante, av dei nærare 2300 som svarte, så sa godt og vel ein av fem at webdesignar, det er det mest trendy yrket i Norge i dag. Deretter kjem DJ og aksjemeklar, kaffibarinneharar og art direktor (reklame). Fem prosent meiner arkitekt er det mest trendy yrket, like mange seier diplomat, og dei følgjande fire yrka oppnår kvar fire prosents oppslutnad i trendy-konkurransen; bartender, kokk, modell og fotograf.

<sup>29</sup> Framtidas bonde, som dreg like store vekslar frå genforskinga som frå agronomutdanninga

<sup>30</sup> Ein slags matekspertar som tek omsyn til både økologi og genetikk

samfunn der endringane skjer kontinuerleg, og der tidlegare måtar å møte utfordringar og vallsituasjonar på ikkje utan vidare er gangbare.

## 2.2.2 Familie og fritid sin plass i framtidsprosjektet

Vi er på veg inn i ”familiens århundre” trur danske framtidsforskarar<sup>31</sup>, 2000-talet vil bli ”familiens og de nære forholds århundre”. Færre vil skilja seg, og mange barn vil gje status. Når vi snakkar om framtida, så snakkar vi ofte om at kjernefamilien går i oppløysing, samfunnet blir kaldare og vi blir meir egoistiske. ”Men det er slett ikke hva ungdommer i 15- til 18-årsalderen snakker om når de forteller om sine tanker og planer for fremtiden” seier framtidsforskar Liselotte Lyngsø ved Institutt for Fremtidsforskning i København. Ho meiner dagens unge både har eit sterkt ønskje om å leva i eit stabilt familieliv, og ikkje gå gjennom skilsmisse og oppbrot som foreldregenerasjonen, og har gode føresetnader for å lukkast. Gjennom ein oppvekst i barnehagar, skulefritidsordningar og skular, er dagens unge flinkare til å fungera sammen enn foreldra deira var. Dei er også meir tolerante enn foreldra, fordi dei tidlegare møter andre kulturar. Å vera ung, er i stor grad å veksa opp i uvisse, ikkje å kunna føreseia kor ein kjem til å bu eller kva utdanninga skal brukast til, og korleis ein skal realisera seg sjølv. Uvissa gjev i følge Lyngsø ein auka trong for å finna trygghet hos ein partnar.

Dagens ungdommar har også klare krav til fritida, og korleis den skal vera. Fritida skal vera trendy og spennande, og det skal vera mulighetar for val mellom mange ulike aktivitetar. Men spennvidda frå å køyra snowboard, dansa flamenco eller hoppa i fallskjerm, til trening med handballaget eller øving med musikkorpsset er stor. Mangfald og stort spenn i tilboda er viktige stikkord når det gjeld fritid og fritidsaktivitetar.

## 2.3 Ideologi som utgangspunkt for val

Ideologi og forståinga av kvinneideologi er eit viktig utgangspunkt for prosjektet ”Distriktskvinnescenarier 2010” (Fredriksen 2001). Med ideologi refererer vi til eit relativt integrert sett av oppfatningar om samfunn og menneske, både når det gjeld korleis folk og samfunn er, bør vera og korleis endringar kan oppnåast, eller unngåast. Tolka politisk er ideologi som politikk knytta opp mot fellesskap og styringsordningar. Slik dreiar ideologi seg om oppfatningssystem som er felles for ei gruppe, sjølv om det blir individuelt fortolka. ”Positiv tolket kan ideologi bety oppfatningssystem som fremstår som veivisere til frigjoring for ei gruppe og/eller til det gode liv for alle. Nedslagsfeltet til slike ideologier kan variere fra å gjøre seg gjeldene i små grupper til å gjennomsyre hele samfunnet, men uansett omfang er utgangspunktet ei eksplisitt utforming. Negativt tolket kan ideologi bety oppfatningssystem som bidrar til å tildekke maktforhold gjennom f eks å tematisere særansliggender som fellesinteresser. Slike system kan variere i omfang fra å gjennomsyre samfunnsinstitusjonene flest til å være en av flere konkurrerende ideologier.

Kvinneideologi vil ut fra den betydningen av ideologi som vi anvender, dreie seg om grunnleggende oppfatningssystemer om hvordan kvinner, kvinneliv og samfunn er, hvordan kvinner, kvinneliv og samfunn bør være og hvordan eventuelle endringer kan bli realisert eller forhindret. Kvinneideologier og mannsideologier er to sider ved de samme oppfatningssystemene, dvs ved kjønnsideologier. Dersom det blir lagt til grunn ei ”smal”

<sup>31</sup> Intervju med framtidsforskar Liselotte Lyngsø, Aftenposten Aften torsdag 28. desember 2000.

forståing av politikk, hvor det er samspillet mellom stat og samfunn som former den politiske arena, så er det gjerne den positive betydningen av kvinneideologi som kommer i fokus. Feminisme blir som regel brukt som et samlebegrep for slike kvinneideologier som fremstår som veivisere til gode samfunn og til gode liv for kvinner. Om dette samlebegrepet bare skal oppfatte de ideologiene som innebærer et frigjøringsprosjekt, står det strid om.” (Fredriksen 2001).

Utgangspunktet for å sjå ideologi som ramme for unge kvinner sine val av framtid og livsprosjekt, er eit mangårig arbeid der Fredriksen (1998) har gjort ei karakterisering av kvinnetypar ut frå deira framtidsplanar. Ho har tatt utgangspunkt i samtalar ho har gjennomført med kvinnelege studentar gjennom mange år. Ho har bygt opp kategoriseringa gjennom å ta utgangspunkt i enkelttilfelle, tolka dette ved hjelp at eit hypotetisk overgripande mønster – i denne samanhengen med utgangspunkt i kjønnteoriar, som dersom det hadde vore rett, ville forklart mønsteret. Tolkinga har seinare vorte bekrefta av mange fleire tilfelle opp gjennom åra, og dette prosjektet bygger vidare på framgangsmåten og arbeidet hennar.<sup>32</sup> Dei tre ulike kvinnetypane kallar ho Moderna, Konserva og Alterna. For nærare lesing om kva som kjenneteiknar desse tre kvinnetypane, og kva ideologiar dei tre kvinnetypane er forankra i, rår vi lesarane til å sjå nærare på Fredriksen sin rapport frå samme prosjekt som denne rapporten er ein del av (Fredriksen 2001). Her tek vi berre kort med kva som karakteriserer dei tre kvinnetypane.

Moderna er ei kvinne som står for den strategiske planleggingsforma, hennar livsmotto er ”å få ting til å skje”, hennar kvinnevisjon er superkvinna, og det å vera smart er den viktigaste kvinnedyden. Konkurransemeistring er viktigaste karriere – og livsstrategi, og mangfald er den viktige busettingsstrategien hennar. Når distriktskvinna Moderna skal velja bustad, så vil dette vera eit viktig strategisk val som er knytta til det å verkeleggjere dei visjonane ho strekkjer seg mot. Moderna finst i to typar; dei meir ambisiøse som i første rekkje vektlegg karriereaspektet ved den staden der det er aktuelt å bu, og ho som er mindre ambisiøs, og let opplevingsaspektet telja minst like mykje. Konserva er ei meir tradisjonsprega kvinne enn Moderna. Tilpassingsplanlegging, der familien er overordna i planane er hennar planleggingsform, livsmottoet er å ”la ting skje”, hennar kvinnevisjon er familiekvinna, og det å vera omsorgsfull er den viktigaste kvinnedyden. Familietilpassing er den viktigaste busettingsstrategien, noko som inneber at familie og særleg mannen/sambuaren sine bustadspreferansar er avgjerande. Alterna er på leit etter alternative livsprosjekt til dei Moderna og Konserva legg opp til å realisera. I følgje Fredriksen så veit ei Alterna som regel kva ho ikkje vil, og ”i denne viten ligger det en spore til en viten om hva hun vil”. Alterna sin planleggingsform og livsstrategi er nyskaping, livsmottoet hennar er å skapa alternativ, og visjonen er sjølvrådekvinna. Hennar fremste kvinnedyd er sjølvstende, og busettingsstrategien er å finna rom for nyskaping. Armslag for nyskaping i vid forstand for hennar livsprosjekt er viktig når ho skal velja stad å bu.

Moderna sitt ideologiske utgangspunkt er nyliberalismen med marknadsfeminismen som eit samlebegrep for ulike variantar av nyliberalistisk kvinneideologi, medan dei ideologiske røtene for Konserva er å finna i koservatismen. Alterna sitt ideologisk ankerfeste er meir usikkert og meir mangfaldig, der økofeminismen er særleg interessant for alternative kvinneideologiar i ein distriktssamheng (Fredriksen 2001).

<sup>32</sup> I metodelitteraturen blir denne metoden kalla ”abduksjon”, og er ein slags kombinasjon av induktiv og deduktiv metode, samstundes som den tilfører metodane nye element. I løpet av prosessen blir både det empiriske tillempingsområdet utvikla, samtidig med at teorien – det overgripande mønsteret – blir justert og forfina. Abduksjon legg stor vekt på forståing. (Sjå Alvesson og Sköldbberg 1994).

Tabell 2.1 *Dei tre kvinnetypene karakterisert ut frå livsprosjekt (Kjelde: Fredriksen 2001)*

	<b>Moderna</b>	<b>Konserva</b>	<b>Alterna</b>
<b>Kvinnevisjon</b>	Superkvinna	Familiekvinna	Sjølvrådevisjonen
<b>Livsfokus</b>	Eit trippelfokus der karriereprosjektet står mest sentralt	Kjærleiksprosjektet	Å kryssa grenser mot nye kvinneliv
<b>Livsmotto</b>	”Få ting til å skje”	”La ting skje”	”Skap alternativ”
<b>Viktigaste kvinnedyd</b>	Smart og attraktiv	Omsorgsfull	Sjølvstende
<b>Livs- og karrierestrategi</b>	Strategisk konkurranse-meistring	Tilpassing	Nyskaping
<b>Busettingsstrategi</b>	Mangfald	Familietilpassing	Armslag for nyskapande kvinnevisjonar
<b>Planleggingsform</b>	Strategisk planlegging	Tilpassings-planlegging	Nyskapande planlegging

Dei ulike ideologiske retningane har meir eller mindre uttalte busettingspreferansar innebygde i sine versjonar av gode kvinneliv. I marknadsfeminismen sin versjon av gode kvinneliv er det storbyen framstår som det ”naturlege” valet. Særleg blir dette synet framheva i trendpressa retta mot kvinner (Foldvik 2001).<sup>33</sup> I denne pressa, og ofte også i norske dagsaviser, blir distrikta sett på som stader med vakker natur, religiøsitet og fråflytting, men elles skjer det lite der. I følgje Fredriksen er storbyen blitt eit symbol på eit moderne kvinneliv, og bygda på eit avleggs kvinneliv, ein stad der ungdomstrendane kjem først når dei alt er avleggs i storbyen, men at distrikta likevel gjev rom for variantar av modernaprojekt. Konservativt kvinneideologiar opnar i utgangspunktet i større grad enn nyliberalistiske for distrikt som attraktive stader å bu. Gode oppvekstvilkår og familievennlege arbeidsplassar er viktige faktorar når Konserva-kvinner vel plass å bu, samstundes som også bustaden er ei ramme for ekteskapsprosjektet. Ei Konserva på leit etter ein partnar vil bu der dei attraktive partnerane finst, ei Konserva med partnar let gjerne ektemannens bustadspreferansar komma først. Ei materialistisk innstilt Konserva vil vidare vektleggja forbrukararenaen ved staden ho bur, og mulighetar for ”shopping”, medan ei meir verdikonservativ ikkje gjer det, eller til og med stiller seg negativ til kommersialisering av bustadar. Når det gjeld dei alternative kvinneideologiane er alle utanom økofeminismen prega av eit heller urban bustadskontekst. Dagens Alterna problematiserer i følgje Fredriksen i liten grad dette, fordi hennar opprør ikkje er tematisert ut frå eit sentrum-periferi perspektiv.

For meir om det ideologiske utgangspunktet for prosjektet vårt og inndelinga i tre ulike distriktskvinnetypar, sjå Fredriksen 2001. Denne rapporten er knytta til delprosjektet om livsplanar i prosjektet ”Distriktskvinnescenarier”, og vi vil i det følgjande venda oss til unge distriktskvinner og deira framtidige planar, og sjå desse innanfor ramma av dagens kvinneideologi.

### 3 Utdanning og arbeid – fokus på karriere eller tilpassing?

”I industrisamfunnet var utdanning mye verd, men ikke nødvendig. I kunnskapssamfunnet er utdanning i økende grad nødvendig, men inflatert og ofte i seg selv lite verd. I industrisamfunnet kunne man velge mellom utdanning eller arbeid, og det var arbeidet som var de unges inngang til den voksne verden. I utdanningssamfunnet er ikke utdanningsløpet et alternativ til arbeid, men oftes en forutsetning for å komme inn på arbeidsmarkedet. Utdanning skaper ikke i seg selv den nødvendige kvalifisering, og utdanningssamfunnet kan godt risikere å overutdanne og misutdanne. Men på alle områder kreves kompetanse, og denne formaliseres og sertifiseres som utdanning.” (Frønes og Brusdal 2000:31)<sup>34</sup>

Utdanning og arbeid har fått ein endra funksjon på 80- og 90-talet i forhold til tidlegare (Israel og Hermansson). Kunnskapssamfunnet er prega av to utviklingstrekk. Det eine er at grunnutdanninga er utvida, meir eller mindre obligatorisk, formelt eller uformelt. I Norge går er obligatorisk skulegang for dei fleste i dag 13 år. Den andre sida av kunnskapssamfunnet er den aukande andelen med høgare utdanning. Langt fleire enn venta har dei siste åra tatt utdanning ved universitet eller høgskular. I dag har fleire kvinner enn menn under 40 år har fullført ei høgare utdanning. I aldersgruppa 20-39 år har 32% av kvinnene fullført ei høgare utdanning, mot 26% av mennene (SSB:1998).<sup>35</sup> I 1997 var nærare 27 prosent av ungdommane i aldersgruppa 19-24 år her i landet registrerte som studentar. Høgaste prosentvis andel av studentar var det frå dei to austlandsfylka Akershus og Hedmark, i tillegg til fylka frå Hordaland og nordover kysten til og med Nord-Trøndelag. Det er ikkje berre mellom fylka at tala på utdanningssøkjjarar varierer, også mellom unge kvinner og menn er det store variasjonar. Medan andelen gutar frå Finnmark som studerte dette året var 15%, var andelen jenter 27. I Nord-Trøndelag var tala 24% og 38%, og i Oslo 22% og 25%. Mange tolkar slike tal som at jentene møter kunnskapssamfunnet på ein annan måte enn gutane, og taklar og tilpassar seg utfordringane frå kunnskapssamfunnet annleis enn kva gutar gjer (Frønes og Brusdal 2000).

I dette kapitlet vil vi sjå på kva slags planar for framtida jentene i utvalet vårt har når det gjeld utdanning. Ein del av desse, dei som har skrive stil, er i den fassen der dei planlegg vidare utdanning etter vidaregåande skule, eventuelt kva slags arbeid dei satsar på etter vidaregåande skule, den andre gruppa er dei som har valt, i alle fall deler av, utdanning, og er i ferd med å gjennomføra denne. Vi vil her sjå på kva slags planar jentene har, eller er i ferd med å gjennomføra, og kvifor dei har gjort dei vala dei har.

<sup>33</sup> Foldvik, Bente (2001): *Distriktskvinner ??? – finnes de??*, Rapport, Høgskolen i Finnmark, Alta

<sup>34</sup> Frønes, Ivar og Brusdal, Ragnhild (2000): *På sporet av den nye tid*, Fagbokforlaget, Bergen

<sup>35</sup> Statistisk sentralbyrå (1998): Ukens statistikk nr. 50, 1998

### 3.1 Jenter og utdanning

”Til tross for årevis med kampanjer for holdningsendring: Jenter i videregående skule velger fortsatt de tradisjonelle myke jentenefagene, og gutter velger guttefag, viser tall fra Statistisk sentralbyrå. Jentene dominerer fullstendig på helse- og sosialfag med en andel på hele 91,7 prosent. Guttene dominerer de tekniske fagene, som byggfag hvor det er en kvinneandel på usle 1,7 prosent. Andelen jenter på byggfag var høyere i både 97, 98 og 99, enn i dag” (Dagbladet 21.12.2000).

Vi har to grupper unge kvinner i utvalet vårt; jentene som går avsluttande året på vidaregåande skule, og dei unge kvinnene som er studentar ved universitet eller høgskular. Medan den sistnemnde gruppa alt har valt utdanningsretning, anten ved å velja ei profesjonsutdanning, eller ved å velja fag, står deler av den andre gruppa framføre eit slikt val. Nokre av elevane på vidaregåande har alt tatt eit val då dei valde mellom allmennfagleg studieretning og yrkesfagleg studieretning. Medan den først retninga kan opna for vidare studiar ved høgskular og universitet, kan yrkesfagleg studieretning føra til ei avsluttande fagutdanning, som omsorgsarbeidar, kokk, servitør, mekanikar eller andre fag som ikkje krev høgare utdanning. Ein del av jentene i utvalet vårt går på helse- og sosialfag på vidaregåande skule, men vi har også andre yrkesfaglege retningar representert, som hotell- og næringsmiddelfag og mekaniske fag.


Av jentene frå vidaregåande skule i utvalet vårt er godt og vel tredjeparten elevar ved yrkesretta linjer, resten går allmennfag. Men fleire av jentene på allmennfagleg studieretning starta på yrkesfagleg studieretning, mange med planar om å bli omsorgsarbeidarar. Dette gav dei fort opp, og såg at det var større mulighetar i det å bli sjukepleiar, barnevernspedagog eller sosionom. Dei utdanningane krev allmennfagleg studieretning, og jentene skifta over gjennom å ta eit påbygningsår, og slik oppnå studiekompetanse. Dei 29 – eller 34% - av utvalet som går yrkesretta studieretning har alle saman planar om å få seg arbeid etter vidaregåande skule. Dei er i mindretal i utvalet vårt, men representerer fleirtalet av norsk ungdom, for trass i stor auke av ungdom som tek utdanning ut over vidaregåande skule dei seinare åra, er det likevel framleis slik at av ungdommar mellom 19 og 24 år er om lag 27% studentar ved universitet eller høgskular. Dei fleste ungdommane gjennomfører i dag vidaregåande skule, rett nok er det her fylkesvise variasjonar, der prosentvis færrest i Finnmark og Oslo gjennomfører dette løpet, men landsgjennomsnittleg gjennomfører vel 92% av ungdom mellom 16-18 år vidaregåande skule (SSB: Internett)<sup>36</sup>.

Nedanfor ser vi kva slags utdanning jentene på vidaregåande skule planlegg, her tenkt i omfanget av utdanninga målt i år det tek å gjennomføra løpet som dei planlegg. Vi har delt inn i tre kategoriar, der den første er 1-3 års utdanning på vidaregåande skulenivå, det andre løpet gjeld utdanning 1-3 år utover vidaregåande skule, det vil seia på høgskulenivå. Den siste kategorien er utdanning på 4 år eller meir utover vidaregåande skule, og gjeld høgskule- eller universitetsutdanning.

<sup>36</sup> Statistisk sentralbyrå (1999): Aktuell utdanningsstatistikk nr 1/99, internett.



Figur 3.1 Planlagt utdanning, jentene på vidaregåande skule. Prosent.



Av dei to tredjepartane som planlegg utdanning utover vidaregåande skule, seier mestedel – 51% av utvalet – at dei planlegg ei 1-3 årig høgskuleutdanning. Resten – 15% - av utvalet seier at dei planlegg ei universitets- eller høgskuleutdanning på fire år eller meir. I det følgjande vil vi sjå på kva slags utdanning og yrke jentene planlegg. Det vi ser er slik at langt fleire innanfor utvalet vårt planlegg høgare utdanning enn kva som er vanleg i befolkninga i dag. Av dei som er mellom 20 og 39 år i dag, har ein tredjedel av dei høgare utdanning. To tredjedeler av jentene i dette utvalet planlegg høgare utdanning. Vi ser og at forholdsvis få av dei planlegg høgare utdanning utover tre år.

## 3.2 Kvinneyrke 2010

I slutten av november 2000 presenterte Statistisk sentralbyrå for første gang tal frå Arbeidskraftundersøkinga basert på den nye standarden for yrkesklassifisering. I denne nye standarden blir yrka inndelte etter krav til utdanningslengde. Klassifiseringa viste at butikkmedarbeidar var det vanlegaste yrket i 1999, med 133 000 sysselsette. Dei nest vanlegaste yrka var lærarar, reinhaldarar, sjukepleiarar og hjelpepleiarar med mellom 60 000 og 70 000 sysselsette. Slik skreiv SSB om kjønn og yrke:

”Kvinner velger i stor grad omsorgs- og serviceyrker, og arbeider som butikkmedarbeidere, hjelpepleiere, rengjøringspersonale, barne- og ungdomsarbeidere eller grunnskolelærere. Det er høyest andel menn sysselsatt i yrkene tømrere, bønder, elektrikere og lastebilsjåførere. Andre typiske mannsyrker er ingeniører, industriarbeidere og bygge- og anleggsarbeidere.

Ledereyrkene er fortsatt dominert av menn, tre av fire ledere er menn. Dette har sammenheng med at menn i større grad enn kvinner arbeider i privat virksomhet hvor andelen av lederyrker er vesentlig høyere enn i offentlig virksomhet. Andelen ledere i privat virksomhet er 9 prosent, mot 5 prosent i offentlig virksomhet. Kvinner i lederyrker arbeider hovedsakelig i offentlig virksomhet.” (SSB, Internett)<sup>37</sup>

<sup>37</sup> Statistisk sentralbyrå (2000): Arbeidskraftundersøkelsen. Yrkesfordeling 1996-1999. Internett.


Vårt spørsmål er om unge kvinner planlegg i tråd med dagens mønster for kjønn og yrke når dei planlegg eige yrkesliv, eller om dei går på tvert av dette mønsteret.

### 3.2.1 Unge kvinner og yrkesval

I ein annan del av dette prosjektet har Bente Foldvik gjennomført ei analyse av norsk trendpresse retta mot kvinner. Siktemålet var å sjå korleis distriktskvinner er omtala i denne delen av pressa, men ho ser også på korleis yrkeslivet blir framstilt for unge kvinner, kva som er attraktive og mindre attraktive yrke. "Sjølvsstendighet" er eit ord som er viktig når trendpressa skriv om kvinner og yrkeslivet (Foldvik 2000). Å skaffa seg ei utdanning og eit yrke som gjer ein uavhengig av andre, og som gjev mulighetar for ulike val, er slikt som blir vektlagt av trendpressa. Men det er ikkje eit ord som blir mykje brukt i stilane til ungdommane i utvalet vårt, det vil seia at det blir ikkje brukt eksplisitt som grunngeving for val av utdanning og yrke. Kanskje er det sjølvstendighet for unge kvinner, noko som ikkje treng ei eiga forklaring. For når dei unge jentene planlegg livet sitt, så planlegg dei alle saman eit liv med i alle fall noko utdanning, og eit yrke – om ikkje på heiltid og alltid, så i alle fall på deltid og i periodar av livet. Ikkje alle planlegg langvarig utdanning, og heller ikkje alle planlegg ei utdanning og eit yrke som kan gje eit nødvendig økonomisk grunnlag for det livet dei skriv dei ønskjer å leva. Men alle skriv om eit yrkesliv, sjølv om det er eit stort sprang mellom dei som vektlegg ei utdanning retta mot eit yrke med mulighet for karriere og utvikling, og dei som skriv om ei utdanning retta mot eit yrke som er lett å tilpassa eit familieliv. Jentene legg ikkje samme meininga i det å ha eit yrke, og yrkesliv og yrkesdeltaking synest å ha ulik meining for ulike distriktsjenter.

For jentene på vidaregåande skule er yrkeslivet noko som dreiar seg om framtida, nær eller meir fjern. For dei fleste av jentene på yrkesfagleg studieretningar på vidaregåande skule er vegen til eit yrke kort, og perioden som yrkesaktiv startar rett etter vidaregåande skule. Mange av desse jentene er jenter som blir omsorgsarbeidar, kokk eller servitør. Men også nokre av dei som går allmennfagleg studieretning står framføre yrkeslivet etter siste året på vidaregåande skule. Dei planlegg ikkje vidare studiar, fordi "jeg har alltid visst at skolegang ikke ligger for meg", som dei skriv. Jobb på butikk er meir ønskeleg enn vidare skulegang. Det er likevel svært få av jentene på allmennfag studieretning som ikkje planlegg vidare utdanning etter vidaregåande skule.

Figur 3.2 Planlagt yrke 2010, jentene frå vidaregåande skule. Prosent.



I den nye yrkesklassifiseringa til SSB er det medrekna ti hovudgrupper av yrke, frå leiaryrke til militære yrke og uoppgitt. Jentene i utvalet vårt vel mellom halvparten av desse gruppene, dei fem gruppene vi ikkje finn representerte her er leiaryrke, kontoryrke, handverkarar, operatørar og sjåførar, og andre yrke. Høgskuleyrka er mest representert, med yrke som lærar, førskulelærar, barnevernspedagog og sjukepleiar. Kokk, servitør, bartender og reiseleiar og hotellresepsjonist er yrka som er grupperte under sals- og serviceyrke. Førskulelærar som arbeider som barnehagestyrarar blir ikkje klassifiserte under leiaryrke, fordi yrket krev ikkje noko utdanning på fire år eller meir utover vidaregåande utdanning. Slik blir ingen kvinner i utvalet klassifiserte under leiaryrke, trass i at fleire siktar mot eit arbeid som styrar for ein barnehage.

Å planleggja ei utdanning – kort eller lang, og eit yrkesliv, inneber ulike val, og ulik vektlegging av kva slags verdiar og kva slags framtid ein vil realisera. Det kan innebera vektlegging på jobb og karriere framføre alt anna på den eine sida, på den andre sida kan utdanning og jobb planleggjast ut frå tilpassing til eit liv med barn, familie og fritid.


Blant ungdommane – det vil seia elevane på vidaregåande skule – i utvalet vårt er det omsorgsyrke som dei fleste vil velja som yrke. Med omsorgsyrke tenkjer vi her på yrke som sjukepleiar, helsesyster, jordmor, barnevernspedagog og sosionom. Det er slike yrke som dette dei fleste som vel omsorgsyrke ser for seg som deira yrke. Men nokre vel også innanfor det som blir kalla omsorgsarbeid, eller dei vil bli lege eller psykolog. Det er likevel få av jentene som tenkjer seg slike yrke. Også mange ønskjer seg utdanning som gjev arbeid innanfor pedagogiske yrke, som førskulelærar eller lærar. Reiselivsyrke, som i denne samanhengen også omfattar også yrke som hotellsjef, kjøkkensjef eller kokk, er det fleire av dei unge jentene som planlegg å arbeida innanfor. Men det er og fleire jenter som planlegg å bli guide, og då gjerne i Middelhavslanda.

Yrke som gjerne blir framstilt som meir trendy yrke i media – som arkitekt, interiørkonsulent, eller kunstnariske yrke som skodespelar, er også representerte i ønskja om framtidstyrke. Også yrke innanfor it er blant dei yrka jentene vil velja, men noko stor prosentdel utgjer ikkje desse (6%). Andre jenter vel også mindre trendy yrke innanfor privat tenesteyting, og vil bli statsautorisert revisor. Det biletet som kjem fram er at jentene i liten grad planlegg det som i dag blir kalla ”trendy yrke”, men vel eit yrke blant tradisjonelle kvinneyrke, yrke innanfor omsorg – som sjukepleiar, barnevernspedagog eller omsorgsarbeid, og yrke innanfor oppvekstsektoren, som lærar eller førskulelærar. At yrke har stempel på seg som trendy ser slik ikkje ut til å innebera at eit fleirtal vel slike yrke.

### 3.2.2 Yrkesval blant studentane

Ut frå at vi har valt ut ulike studieretningar er det rimeleg å rekna med at studieretningane vil avspegla yrkesval. Fleire av studieretningane er i tillegg profesjonsutdanningar, slik at vi må rekna med eit heller stort innslag av profesjonar som lærarar, førskulelærarar og sjukepleiarar. Men vi har også med studieretningar som er meir opne, som universitetsfag.

Figur 3.3 Yrkesval blant studentane



Det er hovudsakleg studentane på økonomisk administrative fag, reiseliv og it-utdanning som planlegg eit yrke som konsulent innan administrative eller organisatoriske yrke. Rett nok er det nokre få andre studentar som også seier dette, med fag som planlegging eller natur- og miljøfag, eller med kulturfag eller antropologi som bakgrunn. Fire av ti av studentane med økonomisk administrative fag tek sikte på å bli leiarar, og utgjør storparten av dei som siktar mot ein slik karriere. Dei andre her er studentar som studerer pedagogikk, hotelladministrasjon, leing eller reiseliv. Seks av ti førskulelærarstudentar siktar mot leiarstillingar, altså barnehagestyrar eller avdelingsleiar på ein barnehage. Fire av ti tenkjer seg ein vanleg førskulelærarstilling. Av dei som går allmennlærarutdanninga planlegg sju av ti å få seg vanlege undervisningsstillingar, tre av ti planlegg å bli pedagogiske leiarar.

### 3.3 Utdannings- og yrkesval

Det blir ofte sagt at i tida vi lever i er det ikkje lenger slik at vi kan sjå bakover for å bestemma vår eiga framtid. Unge kvinner kan ikkje som formødre kanskje kunne, sjå kva mor og bestemor gjorde, og vita at det vil bli deira veg i livet også. Og om vi ikkje går heilt inn på det at alle vegar er opne for alle, og at ingenting er fastlåst på førehand, så kan vi i alle fall gå med på at tida i dag set større krav om val enn tidlegare. Jenter, og gutar, må velja for å kunna skapa seg ei framtid og eit liv dei vil ha, det finst ingen fullt oppmerka vegar å gå. Kva så når framtida skal planleggjast, og livsprosjektet skal syast i hop, kva er det då som er avgjerande for vala? Kva slags mulighetsrom er det ungdommar ser for eiga framtid, og kva er med på å utvida eller innskrenka dette mulighetsrommet? I det følgjande vil vi sjå på kva som tel inn for ungdommar når dei skal velja utdanning og yrke for framtida.

### 3.3.1 Tenåring og yrkesval

Når jentene skriv om framtidig utdanning og yrke, skriv dei lite om kvifor dei vil bli det dei vil, men meir eller mindre direkte kjem dei likevel med grunngevingar som at dei likar barn eller likar å gje omsorg, og difor vel eit omsorgsyrke, enten som sjukepleiar eller førskulelærer, at dei likar språk og reising og difor vil bli guide, at dei likar form og farge og vil bli arkitekt. Det er og dei som har ei heilt anna tilnærming til dette, dei skriv at dei blir det dei blir fordi det er einaste utdanningstilbodet på staden. ”Jeg hadde planer om å ta en utdanning innen data, og ettersom det bare var dataingeniørutdanningen som låg i hjemkommunen, var det ikke så mye valg” (Jente, 20 år, bygdeby). Så blir det ingeniørutdanning, for viktigare enn å kunna velja det beste alternativet er staden der ein skal bu. Å kunna bu på heimplassen medan dei utdannar seg er avgjerande for nokre. Andre tenkjer på mulighetar for arbeid på heimplassen etter utdanning, eller dei tenkjer på mulighetar for ein strålende karriere.

”Jeg kommer fra Sunnfjord, men bor og arbeider i Bergen, noe jeg trives godt med. Jeg bor for meg selv og jobber som statsautorisert revisor, en spennende jobb med gode utviklingsmuligheter. På fritiden trener jeg, er sammen med venner og nyter ellers godt av det mangfoldige kulturtilbudet som finnes her i Bergen. Jeg er også glad i å reise og dette praktiserer jeg så snart jeg har ferie. Siden jeg er alene og ellers har en godt betalt jobb, kan jeg tillate meg en utenlandstur minst en gang i året. Jeg drar enten alene eller sammen med gode venner. Jeg reiser også ofte hjem til Sunnfjord hvor jeg har familien min. Det er dette som for meg er hjemme, og som jeg engang vil vende tilbake til, dersom jeg får min egen familie. Men så lenge jeg bare har meg selv å tenke på, passer bylivet meg fint” (Jente 18 år, bygdebykommune)

Og andre igjen skriv at dei vil er påverka av venninner og vel det samme som dei. Nokre har mor som førebilete, også når det gjeld yrkesval:

”Høsten 2000 begynte jeg på førskolelærerstudiet, fulgte i min mors fotspor. Jeg var ganske bestemt å ta den utdannelsen, for de fire årene jeg gikk på Hamar Katedralskole hadde jeg brukt på å utdanne meg som barne- og ungdomsarbeider. Det er to år på videregående skole og to år som lærling. Så jeg hadde jo litt erfaring med barn før jeg begynte på studiene, og det må jeg si var en fordel” (Jente 21 år, distriktsbykommune)

Om jentene skriv lite om kvifor dei blir det dei blir, men det er likevel forskjellar i ambisjonar og framtidsutsikter. Dei mest ambisiøse er nesten kokkane – dei har alle som ein anten eigen restaurant eller er kokk, sjefskokk eller kjøkkensjef på Noregs beste restaurant. Rett nok er eit par institusjonskokkar, men det er til gjengjeld på store institusjonar. Ho som er restaurantsjef ved eit fint hotell i Bodø, understrekar at i 2010 har kvinner i massevis fått sjefsjobbar, og ho skriv om at ho har det ”slik eg drøymde om sidan eg var 15 år, ein fin familie, ein god økonomi og ein jobb eg likar”. Ho har kampsport som interesse, spelar golf med forretningsforbindelsar, er gift og har to barn i barnehagealderen. Og ho flytta ut i distrikta før det blei skikkeleg på moten, slik det er i 2010.

Barnevernspedagogane, omsorgsarbeidarane eller lærarane legg tilsynelatande ikkje vekt på framtidsmulighetar i jobben, dei skriv ingenting som tyder på at dei er opptatt av å gjera karriere og ha framtidsmulighetar høgare oppe i systemet. Det dei vektlegg er å kunna arbeida med omsorg, med barn og unge, og at denne jobben kan tilpassast eige

familieliv. Jobben i seg sjølv var viktig, men det var også viktig å kunna ta utdanning på heimplassen, og ikkje minst tilpassa jobben til eit familieliv som skal henga saman. Når dei skriv om eigen jobb, skriv dei om slitsomme dagar, men givande arbeid, om glede ved å vera til hjelp, men og om tankar om utbrenthet. Det gjer ikkje kokken, sjefen i it-bedrifta eller psykologen.

### 3.3.2 Unge vaksne og utdanningsval

Dei unge vaksne, eller studentane i utvalet vårt, er i ferd med å gjennomføra ei utdanning dei har vald. Kva er så grunngevinga for å ta nettopp den utdanninga eller det studiet dei er i ferd med å gjennomføra? Her har vi på førehand sett opp ulike alternativ som vi bad studentane ta stilling til. I vurderinga kan det brukast ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr "stemmer svært godt" og 1 betyr "stemmer svært dårleg". Her var det mogeleg å gje samme vurdering til fleire påstandar.

Tabell 3.1 *Grunngeving for utdanningsval (her er berre tatt med dei som kryssa av 4, 5 eller 6 – der 6= "stemmer svært godt" på påstandane)*

<b>Eg vil ha ei utdanning som gjev mulighet for/til .....</b>	<b>Tot.</b>
... gjev mulighet for å få ein bra jobb med god lønn og gode karrieremuligheter	46
... gjev mulighet for ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter	91
.... gjev muligheter for ein god jobb ein stad der det er spennande å bu	54
.... gjev meg muligheter til mange ulike jobbar, slik at eg kan byta mellom ulike interessante arbeidsplassar	71
..... gjev meg mulighet til å få arbeid på heimplassen min	39
.... gjev meg mulighet for å tilpassa arbeid til barn og familie	53
Eg veit ikkje kva eg vil bli, men eg synest utdanninga eg tar er spennande, det er det viktigaste for meg no	29
Eg trur utdanninga eg har vald gjev meg mulighet til mange ulike val i livet, og det er viktig for meg	79

Utdanninga skal gje mulighet for ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter – det er denne påstanden som får oppslutning frå flest av studentane. Ni av ti studentar seier dette<sup>38</sup> Her er det små forskjellar mellom utdanningsgruppene, utanom dei med skuleretta utdanning ligg alle over 90 prosent. Også mange, nesten åtte av ti, seier det er viktig at utdanninga skal gje mulighet til mange ulike val i livet, medan sju av ti også verdset ein annan valgmulighet – å kunna ha ei utdanning som gjer det lett å byta mellom ulike arbeidsplassar. Her er det pleie-og omsorgsstudentane som skårar høgast, medan pedagogane legg mindre vekt på dette. Interessant jobb og valgmuligheter er såleis viktig.

Å utdanna seg for eit yrke som gjev mulighet for å bu på ein spennande stad er viktig for halvparten av jentene, like mange meiner også at det er viktig med ei utdanning som gjev eit yrke som er lett å tilpassa arbeid til barn og familie. Det er særleg dei som har valt ei utdanning som fører til eit omsorgsyrke som sosionom, barnevernspedagog eller miljøarbeidar som oppgjev at det å kunna tilpassa framtidig yrke til barn og familie var svært viktig ved val av utdanning. Nesten tre av fire av dei som har valt slik utdanning svarar at denne grunngevinga var viktig/svært viktig. Den utdanningsgruppa som skårar lågast på dette er dei som tek ei utdanning som dei planlegg skal gje eit administrativt/organisa-

<sup>38</sup> Respondentane kunne kryssa av for alle påstandane, men med vurdering av kor viktige dei er.

torisk yrke på leiarnivå. Knappe 42 prosent av desse meiner at det å tilpassa framtidig yrke til barn og familie var viktig ved val av utdanning. Og dei som vektlegg spennande stad å bu er først og fremst dei med administrativ eller økonomisk utdanning frå høgskulane, medan dei med utdanning innan pleie- og omsorg eller skulefag legg langt mindre vekt på dette.

Den andre påstanden som mange meiner stemmer svært godt eller godt for deira val av utdanning var denne: "Eg trur utdanninga eg har vald gjev meg mulighet til mange ulike val i livet, og det er viktig for meg". Det er med andre ord fridom til å ta ulike val i livet som er viktig, og nærare 55 prosent av jentene i utvalet vårt meiner ei utdanning som gjev valfridom i høve til yrke er viktig. Det er dei som har valt utdanning som siktar mot yrke som forskarar, prosjektarbeidarar, pedagogar, lærar og administrativt /organisatoriske yrke på leiarnivå som framhevar valfridom som viktig.

Tabell 3.2 Grunnar for å velja utdanning etter utdanningsretning. Prosent.

<b>Eg vil ha ei utdanning som gjev .....</b>	<b>Høgskule 3 - 4 år (øk, adm, it)</b>	<b>Høgskule 3 - 4 år (omsorg)</b>	<b>Høgskule 3 - 4 år (skulefag)</b>	<b>Høgare utd opp til 4 år (mat, natf,)</b>	<b>Hovudfag</b>	<b>Tot.</b>
.. mulighet for å få ein bra jobb med god lønn og gode karrieremuligheter	88	27	14	45	69	50
.. mulighet for ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter	94	92	86	96	95	91
.. mulighet for ein god jobb ein stad der det er spennande å bu	75	44	42	57	55	54
.. muligheter for mange ulike jobbar, slik at eg kan byta mellom ulike interessante arbeidsplassar	76	92	55	64	68	71
.. meg mulighet til å få arbeid på heimplassen min	23	50	53	32	20	39
... meg mulighet for å tilpassa arbeid til barn og familie	49	48	71	45	47	53
Eg veit ikkje kva eg vil bli, men synest utdanninga eg tar er spennande, det er det viktigaste for meg no	36	20	12	57	46	28
Eg trur utdanninga eg har vald gjev meg mulighet til mange ulike val i livet, og det er viktig for meg	81	88	72	14	83	79

Materialet viser også at studentane er målmedvitne og veit kva dei vil med utdanninga si. Svært få er samde med påstanden om at "Eg veit ikkje kva eg vil bli, men eg synest utdanninga eg tar er spennande, og det er det viktigaste". Berre 13 prosent kryssar av 5

eller 6 her. Det er med andre år få som har valt utdanninga hovudsakleg ut frå at den er spennande, muligheter for karriere, lønn, arbeid og tilpassing av arbeid og familie er langt viktigare enn ei spennande utdanning.

Det er to utdanningsgrupper innanfor utvalet vårt som peikar seg ut i kvar si retning, og det er dei som studerer det vi her kallar skulefag, og utdannar seg til lærarar og førskulelærar, og det er dei som studerer på universiteta. Studentane ved førskule- og lærarhøgskuleutdanningane har valt utdanninga ut frå at den vil gje ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter, gjev muligheter til mange ulike val i livet, gjev muligheter for å tilpassa framtidig yrke til barn og familie, at utdanninga gjev muligheter for å velja mellom ulike slags jobbar og gjev mulighet for jobb på heimplassen. Også studentane ved universitetet seier at den viktigaste grunnen til utdanningsvalet var at utdanninga gjev ein interessant jobb med valgmuligheter. Som lærarstudentane seier også desse studentane at det er viktig at utdanninga gjev høve til ulike val i livet. Dei andre grunnane som universitetsstudentane vektlegg er muligheter for god lønn og ein bra karriere, muligheter for å velja mellom ulike jobbar, og muligheter for å få ein god jobb på ein stad det er spennande å bu.

Dei fire punkta der det er størst forskjellar mellom dei som har valt lærarutdanning og dei som studerer ved universitetet er alternativ 1 og 7, som akademikarane vektlegg langt meir enn pedagogane, og alternativ 5 og 6 som lærarstudentane vektlegg langt meir enn dei som studerer ved universitetet. Slik ser vi at akademikarane har i langt større grad enn lærarstudentane valt utdanning ut frå at den gjev mulighet for ein bra jobb med god lønn og gode karrieremuligheter, og fordi dei ikkje veit kva dei vil, men synest utdanning er spennande, og nettopp no er det det viktigaste. Forskjellane mellom vurderingane for dei to gruppene er på 55 prosentpoeng for alternativ 1 og 34 prosentpoeng for alternativ 7. Lærer- og førskulelærarstudentane vektlegg derimot i langt større grad å ta ei utdanning som gjev mulighet for arbeid på heimplassen og som gjev mulighet for å tilpassa arbeid til barn og familie. Forskjellane i vurderinga mellom dei to gruppene er her på 33 prosentpoeng for alternativ 5 og 24 prosentpoeng for alternativ 6.

### 3.3.3 Jobb og familie - unge vaksne og yrkesliv om ti år

Om ti år er studentane i utvalet vårt alle over 30 år, ferdig med utdanning og har etablert seg i yrkeslivet. Mange har også barn og familie, og bur på ein spennande stad. Nedanfor skal vi sjå nærare på dette.



Tabell 3.3 *Karakterisering av eiga deltaking i yrkeslivet i 2010 etter utdanningskategori (her er medtatt dei som har svara 4, 5 og 6 på ein skala der 6=stemmer svært godt)*

	Høgskule 3 - 4 år (øk, adm, it)	Høgskule 3 - 4 år (omsorg)	Høgskule 3 - 4 år (skulefag)	Høgare utd opp til 4 år (mat, natf.)	Hovud- fag	Tot.
Attraktiv stilling	82	43	34	52	42	51
Interessant jobb	96	88	82	86	97	89
Bur spennande, bra jobb der	75	76	55	76	68	68
Tilpassar arbeidet fam.situasjonen	71	68	77	77	51	73
Heimeverande med små barn	12	19	21	19	2	17
Bur der eg ønskjer	2	13	5	10	2	6
Skapt min eigen jobb	31	19	13	33	40	25
Ikkje fast jobb	4	2	4	10	18	6
Bra jobb, på leit etter utfordringar	49	35	37	35	41	40

I spørjeskjemaet vårt har vi med fleire ulike påstandar som skal karakterisera dei unge jentene sin situasjon med tanke på deltaking i yrkeslivet i 2010. Når jentene tek stilling til desse påstandane ser vi at spesielt fem av ni påstandar er det eit mindretal som seier at stemmer godt.<sup>39</sup> Utsegnene, eller påstandane våre er meinte som karakterisering av tilknyttinga til yrkeslivet, og seier kvar for seg noko om korleis ein i år 2010 er tilknytt yrkeslivet, og kva slags forhold ein har lagt vekt på ved val av tilknytting. Det vi har prøvd å få fram med desse påstandane er ei karakterisering av tilknytting til yrkeslivet, om det er god lønn og karrieremuligheter som er viktig, om arbeidet i seg sjølv bør vera interessant, eller om det viktigaste er å bu på ein spennande stad, og så får arbeidet heller komma i andre rekkje. Vi har og spurt om det viktige er ein jobb som kan tilpassast til barn og familieliv, eller om viktige slett ikkje er arbeidet, men det å vera heime med små barn ein periode. Vi tenkjer oss også at nokon vil prioritera det å vera fri til å velja sjølv, og har gjort det ved å ikkje ta fast jobb, men har skapt seg sin eigen jobb, eller tek oppdrag og engasjement innimellom. Desse påstandane er tenkt å skulle karakterisera dei som ikkje ønskjer ei fast tilknytting til yrkeslivet, men som prioriterer fridom, oppleving, sjølvutvikling, eller familie og barn framføre det å ta ei fast stilling og satsa den.

Biletet som kjem fram når vi ser på korleis svara fordeler seg fortel meir om likskapar i vurdering av kva som er viktig, enn om at det finst forskjellar mellom dei ulike utdanningsgruppene her. Dei påstandane som får høgast oppslutning ved at flest seier at påstandane stemmer svært godt for deira tilknytting til yrkeslivet i 2010 er alle påstandar som karakteriserer ei fast tilknytting til yrkeslivet. Framfor alt blir det at jobben er interessant og gjev mulighet for utvikling framheva, ni av ti framhevar dette. Vel sju av ti seier at det er viktig at jobben er interessant, men også viktig at arbeidsinnsatsen kan tilpassast familielivet. Omtrent like stor oppslutnad får påstanden som vektlegg det å bu og arbeida


<sup>39</sup> Vi ba respondentane bruka ein skala frå 1 til 6, der 6= ”stemmer svært godt” I tabellane i dette notatet har vi delt denne graderinga i to, og reknar slik 4, 5 og 6 med i gruppa ”stemmer godt/svært godt” og 1, 2 og 3 i gruppa ”stemmer ikkje/lite”.

på ein spennande og attraktiv stad. Påstanden som framhevar lønn og karrieremuligheter får mindre oppslutnad, vel halvparten av respondentane meiner dette passar godt.

Dei to påstandane som færrest meiner karakteriserer deira tilpassing til yrkeslivet i 2010 er dei som viser ei lausare tilknytning til yrkeslivet, der anten arbeidet ikkje er det viktigaste, men staden der ein bur, eller der mulighetane for å kunna velja interessante oppdrag eller engasjement er viktigare enn fast jobb og sikker inntekt. Svært få, berre seks prosent, seier at dette karakteriserer deira forhold til arbeidslivet i 2010.

Utfordring og tilpassing kan slik karakterisera unge jenters tilknytning til arbeidslivet i framtida. Utfordring gjeld jobb og jobbinnhald, at arbeidet skal vera interessant og gje muligheter for utvikling, tilpassing gjeld muligheter for å kunna velja både jobb og familieliv, og at jobben kan tilpassast det å ha barn og familie. Unge kvinner vil ha ein interessant jobb, men dei vil og ha familie samstundes.

Figur 3.4 *Karakterisering av tilknytning til arbeidslivet 2010*




Ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter er påstanden som flest seier at høver best som beskriving på eigen deltaking i arbeidslivet i 2010. Dette gjeld for alle utdanningsgruppene, og det er til dels langt fleire i alle utdanningsgruppene som seier at denne påstanden passar svært godt, enn kva dei seier om dei andre åtte påstandane som det er mulig å velja for dette spørsmålet.

### 3.3.4 Tradisjonelle kvinneyrke og moderne kvinneyrke

Også her ser vi nærare på to av utdanningsgruppene, og deira karakterisering av tilknytning til yrkeslivet i 2010. Dette er gruppa som har utdanna seg innan det vi kallar "skulefag" og som siktar mot å bli lærarar, pedagogar eller førskulelærarar, og det er gruppa som tar sikte på hovudfag frå universitetet, anten det er innan samfunnsfag, humanistiske fag eller realfag. Desse to gruppene er jamt over dei som peikar seg ut med anten å ha størst eller minst oppslutning om påstandane, og dei er motsetningar ved at der

pedagogane svarar ”stemmer svært godt” svarar dei med hovudfag omvendt. I figuren nedanfor er dette framstilt slik:

Figur 3.5 *Karakterisering av tilknytning til arbeidslivet – studentar innanfor skulefag og innanfor universitetsfag. Prosent.*



Begge studentgruppene vektlegg det at dei har ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter høgast. Men prosentvis fleire universitetsstudentar legg vekt på dette, enn kva som er tilfelle for lærarstudentane. Deretter skil rekkjefølgja i vurderinga seg, for medan universitetsstudentane vektlegg at dei bur på ein spennande og attraktiv stad, og har ein god jobb der, og deretter at jobben skal vera triveleg og gje gode muligheter for å tilpassa arbeidsinnsatsen til familielivet, seier lærarstudentane det motsette her. For utdanningsvala såg vi at val blei tatt ut frå familieomsyn, og frå tilpassing til familieprosjektet, slik er det også når lærarstudentane beskriv framtidig arbeidsliv.

Andre forskjellar som kjem fram her gjeld mindre grupper av informantane her. Av dei forholdsvis få som ser seg sjølv som framtidige etablerarar, ved at dei vil skapa sin eigen arbeidsplass, er det langt fleire med universitetsutdanning enn lærarutdanning. Det same gjeld også for dei som karakteriserer framtidig deltaking i arbeidsliv med at dei ikkje har fast jobb, men tek interessante vikaroppdrag og engasjement.

### 3.4 Oppsummering

Vi har to grupper unge kvinner i utvalet; dei som alt har valt høgare utdanning, og er i ferd med å gjennomføra denne – studentane, og dei som går på vidaregåande skule, elevane. Mange av elevane står ovanfor utdanningsval når vi møter dei, om dei skal studera eller ikkje, og kva slags fag eller utdanningsretning dei skal velja. Rundt ein tredjedel av dei har alt valt utdanningsretning og fag, og er i ferd med å gjennomføra ei fagutdanning, dei skal bli mekanikarar, kokk, servitør, bartender eller omsorgsarbeidar. Storparten av dei andre seier dei vil ta høgare utdanning etter fullført vidaregåande skule, og dei fleste planlegg ei treårig høgskuleutdanning. Vel ei av ti av jentene på vidaregåande skule planlegg universitetsutdanning. Mange av dei unge kvinnene planlegg å arbeida innanfor tradisjonelle kvinneyrke, som læraryrke og omsorgsyrke. Sjølv om vi finn mange yrke representerte blant yrka kvinnene planlegg å arbeida innanfor, er biletet likevel at tradisjonelle kvinneyrke framleis er yrke mange unge kvinner har som førsteval.

Når dei unge kvinnene grunngjev utdannings- og yrkesval, brukar dei hovudsakleg tre ulike typar argument. "Eg vil/eg likar" er første gruppa, der vala blir forklarte med at ein vil arbeida med barn, eldre, sjuke, eller at ein likar små ungar, likar å gje omsorg, likar å læra frå seg ferdighetar. Det er særleg jentene som tenkjer i retning omsorgsfag eller læraryrka som grunngjev vala sine slik, men dei som vil bli arkitekt eller interiørkonsulent kan og skriva at dei likar form og farge, og difor vel kreative yrke. Den andre gruppa med argument går ikkje i første rekkje på utdanninga i seg sjølv, men på geografi. Kor utdanninga foregår, og kor det går an å slå seg ned med ei slik utdanning er det viktige her. Å vilja bu på heimplassen kan slik vera overordna utdanningsval, og utdanninga må tilpassast dei tilboda som finst på heimplassen. Det er heller få som forklarar sine val på denne måten. Derimot er det fleire som forklarar utdanningsval ut frå at det er viktig for dei at utdanninga kan gje dei arbeidsmulighetar på heimplassen. Den tredje argumentgruppa er det vi kan kalla førebilete. Og førebilete finst både i trendpressa og media elles, det er venninner eller kjenningar, og det kan til og med vera mor. Fleire av jentene skriv at dei vel det samme som venninnene sine, eller at dei kjenner nokon med det og det yrket. Få skriv at dei følgjer "i sin mors fotspor", ingen skriv at far er førebilete for utdannings- og yrkesval. Studentane under utdanning vektlegg mulighet for ein interessant jobb og mulighet for val mellom ulike jobbar, eller mellom ulike stader å bu. Det vi ser er vidare forskjellar mellom kvinner innanfor ulike studieretningar, der dei innanfor lærarutdanningane i større grad enn dei innanfor universitetsfaga vektlegg å tilpassa eller underordna utdannings- og yrkesval og –karriere til familielivet enn kva universitetsstudentane gjer.

## 4 Familie – mann og to barn, eller singel og familie seinare?


Framtidsforskarar meiner vi er på veg inn i "familiens århundre", ei tid då familien vil få ein viktigare og viktigare plass. Kva bilete av familien og familiens plass i framtidstankar og –planar viser så materialet vårt?

"Lukkeleg gift og to barn" – kan karakterisera familielivet for fleirtalet av jentene i dette utvalet om ti år. Mann, to barn, og godt etablert, gjerne i eige hus. Slik sett kan vi nok seia at tankegangen om at vi er på veg inn i "familiens århundre" får støtte i vårt materiale. I det følgjande skal vi sjå nærare på korleis dei unge kvinnene tenkjer om familie og familieliv ti år inn i framtida.

Ein gong på vegen fram mot år 2010 møter åtte av ti av jentene ein partner, og inngår sambuarskap eller ekteskap. i utvalet frå vidaregåande skule reknar at dei er etablerte med partner i 2010, enten gifte eller sambuande. Seks av ti har barn, dei fleste to barn. Ein av ti er single, berre eit mindretal av desse er skilte. Dei fleste er single fordi dei har valt å vera det, fordi det om ti år enno er for tidleg å etablere seg med mann og barn. Mange skriv likevel at dei er på leit etter "den rette", men at det har inga hast.


Figur 4.1 *Sivil status 2010 for ungdommane i utvalet. Prosent.*

Også mange av dei som er studentar i utvalet vårt, og som om ti år i alle fall er over 30 år,



beskriv seg sjølve som familiemenneske. Godt og vel tre fjerdepartar av desse seier at dei har familie – mann og barn. Ei av ti av seier at det framleis er for tidleg å slå seg til ro med barn og familie om ti år. Det er flest av dei yngste i studentutvalet som seier dette, unge kvinner som i dag er under 25 år, men også nokre i aldersgruppa 25 til 30 meiner det samme. Ingen av dei eldste i studentutvalet, dei mellom 30 og 45 seier dette. Åtte prosent seier at dei ikkje har barn, og heller ikkje planlegg å få barn seinare i livet. Fem prosent seier at dei om ti år har barn, men dei lever ikkje i noko parforhold, og ønskjer det heller ikkje, fordi dei trur at det ikkje gjev gode nok utviklingsmuligheter for dei.

Figur 4.2 Sivil status 2010 for studentane i utvalet



Hovudmønsteret blir såleis mann og barn, det er berre eit lite mindretal som ikkje ser seg sjølve som gifte/sambuande og mødrer om ti år.


## 4.1 Å velja oppover, sidelengs eller nedover

Kjetil Sørлие har i ein annan rapport frå prosjektet "Distriktskvinnescenarier 2010"<sup>40</sup> sett på rammevilkåra for pardanning i eit regionalt perspektiv. Til grunn for dette ligg ein føresetnad om at alle menn og kvinner ønskjer å finna seg ein partner, og helst ein som er mest mogeleg lik seg sjølv med omsyn til interesser og fagfelt. I tillegg til dette er det ein føresetnad at tilpassingane skjer tradisjonelt, det vil seia at kvinner vel oppover når dei vel partner. I Sørлие sin operasjonalisering blir dette at utdanningsnivået for kvinner, om det er mogeleg, ikkje skal vera høgare enn for menn. Det han ser på er mellom anna kva følgjer og resultat det ville blitt om kvinner i dei ulike kommunegruppene vel ektefellar/sambuarar med like høg eller høgare utdanning enn seg sjølve. Korleis er mulighetane for slike val i ulike typar kommunar? Han oppsummerer med at når stadig fleire kvinner enn menn tek høg utdanning, samtidig som utdanningsfordelingane regionalt blir meir jamne, så bli bygdekvinners mulighetar for å finna seg mest mogeleg like "makkere sterkere utsatt" (side 49).

Når vi her ser på "ekteskapsmarknaden" gjer vi det med samme utgangspunkt som Sørлие gjer i eit av sine framtidsbilete, at kvinner vel oppover, eller om det ikkje er mogeleg, sidelengs. Vi legg ikkje utdanningslengde åleine som grunn, men prøver også å sjå dette i forhold til "yrkesstatus". "Status" er her knytta til eigedom og inntekt, som oftast til eit yrke. Kvinner vel slik menn med yrke som har høgare status enn deira eige yrke, ofte med meir langvarig utdanning, eller menn men høgare inntekt eller betre økonomi enn dei sjølve. Ser vi så slike trekk i datamaterialet vårt? Her er det berre stilmaterialet, og dei yngste i utvalet som er med, i og med at vi ikkje har nokon spørsmål som går direkte på dette i spørjeundersøkinga til studentane.

<sup>40</sup> Sørлие, Kjetil (2000): Klassiske analyser. Flytting og utdanning belyst i livsløps- og khortperspektiv, NIBR-notat 2000:121

Figur 4.3 Å velja ektefelle "oppover"



Familielivet står sentralt for ein stor del av jentene, og i mange av stilane tek dette ein stor plass. Dei unge jentene som skriv stil, skriv til dels nokså utførleg om mann og barn, ofte om ein mann med eit slitsamt yrke, og to barn, og om si eiga oppgåve som hovudansvarleg for heim og familie, ofte også med jobb sjølv. Storparten av jentene synest å vilja følgja mønsteret om å gifta seg oppover eller sidelengs, særleg gjeld dette for unge kvinner som ikkje tek utdanning utover vidaregåande skule, eller jenter med heller kortvarig utdanning. Dei unge kvinnene som tek universitets- eller høgskuleutdanning over fire år, vel alle sidelengs, gjerne slik at dei vel partnar med samme slags utdanning som dei sjølv.

Figur 4.4 Mønster for ektefellevæl

Kvinnene som vel partnar har følgjande yrke:	Mennene som blir valde har følgjande yrke:
Omsorgsarbeidar Barnevernspedagog Sjukepleiar	Professor Lege Advokat It-konsulent/sjef Sjølvstendig næringsdrivande (eig og driv verkstad, butikk etc) Reklamemann
Revisor Tannlege Lege Lærer Førskulelærer	Revisor Tannlege Lege Lærer Snekker
Sjukepleiar Lærer Kokk Dataingeniør Førskulelærer Barnevernspedagog	Lastebilsjåfør Lagerarbeidar Bilmekanikar Omsorgsarbeidar

Tabellen ovanfor viser tre ulike mønster, der dei øverste rutene viser ekteskap der jenta vel oppover, og i denne samanhengen vel ein mann med høgare utdanning og høgare inntekt, og etter all sannsyn også eit yrke med høgare status. Den neste rekkja viser ein situasjon der jentene vel sidelengs, og gifter seg med, eller inngår sambuarskap med, ein mann med eit yrke med nokolunde tilsvarande status som eige, og med nokolunde tilsvarande utdanningslengde og inntekt. Den siste rekkja er når kvinner vel nedover, og

gifter seg med menn med mindre utdanning enn dei sjølve, og truleg og med dårlegare lønn enn dei sjølve. Alle eksempla ovanfor er henta frå stilmaterialet, frå det jentene skriv om eiga utdannings- og yrkeskarriere, og om mennene dei håpar på at dei blir gifte med, eller inngår sambuarskap med.

Kva status eige og ektefelle/sambuar sitt yrke har, kjem fram i tekstane til jentene. Sameleis kjem det klårt fram korleis jenter tenkjer seg framtidig partnar med omsyn til hans utdanning og yrke. Jenter vel menn som har høgare utdanning, eller i alle fall eit yrke med høgare status og som gjev større inntekt enn deira eige yrke gjev. Jenta på 18 år og frå distriktsbyen, illustrerer dette når ho skriv slik om mann og familie:

”Jeg gikk tre år på linjen for barnevernspedagoger på Lillehammer. Mens jeg gikk der oppe på skolen møtte jeg Petter, som er mannen min i dag. Han hadde akkurat blitt advokat, og jobbet der for en periode. Da mannen min fikk sjanse til å overta en advokatpraksis i Fredrikstad, flyttet vi dit.”

Lege, tannlege og professor, men framfor alt advokat og it-konsulent/sjef/direktør er yrke som mange jenter nemner når dei skriv om mannen/sambuaren sitt yrke. Og desse mennene jobbar ikkje berre mykje, dei tenar også svært godt. Slik er det også ei lys framtid jentene skriv om, dei har mann, barn og eit godt liv:

”Jeg bor i Drammen. Det er et kjempekoselig sted, med trivelige mennesker og greie butikker. Med andre ord, alt på ett sted. Jeg bor i et stort og flott hus samen med mannen min og to små herlige barn. Jeg flyttet hit sommeren 2005, da jeg traff mannen min. Jeg var nyutdannet barnevernspedagog, og han var lege på det lokale sykehuset. .... I dag trives jeg utmerket godt. Vi lever et verdifullt liv. Både mannen min og jeg tjener bra med penger, så det mangler ikke på materielle goder hjemme hos oss. Vi har også fått gleden av å få to sunne og friske barn” (jente, 18, distriktsby)

Ei klar overvekt av jentene vel partnar etter det tradisjonelle mønsteret, at dei vel ein med høgare status enn seg sjølve, og slikt sett gifter seg oppover. Men biletet er likevel ikkje eintydig her. Fleire jenter vel også sidelengs, både jenter med mangeårig utdanning og jenter med kortare utdanningar. Slik finn vi at ho som planlegg å bli revisor også ser for seg at framtidig ektefelle/sambuar er revisor, eller at tannlegen gifter seg med ein tannlege. Sameleis blir det for barnevernspedagogen eller førskulelæraren, som gifter seg med han som er lærar eller driv ei eiga lita bedrift. Like eins ser vi fleire eksempel på at jenter gifter seg nedover, at ho som dataingeniør eller lærar gifter seg med lastebilsjåføren, lagerarbeidaren eller bonden. Ingen av jentene legg noko vekt på dette, dei skriv heller ikkje om ein ”vellukka advokat” som ”tener gode penger”. Det dei skriv om er ungdomskjæresten, for jentene som slår seg saman med ein med i alle fall kortare utdanning, og også i dei fleste tilfella, truleg og ikkje høgare lønn, kanskje lågare, dei slår seg saman med han dei møtte som 17-, 18- eller 19-åring. Ho som i 2010 er helsesyster og bur på heimplassen sin, skriv det slik: ”Mannen min er 34 år. Han jobber som snekker, han er høy, slank, har mørke krøller og liker å jogge. Vi er begge ganske aktive”.

Lykka ligg altså ikkje nødvendigvis i å ha ein ektefelle med høgstatusjobb og god inntekt, men også i å gifta seg med ungdomskjæresten, som har mindre utdanning, men fast jobb, og som deler eins egne interesser. Desse jentene legg vekt på å utdanna seg til eit yrke som er interessant, og samtidig gjev høve til arbeid på heimplassen. Heimplassen er vesentleg også fordi dei gjerne alt har truffe mannen dei vil dela livet sitt med før dei tek fatt på utdanninga. Og jentene som treff partneren sin på heimplassen, har ei klar målsetting om å busetja seg på heimplassen, når mannen alt er etablert der. Dei omtalar



heimplassen som ein god stad å bu, og ikkje minst som ein bra og trygg stad å veksa opp for ungar.

#### 4.1.1 Elevane frå vidaregåande skule

Jentene som skriv om framtida, og om eit liv der familien er i sentrum, har mange gonger mønsteret med seg heimanfrå:

”Ellers om dagen så er det vel ikke noe spesielt. Det hender at vi er og besøker mor og far min, de bor også i Hamar. Og så er vi jo også og besøker foreldrene til mannen min. De bor i Stange. Når man har unger så blir det ikke så mye tid til overs. Det hender også vi går på sentrene og handler litt, og tar også en tur ned i gågata. Vi har bodd i Hamar nå i ca. 10 år, og liker oss kjempegodt her. Før det bodde vi på en mindre sted i en av nabokommunene her. Det var på en måte litt ”dødt” å bo der. Og så var det litt kjett å bo der når alle kjenner alle” (Jente, 19, distriktsby).

Jenta som skriv dette er i 2010 29 år, og jobbar som omsorgsarbeidar på ein alders- og sjukeheim, er gift med ein lærar og har to barn. Ho representerer dei vi kan kalla ”familieorienterte” kvinner, dei ser seg sjølv om del av ein familie om ti år. Og ut frå det dei skriv, er familien; mann og barn, ein viktig del av deira livsprosjekt. Mann og barn og eigen familie, helst i eige hus, er målet for livsprosjektet. Jobb inngår også i dette livsprosjektet, men jobben er ofte side- eller underordna familieprosjektet. Slik kan ei 18 årig jente frå Hamar sjå for seg livet om ti år:

”Jeg fikk jobb, to barn, en hund og et småbruk. Til sommeren igjen har jeg nådd mitt siste mål. Da skal vi gifte oss, så livet mitt har blitt slik jeg har ønsket. Jeg er lykkelig.”

Dei jentene som vi her kallar karrierorienterte, er dei som bruka åra fram til om lag 30 til å utforska ungdomstida, til utdanning, til å få seg eit yrke. Familieetablering og barn får venta til seinare. Desse ungentene skriv ikkje om ei biologisk klokke som tikkar faretruande høgt ved 27 årsalderen, men skriv at familielivet får venta til godt over 30-talet. Slik skriv til dømes ho som om ti år er 28, driv eige arkitektkontor i Stavanger, og nettopp har vore heime i bygdebyen i dåpsselskap for barnet til to barndomsvenner:

”Jeg var hjemme i anledning dåpen til Kari si jente. Dette var hennes tredje, og hun er godt etablert med både hus, mann og barn. Selv begynner jeg så smått å tenke på å stifte familie, men akkurat nå tar arkitektkontoret det meste av tiden min. Men i og med at jeg har startet på mitt 29. år blir det gjerne til at jeg tenker en del på det. I alle fall ville det vært lurt å finne far til barna først!”

Jenta frå distriktsbyen uttrykkjer noko av det samme slik: ”Jeg betrakter meg selv som vellykket, fordi jeg føler at jeg har tilfredsstilt ett av kravene jeg satte meg selv for ti år siden. Det var å få en skikkelig utdanning, og bli karrierekvinne”. Ho som skriv dette, ser seg sjølv om ti år som ferdig med studiar med NTNU i Trondheim. Då er ho data-designar. Valet gjorde ho først og fremst ut frå interesse og tanke på jobbmulighet, men skriv og at ho tenkte på status og pengar. Eit familieliv med barn og mann og fritidsinteresser skriv ho derimot ingenting om, livet hennar har ikkje hatt plass til det enno, det får komma etter at karrieren er etablert. Andre jenter som heller ikkje har valt familie og barn om ti år, men skriv at det får venta, legg meir vekt på fritida og fritidsinteresser enn ho som er sitert ovanfor. Ikkje at desse jentene ikkje vektlegg karriere, men fritidsinteresser er likevel viktige. Dei trenar, har venninner, går ut, har kanskje kjæraste, men ikkje

barn, men ”vil snart ha barn”. Også når dei ser framover ser vi at mange av ungdommane framleis er orienterte mot ungdomskulturen, og legg vekt på den. Det viser seg gjennom at dei vektlegg eit liv som single, der eigen jobb, egne fritidsinteresser og samvere med andre på samme alder er viktig.

Livet jentene skriv om – både dei familiserte og dei single – inneheld alltid arbeid. Lønna arbeid er nokså sjølvst, for mange synest det også å vera liknande sjølvst at hovuddelen av arbeidet i heimen er deira eineansvar. Mange av jentene har hovudansvar for barn og hus, og har menn som gjer karriere og brukar mykje av døgeret på jobb:

”Men mannen min jobbet nesten 24 timer i døgnet med datafirmaet han hadde startet. Så satt jeg der da, 24 år og med to unger, ingen jobb, og en mann som aldri var hjemme. Men det ble bedre etter hvert”, og det som blei betre var at ho fullførte utdanninga som jordmor, flytta til Molde med familien, fekk jobb, og så jobbar mannen litt mindre også. Men tid til egne fritidssyslar har ho ikkje enno, sjølv med ein robot som hustenar.

Om nokre skriv om slit og strev, så skriv likevel fleirtalet om ein positiv situasjon og eit liv i relativ velstand, der det meste er på plass. Å komma dit har dei klart ved hjelp av arbeid, kanskje ei hustomt frå familien, og i mange tilfelle ved hjelp av ektefelle med jobb med langt høgare inntekt – og status – enn kva dei sjølve har.. Det er berre ei av jentene som har vunne i Lotto – dvs. mannen hennar vann 4,9 millionar kroner hausten 2000. Dei andre jentene har vunne i ekteskapslotteriet, mannen er ikkje berre høg, mørk og har sterke armar, han har også ein god jobb og bra inntekt. Mange av ektefellane arbeider innanfor databransjen, langt fleire enn kva det er av jentene i materialet. Dei som jobbar her har framgang, tener godt, jobbar i ei interessant bedrift, er ofte sjef, men er til gjengjeld lite heime.

Jentene som beskriv seg sjølve som yrkeskvinner med hovudansvar for barn og hus finn vi både i bygda og i storbyen. Men vi finn flest av dei utanfor storbyen. Og fleire av dei med barn i storbyen, skriv om byen som ein mellombels stasjon, ein stad dei vil flytta frå når ungane byrjar på skulen, trygge omgjevnader blir viktigare enn når barna ikkje er ute på eiga hand, eller når ein ikkje har barn.

Vi har og ei tredje gruppe jenter, ei svært lita gruppe. Dette er jenter som vel annleis enn både dei familieorienterte og dei karriereorienterte. Dei set ikkje familieprosjektet som midtpunkt, heller ikkje yrkeskarrieren. Det er andre forhold som er viktigare for å skapa eit godt liv, og om arbeidslivet set for strenge rammer, vil ho heller skapa sin eigen arbeidsllass. Og om livet i byen er for stressande, så veit ho om andre stader å busetja seg. Det er ho som vel å starta kråkebolleoppdrett i ei lita bygd, eller som kombinerer yrke og hobby som kunsthåndverkar i ei bygd på Vestlandet. Ho kan også vera lærar eller sjukepleiar, ha hovudfag i etnologi eller sosiologi, og så velja eit arbeid som passar henne, men som går mot den vanlege karrierestraumen. Ho gjer det ikkje fordi ho ikkje ser andre mulighetar, men fordi ho vil leva livet sitt med tid til arbeid, interesser, familie og ikkje slita seg ut med å prøva å klara både yrkeskarriere og familie. Ho vil ikkje ha eit yrke og ein sjef som bestemmer over hennar liv, og ho vil heller ikkje underordna egne ønskje familieprosjektet og mannen sitt karriereliv.

#### 4.1.2 Studentane

Fire av ti av dei unge kvinnene som utgjer studentmaterialet vårt er etablerte med sambuar/ektefelle når vi møter dei som studentar i år 2000. Nærare ein femtepart av dei har barn. Når desse kvinnene tenkjer seg eige familieliv i år 2010, så seier over halvparten

av dei at dei om ti år har i alle fall to barn, og har valt å ha deltidsjobb medan barna er små. For halvparten av studentane er løysinga om ti år såleis ei tilpassing av yrkeslivet til familielivet. Ei av ti seier at det framleis er for tidleg å slå seg til ro med barn og familie. Fem prosent seier dei har barn, men lever ikkje i noko parforhold, fordi det gjev ikkje gode nok utviklingsmuligheter for dei.

Ser vi teikn til nye samværsformer, alternativ til kjernefamilien her? Ikkje i særleg stor grad, mønsteret både for jentene som er 18 år i dag og dei som er 25, er at dei ser for seg eit liv med mann og barn i eige hus eller leilighet, gjerne nær besteforeldra. Familieliv er viktig, og det er då eit tradisjonelt familieliv. At unge kvinner med lengre utdanning vil utsetja det å få barn, og satsa på familie så vel som på jobb, høyrer også med i biletet. Desse kvinnene utgjer likevel eit mindretal i høve til dei som vil etablere familie innan ti år, og fleirtalet av dei seier dei har slått seg ned i ein storby om ti år.

Tabell 4.1 *Familieliv 2010. Prosent.*

<b>I år 2010, korleis er situasjonen for deg med tanke på familieliv?</b>	<b>N=226</b>
Etter å ha prioritert jobb og utdanning i fleire år, har mannen min og eg fått vårt første barn	41
Eg håpar eg i alle fall har to barn, og har valt å ha deltidsjobb medan barna er små	52 57
Med små barn og ein travel kvardag, er det ein fordel å bu nær barnas besteforeldre	5
Eg har barn, men lever ikkje i noko parforhold, for det trur eg ikkje gjev gode nok utviklingsmuligheter for meg	61 10
Eg har barn og mann og vi legg stor vekt på å bu nært andre med våre interesser	8
Om ti år er det framleis for tidleg for meg å slå meg til ro med barn og familie	
Eg har ikkje barn om ti år, og planlegg heller ikkje det seinare	

Av dei jentene i utvalet som har etablert seg utanfor storbyane, er dei fleste gifte i 2010. Eit lite mindretal av desse er enno barnlause. Storparten av dei som ikkje har etablert seg med mann og gjerne med barn, bur i storbyane. Det same gjeld også dei som er gifte/sambuande, men barnlause. "Vi vil vente med barn" er haldninga til desse kvinnene – venta til etter at dei har fått nokre års erfaring frå yrkeslivet. Det er få "alternative" kvinner, i meininga at dei ikkje satsar på familieprosjektet.

Unge kvinner som har etablert seg med mann, og i alle fall to barn, og som har deltidsjobb medan barna er små, er først og fremst kvinner som i dag er i ferd med å utdanna seg til eit pedagogisk yrke. Tre av fire av desse kvinnene seier om seg sjølve at om ti år er dei etablerte med tobarnsfamilie og deltidsjobb. Det er ingen av dei andre utdanningsgruppene som er tilnærma så høgt oppe i oppslutning om dette svaret som lærarane og førskulelærarane. Dei som jobbar innan omsorgsfaga – sjukepleiarar, barnevernspedagogar og sosionomar er dei som liknar mest på pedagogane i svaret på dette spørsmålet. Nærare seks av ti av desse svarar at dei om ti år har mann, to barn og deltidsjobb. Ingen av dei andre utdanningsgruppene er i nærheten av desse to førstnemnde gruppene, og kvinnene som tek utdanning på universitetsnivå skil seg klarast ut her. Godt under ein tredjepart t av desse seier at det om ti år er sannsynleg at dei har mann, to barn og deltidsjobb. Det er elles ingen vesentleg skilnad mellom aldersgruppene i dette svaret. Fleire av kvinnene som i dag bur i ein landsbygd- eller bygdebykommune, enn dei som bur i ein distriktsbykommune, karakteriserer seg sjølve som deltidsarbeidande tobarnsmor om ti år.

## 4.2 Familieorientert, karriereorientert - eller?

Når vi samla ser på elev- og studentmaterialet, så finn vi to hovudgrupper av framtdsorientering, dei som i første rekkje er familieorienterte, og dei som er orienterte mot karriere. Dei familieorienterte unge kvinnene er dei som vektlegg barn og familie, utan at dei av den grunn vel bort arbeid og karriere, men arbeidslivet blir underordna eller tilpassa familielivet. Tilpassinga skjer i form av deltidsarbeid, eller i form av langvarige permisjonar i samband med barnefødsler og små barn. Samtidig er det i første rekkje desse kvinnene som vel ektefellar med arbeid med høgare status enn dei sjølve, og med lange arbeidsdagar. Den andre hovudgruppa er dei som legg stor vekt på utdanning, arbeid og ei yrkeskarriere. På sikt ønskjer heller er ikkje denne gruppa å velja vekk noko, familieliv er eller skal bli ein del av deira kvardag også. Men det er yrkeskarrieren som står i fokus, familie kan utsetjast, eller i alle fall ikkje vera noko yrkeskarrieren skal underordnast. Vi finn og eit lita gruppe av unge kvinner som har andre prioriteringar enn desse to gruppene, dei som korkje set familien eller karrieren åleine i sentrum for sine liv, men som vektlegg at det viktige er å leva eit godt liv utan å slita seg ut med å klara på karriere og familie.

Familieprosjektet har ein vesentleg plass i framtdsplanane til unge kvinner, og utgjer ein viktig del av livsprosjektet deira. At framtda skal omfatta etablering av ein familie med ektefelle eller sambuar og barn, gjeld for storparten av dei unge kvinnene. Berre eit lite mindretal av kvinnene seier at framtda ikkje vil omfatta familieetablering for deira del. Men tidspunktet for familieetablering, eller for å få barn, er ulikt for ulike grupper kvinner. Dei som vel tradisjonelle og korte, eller middels lange utdanningar, er dei som først vil satsa på barn og familie. Det er gjerne unge kvinner som utdannar seg til lærarar, førskulelærarar, eller til omsorgsyrke, anten som omsorgsarbeidar eller som sjukepleiar. Det er og gjerne desse kvinnene som planlegg eit liv der familien er overordna yrkeskarrieren. I større grad enn kvinner med høgare utdanning planlegg dei eit parforhold der ektefelle/sambuar har lengre utdanning og høgare inntekt – at dei gifter seg ”oppover”, og eit familieliv der kvinnene har hovudansvar for barn og heim. Eit slikt ansvar gjer at deltidsarbeid ute er vanlegare enn heiltidsarbeid. For den gruppa av kvinner som vektlegg yrkeskarriere, er det langt vanlegare at dei planlegg å utsetja familieetablering til dei i alle fall er rundt 30 år, eller over. Men heller ikkje desse vel bort barn og familie, det vel både yrkeskarriere og familieliv, og slikt sett eit travelt liv. Ho som går på tvers, og korkje set familieprosjektet eller karriereprosjektet i fokus, er ein sjeldan fugl. Men ho finst, og for henne er det mulighetane til å realisera eit godt liv, utan at det skal føra til slitande dagar med både heildagsarbeid og familie, eller til at familielivet blir dominert av mannen sin yrkeskarriere.

## 5 Fritid – kule fritidsinteresser eller bakkemannskap for barnas fritid?

”Dagens mest attraktive arbeidere *må* ha fritidsaktiviteter. Helst skal de kjøre snowboard, danse flamenco, stå på roller-blades eller hoppe i fallskjerm.” (Aftenposten 3.9.00)<sup>41</sup>.

Det er Aftenposten som skriv dette hausten 2000, i næringslivsdelen i avisa, der kule yrke og kule fritidsaktivitetar blir presenterte. Og i følgja dei avisa intervjuar held det ikkje med eit kult yrke, for eksempel innan reklamebransjen, i dag. Du må kunna visa til noko meir, til kule fritidsaktivitetar. Også i trendpressa retta mot kvinner blir liknande fritidsaktivitetar presenterte (Foldvik 2000). Men biletet er likevel meir fargerikt enn i trendpressa, å gå tur i skogen er enno ein ok fritidssyssele. Er det så eit trendy fritidsliv vi blir presenterte for i materialet?

Vi kan vel eigentleg ikkje forventa det, i og med at dei kule jobbane ikkje dominerer blant dei yrka jentene vil velja. Men nokon kule yrke er det, for eksempel kokk. Og ei av dei skriv det slik: ”Nå er jeg voksen og drømmen har gått i oppfyllelse. Drømmen min har alltid vært å kombinere jobb, familie, venner og snowboardkjøring.” Ho som skriv dette planlegg at ho om ti år er kjøkkensjef på eit stort hotell i Trondheim, er gift med ungdomskjæresten og har ei dotter på to år. Mannen jobbar på eit lager, er den som hentar ungen i barnehage og lagar alltid middag til kjøkkensjefen. Men hovudmønsteret er likevel litt mindre kule fritidsaktivitetar, som friluftsliv, trening, samvær med venner, naboar og familie.

”En kveld i uken spiller jeg bedriftshåndball. Det har jeg gjort de siste 14 årene. En gang i måneden treffes en gjeng av oss som hang sammen da vi gikk på videregående. Ellers i ukene så bruker jeg mye tid på familie og venner. Jeg kunne ikke vært foruten noe av dette, fordi det er dette som betyr noe for meg og vårt liv her”,

skriv ho som bur utanfor ein distriktsby i 2010, er førskulelærer, gift og har tre barn.

### 5.1 Privatisert fritid


Det fritidslivet dei yngste kvinnene i datamaterialet vårt er opptatt av er ei privatisert fritid, det er det tydelegaste trekket vi finn i materialet. Svært å er opptatte av deltaking i politisk arbeid, i parti eller organisasjonslivet. Det andre trekket som karakteriserer denne gruppa, er at dei synest å vera lite interesserte i fritidsaktivitetar for eigen del, i alle fall om det at dei skriv lite om dette, derimot av barna si fritid. Dei som skriv om fritid skriv i stor grad om ungar, om deira behov og interesser, og om å følgja opp ungane. Å vera

<sup>41</sup> ”Kule fritidsaktiviteter = kul jobb?”. Aftenposten, søndag 3. september 1999

bakkemannskap for ungane si fritid er vanleg, ”det er slik det er med småungar”, som dei skriv. Men mange skriv ikkje noko om fritid i det heile, andre skriv at før, då dei var ungdommar, gjekk dei ut, trente, spelt bowling, gjekk på kino, og syntest det var for lite å gjera på heimplassen. Men dei er over den perioden, no er det ungane og deira behov som står i sentrum. Det er særleg dei familieorienterte jentene som er lite opptekne av eiga fritid, men mykje opptekne av barne sine fritidsinteresser, og korleis dei sjølve medverkar til eit innhaldsrikt fritidsliv for barna. Også ein stor del av dei karriereorienterte jentene skriv lite om fritida, men ikkje fordi dei er travelt opptekne med eigne barn i fritida. Derimot er desse unge kvinnene travelt opptekne med jobb og karriere, og har lita tid til fritid. Men dei som skriv om interesser, har gjerne mange, også i tillegg til å prioritera barna. Dei viktigaste eigne interessene i denne privatiserte fritida er slike som trening, turar og prat med venninner, kulturaktivitetar, og for eit mindretal friluftsliv, jakt og fiske.

Vi finn og forskjellar mellom fritidsaktivitetar blant storby- og distriktsjentene, ikkje minst på grunn av at fleire av dei jentene som ikkje er etablerte med familie bur i storbyane. Dei unge jentene som skriv om eit liv i storbyen om ti år, skriv om ei fritid der dei først og fremst er opptatt av trening eller dei går ut saman med venner. Jentene som bur i distriktsområda om ti år er også opptatt av trening, men barn og familie, og friluftsliv er og svært viktige aktivitetar for desse jentene. Ingen av dei som bur i storbyområda nemner barn og familie, men så har då heller ikkje mange av desse etablert seg med familie, i alle fall ikkje med barn, om ti år. Så medan fritida er konsentrert omkring treningsstudio og kafé for jentene som har flytta til storbyen, er turar i skog og mark saman med mann og barn viktige for jentene i distriktsområda, ved sida av eigen trening.

Tabell 5.1 *Fritidsaktivitetar ungdommar - unge kvinner busette i distriktskommunar og i storbykommunar 2010. Prosent.*



Jenta frå ein landsbygdkommune, som planlegg å arbeida som bartender i Oslo om ti år skriv slik om fritida si i storbyen:

”Jeg søker spenning i livet, treffe nye folk og ikke minst elsker jeg å shoppe. Så det er det jeg gjør i fritiden, shopper! Vel, nå overdriver jeg litt da. Det er ikke bare det fritiden min består av. Jeg trener også. Går på helsestudio, for jeg må jo holde meg i form. Jeg og Christian liker å reise rundt i verden, se mye spennende og oppleve nye ting. Så hver vinter reiser


vi til varmere strøk og slapper av, og koser oss. Jeg har aldri likt vinteren noe særlig. Det er så lite å finne på. Enest snowboard da. Det er ikke så mange bakker her i Oslo, så jeg bruker å reise til Trysil. Jeg har stått på snowboard i 12 år. Prøver å lære Christian litt også.”

Om ti år planlegg ho at ho har sambuar, men ikkje barn. Fritida er konsentrert omkring private føremål, trening, gå i butikkar, gå ut. Ho skil seg ikkje vesentleg ut frå andre jenter i samme situasjon, busette i storbyen, men ho skil seg ut frå jentene som har etablert seg med mann og barn. Deira liv, og også fritid, er konsentrert omkring andre ting. Slik kan ei som er 28 år i 2010 og bur i ein bygdebykommune, fortelja om fritida om ti år, slik ho førestiller seg den:

”På fritiden min er jeg mye med barna våre. Vi bruker å gå i fjøset og se til dyrene. Barna elsker dyrene, og ofte er nabobarna her hos oss. Når jeg ser ut av vinduet nå, ser jeg mange søte små barn som leker ute i solen. Jeg smiler og synes at alt er slik jeg i år 2000 ønsket meg.”

Studentane som svarte på spørjeskjemaet har også svart på kva fritida deira vil vera fylt av om ti år. Svara skil seg ikkje vesentleg frå det jentene på vidaregåande skule seier.

Figur 5.1 *Fritidsinteresser unge kvinner i 2010. Prosent*



Dei to utsegnene som best beskriv unge kvinners karakterisering av framtidig fritidsaktivitetar er desse:

- ”Fritida eg har brukar eg sammen med familien, trenar, pratar med gode venninner eller drar på tur med dei”, og
- ”Fritida brukar eg til venner, trening, reiser og ulike kulturelle aktivitetar.”

Forskjellane i desse to utsegnene ligg i at det første alternativet beskriv ei fritid saman med ein familie, der aktivitetar med ungar og familie har ein sentral plass, til liks med

aktivitetar saman med gode venninner. Det sistnemde alternativet beskriv i større grad ei fritid for kvinner som er single eller sambuande utan barn. Igjen er det den kvinnegruppa som er i ferd med å gjennomføra eit pedagogisk utdanningsløp som legg mest vekt på barn og familie også når det gjeld fritidsaktivitetar. To tredjedeler av desse kvinnene seier at dei brukar mykje eller svært mykje av fritida til aktivitetar med barna, under halvparten av studentane innanfor økonomi eller administrasjon seier det, og berre ein fjerdepart av dei som i dag er hovudfagsstudentar seier at barn og deira aktivitetar vil oppta ei stor del av fritida deira om ti år. Om vi ser på korleis svara fordeler seg for alternativet "Fritida mi brukar eg til venner, trening, reiser og kulturelle aktivitetar", så blir biletet det motsette. Her er det dei unge kvinnene som utdannar seg innanfor økonomi og administrasjon, eller er hovudfagsstudentar i dag som i størst grad svarar at slike aktivitetar vil ta storparten av deira fritid. Vel ni av ti av desse studentane seier denne utsegna stemmer godt for deira fritidsaktivitetar om ti år, medan sju av ti av lærarstudentane seier det samme. For det alternativet som får høgast oppslutnad, aktivitetar saman med familie, venner, turar og trening, får derimot ikkje nemnande ulik oppslutning frå dei ulike utdanningsgruppene.

Også her ser vi at det er til dels store forskjellar mellom kvinner som planlegg å busetja seg i distrikta, og kvinner som planlegg å busetja seg i storbyområda. Distriktskvinnene sine fritidsinteresser er nært knyta til friluftsliv og til barn og familie, venninner og naboar. Storbykvinnene er opptatt av trening, går ut på byen, og ingen av dei svarar at dei vil bruka fritida til aktivitetar saman med barna og familien.

## 5.2 Politisk deltaking

Politisk deltaking som fritidsaktivitet eller frivillig aktivitet er på vikande front blant unge kvinner i dag, parti og organisasjonar har problem med rekruttering, unge menneske vel andre aktivitetar enn partiarbeid eller organisasjonsarbeid. Det er svært få av dei unge jentene frå vidaregåande skule som skriv om politisk engasjement og deltaking, slike aktivitetar er ikkje ein del av deira fritidssyslar i dag, og få av dei skriv om slikt engasjement som ein del av fritida om ti år. Fritidssyslar for ungdom på 17-18 år er private syslar, som trening, musikk, vera saman med venner, gå ut. Å engasjera seg i politiske organisasjonar, som ungdomsparti, miljøorganisasjonar og andre, er uvanleg.

Heller ikkje studentane i utvalet beskriv seg sjølve som trufaste partimedlemmer og organisasjonsdeltakarar i 2010. Men det inneber ikkje utan vidare at dei ikkje kjem til å vera opptatt av politiske saker eller av å engasjera seg i politisk arbeid. Engasjementet skjer berre ikkje gjennom partiarbeid, men gjennom enkeltsaker. Seks av ti av dei unge kvinnene seier at om ti år vil dei engasjera seg i enkeltsaker dei er opptatt av, men det skjer ikkje gjennom noko parti, fordi dei ikkje synest dei sjølve passar i noko parti. Her skil ikkje dei unge kvinnene seg ut frå andre unge kvinners politiske engasjement, som i stor grad skjer gjennom enkeltsaker, og ikkje gjennom det tradisjonelle parti- og organisasjonslivet (Skålnes 1998)<sup>42</sup>. Det er framfor alt dei med små barn som seier dei vil engasjera seg politisk, og det er gjennom saker og tiltak som har med barnehage, skule og nærmiljø å gjera.

<sup>42</sup> Skålnes, Sigrid (1998): "Pathways to Participation – Rural Women`s Participation in Voluntary Organizations", in: Frånberg, Gun-Marie (ed): *The Social Construction of gender in Different Cultural Contexts*, SIR, Stockholm 1998



Tabell 5.2 *Engasjement i politiske aktivitetar 2010*

<b>Trur du at du vil engasjera deg i politiske aktivitetar i 2010?</b>	<b>Prosent</b>
Nei, partipolitikk er for gamle gubbar	18
Nei, eg vil bruka fritida mi på artigare ting	42
Nei, eg er ikkje interessert i politikk	30
Ja, med små barn kjem eg til å engasjera meg i tiltak i barnehage, skule og nærmiljø	56
Ja, eg synest det er veldig viktig å engasjera meg for ei alternativ utvikling, og er med i alternativrørsler (miljørørsla etc.)	25
Ja, eg engasjerer meg i enkeltsaker eg er opptatt av, men passar ikkje inn i noko parti	60
Ja, eg er opptatt av kvinners situasjon og engasjerer meg i slike spørsmål	41

Godt og vel to av fem av kvinnene som planlegg å slå seg ned i storbykommunar seier at dei vil bruka fritida på artigare ting enn politiske aktivitetar, medan berre ei av fem av jentene som bur i distriktskommunar seier det samme. Det er og kvinnene som buset seg i distrikta som vel å engasjera seg i enkeltsaker i størst grad, medan kvinnene i storbyområda ser seg som mindre aktive på det feltet. Også det å ha barn gjev utslag i retning meir aktivitet.

### 5.3 Oppsummering

Biletet vi får av fritida til unge kvinner om ti år er eit bilete av ulike slags fritider, fylt av ulike aktivitetar. Nokre trekk peikar seg likevel klart ut, vi finn stort sett det som blir kalla ei privatisert fritid, der aktivitetane er konsentrert omkring ein sjølv, og dei som står ein nær, som barn og familie. Det er få eksempel på tradisjonelle aktivitetar som medlemskap og deltaking i politiske parti eller organisasjonar. Politisk aktivitet og interesse blir realisert på andre måtar, gjennom engasjement for enkeltsaker, oftast i samheng med ungar, skule og nærmiljø. Dei yngste jentene i utvalet vårt skriv lite om dette, ei forklaring til dette kan nok finnast i det at slike interesser gjerne utviklar seg litt seinare enn i 17-18 årsalderen.

Vi ser og eit vesentleg skilje i fritidsinteresser og –aktivitetar mellom dei familiserte jentene, og dei som ikkje er etablerte med familie. Dette skiljet går også til ei viss grad mellom dei som er busette i storbyregionane og dei som er busette i distriktsområda, fordi dei fleste barnlause kvinnene er busette i storbyane. Det grunnleggjande skiljet er likevel det som går på livsfase, at fritidsprosjektet er noko anna for den unge kvinna utan barn og familieforpliktingar, enn for ho med familie. For den familiserte kvinna er det barna og deira behov som står i fokus i fritida, ho er snarare ei som støttar opp om deira fritidsaktivitetar enn ei som deltek i mange eigne fritidsaktivitetar. Det er ho utan barn som har ei fritid fylt av ulike typar aktivitetar, om ho har fritid i det heile då.

Mange av dei unge kvinnene med familie synest å leggja lite vekt på fritidstilbod for si aldersgruppe, det er tilbod til barn som er viktige. Dette er slik som først og fremst kjem fram blant den yngste kvinnegruppa, for dei eldre stiller det seg noko annleis, for når studentane svarar på kva som er viktig ved kommunen dei vil busetja seg i, så er allsidige kultur- og fritidstilbod blant det som oftast blir nemnt.

## 6 Mellom frihet og trygghet – unge kvinner og busettingsval

”Vi bur her i Harstad, og eg jobbar som lærar. Mannen min er politibetjent. Eg har nettopp teke til å jobbe igjen etter mammapermisjon. Det var utruleg godt å kome tilbake, sjølv om tida heime var fin, så sakna eg litt av det sosiale arbeidsmiljøet. .... Eg trivst godt her i byen. Det er passeleg med innbyggjarar her. Ikkje for stort, slik at vi forsvinn i folkemengda, men heller ikkje så lite at vi misser eit privatliv. Eg hugsar då eg var 18 år, og budde heime<sup>43</sup>. Eg skulle flytte til Austlandet og studere jus, eller opne min eigen restaurant. Hehe, i Nord-Norge skulle eg i alle høve ikkje busette meg! Vinteren var altfor lang og kald, og Oslo var den store draumeplassen å bu. Eg hata det vesle samfunnet der ein ikkje kunne skifte tannbørste eingong utan at heile bygda skravla om det dagen etterpå. Alt då bestemte eg meg for at mine barn ikkje skulle vekse opp på ein så liten plass.”

Det vart Oslo, det vart jusstudier også. Men korkje jus eller Oslo viste seg å vera det rette for jenta frå landsbygdkommunen.<sup>44</sup> Lærarutdanning var det rette valet, og i Oslo møtte ho han ho gifta seg med, og etter ei tid blei lengten tilbake til Nord-Norge for sterk. Ikkje til bygda, men til småbyen i nord. Det er slik 18 åringer frå landsbygdkommunen ser for seg dei neste ti åra, utdanning, ut og prøva noko nytt, etablering av eit yrkesliv, stifta familie – og så busetja seg utanfor storbyen, men ikkje i ei lita bygd. Denne jenta er ikkje åleine om å tenkja slik om framtida, korkje når det gjeld utdanning, familieliv eller når det gjeld ønskje om kor og korleis ho vil bu. Det er ikkje landsbygdkommunen som er attraktiv for desse jentene, for dei yngste jentene heller ikkje bygdebyen, men småbyen, eller distriktsbykommunane. Og det er storbykommunane. Men storbyen er ikkje utan vidare ein endestad, heller ein stoppestad nokre år, på veg heim til distrikta, der familien skal etablerast. For dei litt eldre kvinnene i datamaterialet vårt, dei som hovudsakleg er i aldersgruppa 20-25 år, finn vi eit noko anna mønster. Det dei har til felles er likevel at landsbygdkommunane ikkje blir oppfatta som attraktive framtidige busettingskommunar.

I det følgjande skal vi sjå på kor jentene ønskjer å etablere seg i framtida, og kva krav dei stiller til staden der dei skal bu.

### 6.1 Her vil eg bu – i alle fall nokre år


I stiloppgåva bad vi ungdommane om å skriva kor dei trur dei kjem til å bu om ti år, og kvifor dei har valt å slå seg ned nettopp på den staden. Vi bad om det samme i spørjeundersøkinga til studentane, der eit av spørsmåla var kor ein trudde ein kjem til å bu i år 2010. Alle som skreiv stil svarte på spørsmålet, og skreiv meir eller mindre utførlege om

<sup>43</sup> I ein landsbygdkommune.

<sup>44</sup> Ein kommune med eit innbyggartal på godt og vel 2300.

kor og korleis dei kjem til å bu, og kva som er utslagsgjevande for valet. Vi ser først på kva ungdommane frå vidaregåande skule svarte, deretter på svara frå studentane i utvalet.

Figur 6.1 *Bustad 2010, ungdommane. Prosent*




Av dei 86 jentene ser 27 for seg dei bur i ein norsk storby om ti år. Ingen av desse har vokse opp i ein storby. Dei fleste av dei bur i Oslo, men det er og nokre i Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø. Nokre – 15 - av jentene bur i utlandet, driv restaurant eller arkitektkontor i Stockholm, er i utanrikstenesta på Cuba, psykolog i New York, lærar i Frankrike, jobbar i Italia, to bur på ranch i Montana i USA og ei er fotballproff og bur i Spania. Resten, 44, bur utanfor storbyområda i Noreg, dvs. i det eg her vil kalla distrikts-Norge. Distrikts-Norge er resten av Noreg, det vi elles i prosjektet deler inn i landsbygdregionar, bygdebyregionar og distriktsbyregionar. Av desse bur 28 i distriktsbyar, åtte i bygdebyar og åtte i landsbygdkommunar.

Biletet av framtidig bustadkommune blir noko annleis når vi også tar med studentane i utvalet. Dette er ei eldre kvinnegruppe enn dei mellom 16 og 19 år, og ein stor del av dei er alt etablert med familie. Det inneber for mange også at dei alt har valt stad å bu. Når vi ser på svaret på spørsmålet om kor dei trur dei kjem til å bu i 2010, fordeler svara seg som følgjer:

Av dei 86 jentene ser 27 for seg dei bur i ein norsk storby om ti år. Ingen av desse har vokse opp i ein storby. Dei fleste av dei bur i Oslo, men det er og nokre i Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø. Nokre – 15 - av jentene bur i utlandet, driv restaurant eller arkitektkontor i Stockholm, er i utanrikstenesta på Cuba, psykolog i New York, lærar i Frankrike, jobbar i Italia, to bur på ranch i Montana i USA og ei er fotballproff og bur i Spania. Resten, 44, bur utanfor storbyområda i Noreg, dvs. i det eg her vil kalla distrikts-Norge. Distrikts-Norge er resten av Norge det vi elles i prosjektet deler inn i landsbygdregionar, bygdebyregionar og distriktsbyregionar. Av desse bur 27 i distriktsbyar, åtte i bygdebyar og åtte i landsbygdkommunar.

Biletet av framtidig bustadkommune blir noko annleis når vi også tar med studentane i utvalet. Dette er ei eldre kvinnegruppe enn dei mellom 16 og 19 år, og ein stor del av dei er alt etablert med familie. Det inneber for mange også at dei alt har valt stad å bu. Når vi ser på svaret på spørsmålet om kor dei trur dei kjem til å bu i 2010, fordeler svara seg som følgjer:

Figur 6.2 Bustadkommune 2010, studentane. Prosent.




Men sjølv om mange i denne gruppa alt har valt stad å bu, er det likevel ei heller stor gruppe som er usikker på kor dei kjem til å bu om ti år. Om vi ser bort frå denne gruppa, så er mønsteret elles at bygdeby-, distriktsby- og storbykommunane er kommunetypene som er mest attraktive som stader å busetja seg for studentane. Ei av ti av dei planlegg å busetja seg i ein landsbygdkommune, fire av ti i ein bygdebykommune, og resten av dei som har gjort seg opp ei meining om framtidig bustad, seier at dette blir i ein distriktsby eller ein storby.

### 6.1.1 Vinnarane og taparane

Bygdebykommunane og distriktsbykommunane er vinnarane som busettingskommunar blant studentane i utvalet. Fjerdeparten av studentane seier dei kjem til å bu i ein bygdebykommune om ti år, mest like mange – 23% - seier dei kjem til å bu i ein distriktsbykommune. Av dei unge kvinnene som er etablerte med mann eller sambuar, seier tredjeparten av dei at dei kjem til å busetja seg i ein bygdeby. Knappt femteparten av dei unge kvinnene seier dei bur i ein storbykommune i 2010, og 11% kjem til å bu i ein landsbygdkommune. 16% seier at dei ikkje veit kor dei kjem til å bu om ti år, medan eit fåtal ikkje har slått seg ned, og endå færre bur i utlandet i 2010.

Bygdebykommunane og distriktsbykommunane er vinnarane som busettingskommunar blant studentane i utvalet. Fjerdeparten av studentane seier dei kjem til å bu i ein bygdebykommune om ti år, mest like mange – 23% - seier dei kjem til å bu i ein distriktsbykommune. Av dei unge kvinnene som er etablerte med mann eller sambuar, seier tredjeparten av dei at dei kjem til å busetja seg i ein bygdeby. Knappt femteparten av dei unge kvinnene seier dei bur i ein storbykommune i 2010, og 11% kjem til å bu i ein landsbygdkommune. 16% seier at dei ikkje veit kor dei kjem til å bu om ti år, medan eit fåtal ikkje har slått seg ned, og endå færre bur i utlandet i 2010.

Figur 6.3 Bustadkommune unge kvinner 2010. Prosent.



Det vi ser blant studentane er at det er lite sannsynleg at unge distriktskvinner buset seg i ein kommunetype som er mindre sentral enn den kommunetypen dei er vaksne opp i. Det er få som "flytter nedover". Slik er det svært få av dei unge kvinnene som vaks opp i ein bygdebykommune som planlegg å busetja seg i ein landsbygdkommune, og det er enno færre frå distriktsbykommunane som planlegg å busetja seg i ein landsbygdkommune. Heller ikkje dei som vaks opp i ein landsbygdkommune sjølv planlegg å busetja seg i heimkommunen eller ein annan landsbygdkommune om ti år. Om viser på utdanningsgrupper, så er det særleg dei som tek ei pedagogisk utdanning, for å bli lærar eller førskulelærar, som planlegg å busetja seg i ein landsbygd- eller bygdebykommune. Halvparten av dei unge kvinnene som tek slik utdanning, planlegg å bu i ei bygd eller ein bygdeby om ti år. Litt mindre, vel førti prosent, av dei som utdannar seg til sjukepleiarar, barnevernspedagogar eller sosionomar, planlegg å busetja seg i ei bygd eller ein bygdeby om ti år. For alle dei andre utdanningsretningane ser vi at eit stort fleirtal av studentane planlegg å bu i ein distriktsbykommune eller ein storbykommune om ti år.

At distriktsbyane og storbyane er "vinnarane" som stad å bu i framtida for dei yngste jentene i utvalet vårt kan blant anna truleg forklarast med utvalet vårt. Vi har mange stilskrivarar frå Hamar – og mange av desse jentene skriv dei vil busetja seg på Hamar eller nær byen. Men jentene nemner også mange andre distriktsbyar som aktuelle stader å bu om ti år, som Harstad, Bodø, Ålesund, Molde, Kristiansand, Arendal, Drammen, Fredrikstad, Halden, og dei to Mjøsbyane Gjøvik og Lillehammer. Om vi berre ser på busettingsvala til jentene som går vidaregåande skule på Hamar, er det prosentvis mange av dei som i framtida bur i ein distriktsby. Av dei som går på vidaregåande skule i bygdebyen Førde er det langt fleire som buset seg i ei bygd, enn i ein bygdeby eller distriktsby. Dei aller fleste av dei som buset seg i ein landsbygdkommune er frå ein liknande kommune sjølv, sjølv om dei går vidaregåande anten i Førde eller på Hamar. Dei kan vera frå Askvoll, Solund, Lebesby eller Engerdal.

Jentene som skriv at dei vil busetja seg i ein landsbygdkommune, som Askvoll, Solund, Skarnes, Engerdal eller andre, er så og seia alle saman vaksne opp i samme kommunen. Det er landsbygdkommunar rundt dei to utvalskommunane våre, bygdebyen Førde og distriktsbyen Hamar. Jentene som vil busetja seg i desse landsbygdkommunane, kjem frå

dei sjølve, og går vidaregåande skule i Førde eller på Hamar. Men det er ingen av jentene som kjem frå landsbygdkommunar i Troms, og går vidaregåande skule på Sjøvegan, som planlegg ei framtid i ein nordnorsk landsbygdkommune. Dei vil busetja seg i ein storbykommune eller i ein distriktsbykommune. Flesteparten av dei (5) bur i Oslo, Bergen, Trondheim eller Tromsø, dei andre i distriktsbyar som Harstad, Halden eller Kristiansand.

Tabell 6.1 *Kor ein vil bu i 2010 etter oppvekststad, studentane. Prosent, N= 226*

	Oppvekststad				
	Landsbygd	Bygdeby	Distriktsby	Storby	Uoppgitt
Landsbygd	18	6	9	13	9
Bygdeby	22	30	26	15	37
Distriktsby	16	24	23	30	18
Storby	16	16	17	28	27
I utlandet	2	3	4	3	
Ikkje slått seg ned	2	5	6		
Veit ikkje	22	16	15	13	9

Når vi som ovanfor ser på dei unge kvinnene som i dag er studentar, ser vi at mindre enn ein tredjepart av jentene seier at om ti år kjem dei til å bu i samme slags kommunetype som dei vaks opp i. Her er det likevel store variasjonar mellom jentene frå dei ulike kommunetypane. Om vi har som utgangspunkt at det er større sannsynlegheit for at jenter ønskjer å busetja seg i samme type kommune som dei har vakse opp i, ser vi at dette berre stemmer for jenter som har vakse opp i bygdebykommunane. Nærare ei av tre jenter oppvaksne i bygdebykommunar seier at dei om ti år er busett i same kommunetype. Men også her seier to av tre jenter at dei kjem til å bu i ein annan kommunetype enn bygdebyen, og for desse jentene gjeld det først og fremst at dei kjem til å busetja seg i ein distriktsby. For dei av desse jentene som vil busetja seg i ein storby, kan denne like gjerne vera i utlandet som her i landet.

Også alle dei andre kommunetypane kjem til å tapa fleire jenter enn kva dei klarer å behalda. Om ti år vil mindre enn ein fjerdepart av jentene som har vokse opp i desse kommunetypane bu i andre typar kommunar. Det er framføre alt landsbygdkommunane som kjem til å oppleve at unge jenter som vaks opp der, ikkje kjem til å bu der om ti år. Av jentene som vaks opp i storbykommunane seier 28 prosent av dei at dei bur i ein storbykommune om ti år. Tilsvarande tal for jentene frå distriktsbykommunane er mindre, og altså minst for landsbygdjentene, der berre 18 prosent seier at dei kjem til å bu i ein landsbygdkommune om ti år.

Landsbygdkommunane taper, kommunar med ”by” i seg er vinnarane. Men det er prosentvis færre som er storbyen Oslo som framtidig busettingsalternativ, enn kva det er som vil busetjinga seg i ein landsbygdkommune. For det er like gjerne andre storbyområde i landet som er like attraktive som busetjingsalternativ for distriktskvinner som Oslo er. For dei unge kvinnene i vårt utval går det ikkje ein brei veg mot Oslo som etableringsstad, det finst derimot mange fleire alternativ når det gjeld å busetja seg i framtida, og desse finst både i bygd og småby. For dei unge kvinnene som verkeleg legg vekt på urbane verdiar blir storbyar i utlandet, som Stockholm og Paris, oppfatta som meir attraktive alternativ enn Oslo.

## 6.2 Kva krav stiller unge distriktskvinner til staden der dei skal busetja seg?

”Jeg synest det er fint å bo her, og ha den nære familien rundt meg. Mine foreldre bor like ved, og en av mine søstre med sin familie har også bosatt seg her. Jeg savnet dem da jeg gikk på skole, og ikke bodde her, og benyttet alle sjanser til å reise hjem til mor og far. Vi har alltid hatt et nært forhold. Min samboers foreldre bor i Førde, så det er heller ikke så langt å dra for å besøke dem. Det er selvfølgelig både fordeler og ulemper ved å bo i distriktet, men det vil det vel være alle steder. På større steder er det vel flere fritidstilbud enn det er her, men jeg synes likevel at det er mye en kan ta seg til på fritiden, både for barn og voksne. Idretten preger jo en stor del av barnas liv, og her er mange forskjellige tilbud innen idrett. Fritidsklubben jeg jobber på er jo også et godt alternativ for ungdommen. Ellers kan de dyrke de fleste interesser som ungdom andre steder. Ettersom jeg er den typen som liker å gå og se i butikker, hender det jo ofte at jeg må ta en tur til byen. Jeg kunne jo ønsket at handelsstanden hadde vært bedre her, men med tanke på pengene er det kanskje like greit at jeg ikke har tilgang til det helt store utvalget hver dag. Vi får jo alltid tak i det trenger. Vi liker å gå ut en tur i helgene inn imellom, og da blir det jo på det samme utesteder hver gang. Det blir jo lite variasjon, men vi har mange gode venner her, og det er som oftest veldig gøy.”

Attenåringen frå Sunnfjord som skriv slik om livet sitt om ti år, tenkjer seg at ho i 2010 er utdanna barnevernspedagog, arbeider i grunnskulen og på ein fritidsklubb i heimkommunen, angrar ikkje på at ho busette seg i distriktet, og likar at barna skal veksa opp der. Sunnfjordjenta representerer den eine gruppa av unge jenter her, dei som vil busetja seg utanfor storbyregionane. Den andre gruppa er jentene som vel storbyen som det gode og attraktive busettingsalternativet. Det er svært ulike forhold desse to gruppene vektlegg ved stadene der dei ser for seg at dei kjem til å slå seg ned.

Nærhet til familie og venner, gode oppvekstforhold for barn og rimeleg bra tilbod for vaksne er det som går igjen når unge kvinner som slår seg ned i distriktskommunane skriv om kva dei vektlegg ved staden dei buset seg. Det er trygghet og gode oppvekstforhold som synest å vera avgjerande. At staden også skal gje mulighet for eit arbeid blir ofte ikkje nemnt eksplisitt. Det kan synast som om spørsmålet om arbeidsmuligheter blir tatt saman med utdannings- og yrkesvalet. Jentene vel plass å bu, og vel deretter utdanning ut frå kva slags utdanning som kan gje arbeidsmuligheter der dei vil bu. Å kunna bu på heimstaden blir slik minst like viktig som å kunna velja mellom mange ulike utdanningsretningar. Ingen av desse jentene skriv om yrkeskarriere, eller vektlegg at den er det viktige, og underordna bustadvalet.

Jobbmuligheter og karrieremuligheter er lite framme i stilane til jentene frå vidaregåande skule. Når dei skriv om bustad og busettingsval, så skriv dei ikkje mykje om arbeid og karrieremuligheter. Det dei skriv om er trygghet, nærhet til naturen, kultur- og fritidstilbod, og framfor alt gode oppvekstvilkår for barn som er avgjerande. Slik blir skule- og barnehagetilbod oftare trekt fram enn arbeidsmarknaden, og eventuelle muligheter for å velja mellom ulike attraktive jobbar. Dette gjeld først og fremst dei jentene som skriv at dei vil busetja seg i distrikta i 2010, for jentene som har storbyen som bualternativ er grunngevingane for val av stad å bu noko annleis. Dei legg i større grad vekt på det som framstår som positivt ved storbyen, som ein variert arbeidsmarknad og eit variert kultur- og fritidstilbod, og dei legg vekt på det som framstår som negativt ved staden dei flytte

frå, bygda eller bygdebyen i distrikta. Og det negative ved distrikta er ikkje berre mangel på bra arbeidsmuligheter, det er også mangel på kulturtilbod, og det er også manglande frihet – frihet til å gjera det ein vil, til å oppføra seg slik ein ynskjer, utan at det skal bli omtalt av naboen. Gjennomsiktligheten og det at "alle veit alt om alle" framstår som negativt for desse unge jentene, det som andre ser som trygghet og at nokon bryr seg, blir overvaking og uønskt kontroll i altfor stort omfang. Slik blir valet av storbyen både eit val ut frå kva kvalitetar storbyen tilbyr, og ut frå kva dei vil flytta vekk frå i distrikta. Dei flyttar ikkje berre bort frå kontroll og det å bli sett av "alle", men også bort frå det som er kjedeleg. Ho som dreg frå Oslo for å besøka foreldra i bygdebyen, skriv det slik: "Det kunne rett og slett bli kjedelig å være hjemme på besøk. Nesten ingen av vennene mine bodde hjemme, og følelsen av at alle kjente meg igjen var ubehagelig. Jeg var anonym i Oslo, og trivdes veldig godt med det." Men om storbyen er god i tida som ung student, eller i tidleg yrkeskarriere, og før familieetablering, er det ikkje sikkert storbyen er endestasjon likevel. Slik skriv ei jente som ser seg sjølv som buande i storbyen om ti år:

"Jeg blir nok værende her i storbyen, for bylivet har gjort noe med meg. Jeg er blitt glad i den "friheten" det faktisk er å bo i by. Det er så mye å ta seg til, både kino, teater og konserter, og blir en lei, er det bare å sette seg på kafé. Mulighetene er så mange, en får aldri tid til å kjede seg. Men en ting er sikkert, får jeg barn, skal jeg ut av byen, helst hjem. Jeg vil la barna mine få vokse opp i landlige omgivelser. De skal kjenne naboen, og kunne leke ute uten fare for å bli nedkjørt. De skal få oppleve den tryggheten det er å vokse opp i et lite lokalmiljø der dugnadsånden regjerer, og der en bryr seg om hva som skjer med naboen eller mannen i gata."

Gjennomsiktlegheiten i lokalmiljøet, som er kvelande for ein ungdom, blir slik snudd til det å ha omsorg for kvarandre, bry seg, når dei unge ser seg sjølv som småbarnsmødrer. Og i livsfasen med små barn er det dette som blir vektlagt, i alle fall slik dei unge jentene ser det.

Finn vi samme tendensane når vi snur oss til studentmaterialet? Kva er det studentane vektlegg ved staden dei vil bu i 2010? For desse unge kvinnene har vi mulighet til å presentera svara i tabellform, fordi vi har spurt studentane på kva dei trur dei vil vektleggja ved framtidig bustad.

Tabell 6.2 *Kva studentane legg vekt på ved stad å bu i framtida. Prosent.*

	Prosent
At det er gode muligheter for spennande jobbar der både for meg og sambuaren min	89
At det er ein stad med mange og gode kultur- og fritidsmuligheter	83
At det er ein stad med mange interessante møteplassar	57
At det er eit godt oppvekstmiljø og nært til barnehage og skule der	88
At det er nært til familie og slekt	70
At eg har mange venner der	80
At det er eit godt miljø og lite forureining der	73
At det er nært til naturen	85
At det er eit godt klima der	66
At det er ein stad det er lett å komma til og lett å reisa frå	71
At det er ein stad som er lite prega av gubbekultur	53



Dei fem påstandane som blir oftast trekte fram av dei unge kvinnene i spørjeundersøkinga når dei svarar på kva som er viktig ved framtid stad å bu, er som følgjer:

- Jobbmuligheter
- Skule- og barnehagetilbod
- Nært naturen
- Kultur- og fritidstilbod
- Venner

At staden der ein buset seg kan tilby gode muligheter for spennande jobbar for kvinnene, og for sambuarane deira, er det som blir vektlagt sterkast. Men det er ikkje nemnande avstand til neste punkt på lista; eit godt oppvekstmiljø og nært til barnehage og skule. I tillegg kan det og godt vera ein stad ein har mange gode venner. Interessante møteplassar, eller at staden skal vera lite prega av gubbekultur er det derimot færre som er opptatt av. Desse kvinnene skil seg ut frå ungdommane som skreiv stil i det at dei vektlegg jobbmuligheter i langt sterkare grad enn ungdommane når det gjeld val av stad å bu. Medan denne aldersgruppa av distriktskvinner legg vekt på jobbmuligheter for to som eit av dei viktigaste kriteria ved val av stad å bu, var dei nokre år yngre jentene frå vidaregåande skule langt mindre opptatt av dette. Denne forskjellen kan nok ha med alder å gjera, at jentene på vidaregåande skule ikkje er så opptatt av valgmuligheter på arbeidsmarknaden, men meir opptatt av valgmuligheter innanfor utdanningssystemet. Arbeid og jobbmuligheter er noko som slik kjem seinare, når utdanninga er begynt, og når dei er meir etablerte enn kva dei fleste er som attenåringar. Likevel er det slik at for mange er framtidsplanane klare, også når det gjeld yrkeslivet. Men det er ikkje yrkeskarriere i seg sjølv som er det viktige, familieliv og bustad ser ut til å vera meir avgjerande for kva som utgjer det gode liv.

Om vi ser på grunngevinga for val av stad å bu ut frå kva slags utdanningsretningar dei unge kvinnene har valt, finn vi forskjellar. Tabellen nedanfor viser dette.

Om vi her ser på dei ulike utdanningsgruppene, så er det to grupper som skil seg ut i kvar sin retning. Det er dei som tar pedagogisk utdanning, og skal bli førskulelærarar eller lærarar, og det er akademikarane som er i ferd med å gjennomføra hovudfagsstudiet ved universitetet. Dei som tek pedagogisk utdanning vektlegg først og fremst oppvekstvilkår for barn når dei vel plass å bu i framtida. Deretter vektlegg dei at det er lett å komma seg ut i naturen, at det er ein stad der ein har mange venner og der det er eit godt miljø. Gode og spennande jobbmuligheter for to kjem lengre nede på lista for desse, først på ein sjetteplass. Dei som gjennomfører ei akademisk utdanning ser noko annleis på det å velja stad å bu i framtida. Dei vektlegg først og fremst at staden gjev mulighet for spennande jobbar for to, deretter at det er nært naturen og at det er gode kultur- og fritidstilbod. Oppvekstforhold for barn kjem på ein fjerdeplass. Slik ser vi at vektlegging av kva som er viktig ved val av bustad varierer mellom utdanningsgruppene, og at det er dei som skal bli lærarar som først og fremst vel ut frå familieomsyn, og mindre ut frå eigne jobbmuligheter. For busettinga kan dette innebera at ei bygd, ein bygdeby eller ein distriktsby som er attraktiv som bustad, som gjev gode oppvekstvilkår for barn, vil kunna tiltrekka seg unge kvinner som utdannar seg til lærarar. Likevel vil noko av det viktige vera at staden tilbyr attraktiv jobb for mannen eller sambuaren til desse jentene. Også her er det eit samla tilbod, men likevel ikkje slik at yrkestilbodet til jentene er det avgjerande. Det finst slik ulike typar av unge distriktskvinner, og dei vel stad å bu ut frå ulike kriterier og ut frå ulik vektlegging av kvalitetane ved staden. For distrikta inneber det at berre ein måte å framstå på, og berre vektlegging av til dømes gode oppvekstforhold for barn,

inneber at det berre er ei kvinnegruppe dei når fram til. Spørsmålet er om det er nok å satsa berre på det.

Tabell 6.3 Grunnar for val av stad å bu etter utdanningsretning. Prosent.

	Hgsk 3-4 år (øk- adm, it)	Hgsk 3-4 år (omsorg)	Hgsk 3-4 år (skule- fag )	Høgare utdanni- ng opp til 4 år (mat, naturfag)	Hovudfag (ulike fag- retningar)	Tot
Muligheter for spennande jobbar for to	94	94	78	90	95	89
Mange og gode kultur- og fritidsmuligheter	88	94	68	85	88	83
Mange interessante møteplassar	65	48	58	47	71	57
Godt oppvekstmiljø og nært til barnehage og skule	76	98	97	78	81	88
Nært til familie og slekt	60	81	82	61	49	70
Mange venner	78	88	84	82	65	80
Godt miljø og lite forureining	67	77	84	89	58	73
Nært til naturen	72	87	85	91	97	85
Godt klima	75	74	64	67	53	66
Lett å komma til og lett å reisa frå	82	74	66	74	69	71
Lite prega av gubbekultur	65	46	58	18	58	53

## 6.2.1 Friheten i byen – tryggheten heime

Val av stad å bu blir for mange unge kvinner eit val mellom frihet og trygghet. Friheten slik dei unge kvinnene ser den, er lettast å finna i storbyen, tryggheten er lettast å finna på heimplassen, blant det kjende. Kva er det så friheten skal brukast til? Jo, til samver meg gode venner, til å nyta eit mangfaldig kulturliv, til utdanning og til ”en spennende jobb med gode utviklingsmuligheter” som jenta som jobbar som statsautorisert revisor skriv. Eller ho som vaks opp i ein landsbygdkommune på Vestlandet, og i 2010 bur i Oslo, arbeider som flyvertinne, er sambuar med ein flygar og barnlaus, skriv : ”Jeg er for sulten på karriere og frihet til å tenke seriøst på å flytte heim” . Friheten skal også brukast til å ”søke spenning i livet, treffe folk, og ikke minst til det jeg elsker å gjøre; å shoppe”, skriv jenta frå bygdebykommunen på Austlandet.

Slik opnar byen for frihet, for jobbkarriere, for utfalding i fritida, for shopping. Og for å ikkje bli gjenkjent, snakka om, for å sleppa å skilja seg ut. Er så ”frihetsprosjektet” eller leitinga etter frihet og eit liv bortanfor bygda sine auge eit livslangt prosjekt? Har jentene forlete distrikta for godt? Nei, ikkje alle. Femteparten av dei som i 2010 bur i storbyar, er transittpassasjerar, dei er på veg heim. Psykologen flyttar ”kanskje til et mindre sted når barna er blitt større og begynner på skolen”, politibetjentene ser på Oslo som ein mellomstasjon på veg til heimbygda i Østerdalen, fordi ”Oslo er en by med masse forurensing, kriminalitet, innvandring og ikkje minst narkotika”. Storbyen er slik ein god stad å vera for den gruppa som Frønes kallar ”unge vaksne”, dei mellom vidaregåande skule og tretti år, som er studentar, eller har jobb, men stort sett ikkje har barn, og som altså i stor grad utgjer dei moderne urbane her i landet i dag. Men for foreldre med skuleungar er altså

storbyen noko anna, noko som er vanskelegare og der friheten utgjer farar som småbarnsforeldre ikkje ønskjer barna deira skal bli utsette for. Barna skal ikkje bli freista til å kjøpa hasj i nærbutikken i byen, dei skal veksa opp i trygge omgjevnader, nær besteforeldra.

Ingen av jentene som bur utanfor storbyane brukar ord som "frihet" når dei skriv om kvifor dei har busett seg der dei bur. Her er det ord som "trygghet" som går igjen, dei skriv om trygghet og eit godt og fint miljø, ikkje først og fremst for seg sjølve, men for dei ungane dei har i 2010. "Jeg trives så godt her ..... her er trygge og gode omgivelser for barn å vokse opp her" skriv ho som om ti år bur like utafor Hamar. Eller ho som lengta heim til bygda i Sunnfjord, til "samhald og gode naboar", til ein trygg og god stad ho kjende, og som altså reiste heim etter mange år i storbyen. Barndomsvenner, slekt og familie og gode naboar er det som utgjer tryggheten i bygda, som gjer at huset blir bygt i hagen til foreldra eller svigerforeldra, og at jobben blir tilpassa tilbodet på heimstaden. Og det er altså trygghet for barn, eit godt oppvekstmiljø og nærhet til besteforeldre som oftast blir trekt fram.

Men livet i distrikta er ikkje berre trygghet, der kan det også vera interessante jobb-muligheter, også i moderne yrke som it-bransjen, som rett nok eit lite mindretal både av desse jentene, og av dei som bur i storbyar er innanfor om ti år. Distriktsbyen er "et kjempekoselig sted med masse trivelige mennesker", og moderne kommunikasjon gjer det mulig for bioingeniøren i Førde å studera cellebiologi via Internett. Men først og fremst er distrikta trygge stader å bu, trygt for barn å veksa opp, og altså først og fremst kjedeleg for ungdommar.

I eit tiårsperspektiv, når 17-18 åringane er i ferd med å snart "bli 30 og gamle", fortonar heimebygda, eller småbyen, som er dønn kjedeleg for skuleeleven, der det var for lite å gjera på fritida, der det var for få butikkar til at ein ikkje fort kjøpte samme kler som venninner, seg å ikkje vera så verst likevel.

"I 15 års alderen var det utenkjeleg å skulle flytte tilbake til heimbygda etter at en hadde flyttet ut, rømt, bort, vekk. Det var nesten en trend blant oss ungdommene at vi syntes at hjemkommunen vår var treig og traurig. Etter å ha bodd på Hamar i to år, så hadde jeg blitt sikker på at hjemme ikke var så ille".

Jenta som skriv dette ser seg sjølv som lærar om ti år, i heimbygda, ein landsbygd-kommune, der ho kjem til å flytta etter studiar på NTNU<sup>45</sup> i Trondheim, flytta heim dit "hvor mannen i mitt liv ventet og en ledig lærerstilling."

Andre treng ein lengre omveg heim, som jenta som skriv dette:

"Selv om byen har fått en del ytre forandringar, ser det ut til at ånden over byen er den samme. De nybakte mødrene som har vendt hjem for å få barn, og som alltid drakk kaffe på kafeen på handlesenteret, de er nå blitt min omgangskrets. Det er jeg og mine gamle venninner som nå sitter der og gir hverandre gode råd om barnestell og middagsoppskrifter. Det er en underlig følelse å skulle venne seg til denne byen igjen, men på en annen side er alt som før ..... bare ti år senere"

skriv jenta frå distriktsbyen, som i 2010 er fagutdanna kokk med utdanning og erfaring frå inn- og utland. Men som har vendt heim, og som "falt så langt ned i kjærligheten som det er mulig å falle", fekk mann, barn og som beskriv seg sjølv som lykkeleg.

<sup>45</sup> Norges Teknisk-Naturvitenskaplege Universitet

Frihet og trygghet ja, men størst av alt er kjærleiken? Halvparten av jentene som bur utanfor storbyane har vald bustad ut frå kor ektefelle/sambuar er frå eller har fått jobb. Slik dei skriv om seg sjølv om ti år, viser dei at staden der dei bur, der bur dei fordi dei følgde med ektefellen dit han kom frå og hadde eller fekk seg arbeid, eller dit ektefellen fekk seg arbeid. Dei har følgd med, fått seg jobb, og trivst med det. Færre av jentene som bur i storbyar grunngjev val av plass å bu ut frå kor mannen er frå eller har fått jobb. Men så grunngjev heller ikkje desse jentene i så stor grad dette valet ut frå kva mannen er eller kor han er frå, dei skriv om andre ting.

”Det var i Ålesund eg traff mannen i mitt liv. Den kjekke mannen som er årsaka til at eg flytt hit til Sandefjord. Høg, mørk, omtensksom og forståelsefull. Akkurat slik som eg har drøymt om. I dag er det mange som flytter til større byar eller stader for å oppleve meir spenning, eller slik som med eg, at ein treff ein mann som sjarmerer ein i senk”,

skriv Sunnfjordjenta, som ser seg sjølv i Sandefjord i 2010, ein stad ho skriv at ho i dag knapt veit kor i landet ligg.

## 6.2.2 Er det viktig å planleggja kor ein vil bu?

Tabell 6.4 *Er det viktig å tenkja over kor ein vil busetja seg? Prosent.*

	Prost.
Ja, fordi eg ikkje vil bu der eg vaks opp	12
Ja, fordi staden har mykje å seia for jobbmuligheter	74
Ja, fordi staden har mykje å seia for fritidsmuligheter	80
Ja, fordi staden har mykje å seia for muligheter til å treffa venner	71
Ja, fordi staden har mykje å seia for muligheter for å treffa ein attraktiv partnar eller ektemann	23
Ja, men eg trur eg kjem til å bu mange ulike stader	36
Ja, fordi eg vil bu ein stad der ikkje alle veit alt om alle	39
Nei, eg vil tilpassa bustad etter partnar og familieforhold	49
Nei, det kjem an på så mykje, kor eg får jobb, kor vennene min bur, etc.	44
Veit ikkje	5

Dei tre grunnane som blir trekte fram oftast og av flest har med fritid, jobb og venner å gjera. Fritidsmuligheter er det flest vektlegg – 80 prosent gjer det. Og det er dei ugifte, eller utan sambuarar, som legg størst vekt på fritidstilboda ved val av stad å bu, og det er vidare dei som er oppvaksne i landsbygdkommunar som vektlegg minst dette tilbodet. Når det gjeld utdanningskategoriar, er det jentene som tek utdanning innanfor skulefag, og innanfor helse- og omsorgsfag, som legg minst vekt på fritidstilboda ved val av stad å bu. Når ein skal velja stad å bu er altså fritidsmulighetane svært viktig, til og med litt viktigare enn mulighetane for jobb. Det er jentene med økonomisk-administrativ utdanning frå høgskular, eller med universitetsutdanning, som legg størst vekt på jobbmulighetane ved val av stad å bu. Dei som utdannar seg til lærarar, legg vesentleg mindre vekt på jobbmulighetane. Eit forhold her er jo også at det oftast vil vera større utval av lærarstillingar også i små kommunar, enn av stillingar som høver for dei med akademisk utdanning. Både fritidsmuligheter og jobbmuligheter, saman med muligheter for å treffa venner, er viktige, sju – åtte av ti svarar at dette er forhold som er viktige å tenkja i gjennom i val av stad å slå seg ned.

Det vi og ser her er at berre fem prosent seier at dei veit ikkje om det er viktig å tenkja over kor dei vil busetja seg i framtida. Slikt sett verkar det som om dei unge kvinnene har klare meiningar om at det er viktig å tenkja i gjennom val av framtidig stad å bu, og at dei også har klare prioriteringar av kva som er viktig med den framtidige buplassen. Dei unge kvinnene planlegg slik livet sitt framover.

Om vi ser bort frå dei som trur dei kjem til å busetja seg mange stader, så er dei minst viktige grunngevingane for buplassval dei som går på det å velja seg vekk frå heim-plassen. Berre 12 prosent seier det er viktig å tenkja over kor ein vil bu, fordi dei ikkje vil bu på heim-plassen. 23 prosent seier det er viktig å tenkja gjennom buplassval fordi staden ein bur har mykje å seia for mulighetar for å treffa ein attraktiv partar eller ektemake. Her er det store forskjellar mellom dei som har ein ektemann eller sambuar, og dei som er single. Medan nærare 31 prosent av dei som er single seier at staden der ein bur har mykje å seia for ekteskapsmarknaden og mulighetane for å treffa ein attraktiv partnar, meiner 11 prosent av dei gifte/sambuande at dette er noko som ein bør tenkja over når ein vel kor ein vil bu. Tre av ti single jenter vurderer slik også muligheten for å treffa ein attraktiv partnar, når dei vurderer fordelar og ulemper ved å bu på ein spesiell stad. Vi har ikkje spurt studentane kva dei meiner med "attraktiv partnar", men frå stilprosjektet vårt ser vi at i alle fall unge jenter vektlegg utdanning og yrke når dei skriv om framtidig partnar.

"At alle veit alt om alle" var noko jentene som skreiv stil var inne på, både i den positive varianten der oversikt betyr omsorg og omtanke for naboen, og i den negative varianten der oversikt inneber kontrollering og gjerne også rapportering i form av sladder. Av dei unge kvinnene i spørjeundersøkinga er det fire av ti som seier at det er viktig å tenkja framover, fordi dei ikkje vil bu ein stad alle veit alt om alle. Å vera overvaka og kontrollert er ikkje attraktivt, men likevel vektlegg mindre enn halvparten dette når dei vurderer grunnar for å velja ein stad å bu.

Å ønskja seg vekk frå heim-plassen er lite viktig for desse jentene, sjølv om mange (?) av dei ikkje skal busetja seg på heim-plassen, er ikkje flukt heimanfrå noko som er viktig. Og aller minst viktig er det for jentene som kjem frå bygdebykommunar, berre sju prosent av dei meiner det er viktig å vera fokusert på kor ein vil bu fordi ein vil bort frå staden ein vaks opp. 12 prosent av jentene frå landsbygdkommunane og frå distriktsbykommunane seier det samme. Det er dei unge kvinnene som har vokse opp i storbykommunane som i størst grad synest å vilja velja seg fekk frå oppvekstkommunen sin.

### 6.3 Oppsummering

Det er storbyane og distriktsbyane er vinnarane når det gjeld å tiltrekka seg unge kvinner, og framstå som attraktive buplassar for dei. Nærare halvparten av alle kvinnene i utvalet vårt vil slå seg ned i desse kommunetypene. Landsbygdkommunane er taparane – berre 10 prosent av kvinnene vel ein slik kommune som framtidig bukommune. Om vi ser på samanhengen mellom oppvekstkommune og framtidig bukommune, så finn vi at det er lite sannsynleg at unge distriktskvinner buset seg i ein kommunetype som er mindre sentral enn den kommunetypen dei er vaksne opp i. Det er få som "flytter nedover". Slik er det svært få av dei unge kvinnene som vaks opp i ein bygdebykommune som planlegg å busetja seg i ein landsbygdkommune, og det er enno færre frå distriktsbykommunane som planlegg å busetja seg i ein landsbygdkommune. Ser vi på utdanningsgrupper, så viser det særleg at dei som tek ei pedagogisk utdanning, for å bli lærar eller førskulelærar, er dei som planlegg å busetja seg i ein landsbygd- eller bygdebykommune.

Dei unge kvinnene har nokså lik oppfatning av kva som er positivt ved heimstaden. "Flott natur/gode friluftsmuligheter" står klart i ein klasse for seg som eit positivt trekk ved heimstaden, ingen andre eigenskapar kjem i nærleiken av dette. Natur, friluftsmuligheter, miljø – herunder både eit godt oppvekstmiljø for barn og eit trygt ungdomsmiljø, og nærleik til foreldre og venner er dei tre positive eigenskapane ved heimstaden som oftast blir trekt fram. Dette kan og vera den positive varianten av "alle kjenner alle"-syndromet, tolka som tryggheten i det at ein kjenner naboane, og opplever trygghet i det. Utover desse eigenskapane så blir også plassering av kommunen/heimstaden trekt fram av fleire, men her er det ingen eintydige svar. Plassering går både på kor kommunen ligg – sentralt eller perifert, storleiken på kommunen – rekna i folketal, og det kan vera knytta til klimatiske forhold. Og her ser vi at nokre trekkjer fram plassering på landsbygda som positivt, medan andre vektlegg ei meir sentral plassering og nærleik til kommunesenter/større handelssenter som viktig. Liknande ser vi for storleik, nokon ser det positive i at dei ikkje vaks opp i ein by, andre ser det positive i å ha vokse opp ein stad med eit høgt innbyggjartal. Klimaargumentet er lite framme, og er stort sett knytta til nedbør, og då til snø. Her er det lett å mistenkja i alle fall respondentane frå Nord-Norge å ha snøvinteren 2000 friskt i minne, og slik lett forstå at om snømåking er lite attraktivt, så er kanskje ikkje Bardu førstevelet når ein skal slå seg ned, då er det lettare å til dømes velja Askøy.

På minussida er det mange argument å velja mellom, meir enn dobbelt så mange som på plussida. Når unge kvinner fortel om det negative ved heimstaden, finn dei slik langt fleire eigenskapar enn når dei fortel om det positive. Med så omfattande liste over minusargument, så er heller ikkje oppslutninga om dei ulike argumenta stor. Det er berre to argument som skil seg ut, og det er det som går på arbeidsmuligheter og vanskar med å få ein høveleg jobb, og det som går på eit for lite eller for einsidig idretts- og kulturtilbod. I stilane til dei unge jentene blir dette beskrive som eit tilbod i spekteret mellom musikkorps og fotballtrening, - og mellom desse tilboda finst det mange stader fint lite, kanskje ein bensinstasjon eller ein kiosk, der ein kan hengja om kveldane. Gjennomsiktlegheiten og overvakinga i form av at "alle kjenner alle" er også på minuslista, sjølv om heller få trekkjer dette fram, blir det nemnt både i spørjeskjema og i stilane. Bygda eller bygdebyen blir slik "sladrebyen der alle visste hvem alle var. Skilte du deg ut fikk du høre det, og om det kom utlendinger ble de utstøtt. Samme galdt homofile. Jeg tror de fleste led av fremmedfrykt."

Kva krav stiller så unge distriktskvinner til framtidig bukommune, kva er det som gjer ein kommune til ein attraktiv stad å bu? Her er muligheter for jobb det som er mest viktig. Men også gode og allsidige kultur- og fritidstilbod, saman med eit godt og trygt oppvekstmiljø er viktig når valet av framtidig stad å bu skal gjerast. Det vi finn er at dei tre mest positive trekka ved eigen heimkommune, fin natur, godt og trygt oppvekstmiljø og nærhet til familie, kjem heller langt nede på lista, då med unnatak av oppvekstmiljø. Fin natur og familie på heimstaden er ikkje vidare avgjerande når val av framtidig bustad skal gjerast.

I ein annan rapport frå dette prosjektet skriv Sissel Fredriksen (Fredriksen 2001) om ideologi som rammer for å tolka kvinneliv i ein framtidsorientert bustadskontekst. Det ho gjer er at ho tematiserer dei kvinneideologiane som formar dei grunnleggjande rammene for bileta av gode kvinneliv, og for korleis kvinner tolkar sin eigen situasjon. Ved å bruka kvinneideologiar som vegvisarar mot kvinneframtid i distrikta, finn Fredriksen eit grep for dei ideologifortolkningane som blir gjort gjeldande for kvinneliv. Det er desse fortolkningsrammene som i første omgang avgjer om ein distriktskommune blir oppfatta som attraktive busettingskommunar for kvinner, eller ikkje. I busettingsorientert regionalforskning har vanlegvis busettingsval vorte tolka i ei ramme der økonomisk rasjonalitet har vore det viktigaste, og val av stad å bu tar form av ei kalkyle. Det er

nettopp denne snevre fortolkinga av busettingsval Fredriksen kritiserer, og som ho meiner kvinneideologiar kan vera alternative måtar å nærma seg ei fortolking av slike val på. ”Kvinneideologier vil gjennom å skissere hovudmønsteret for livsprosjekt som fører til gode liv, danne fortolkningsrammer for bosteder som livsarena og stedsvirkelighet” (Fredriksen 2001). Det er dette vi skal sjå nærare på i dette materialet også, når vi ser busetjingsvalg ut frå ut frå ulike kvinneideologiar, her representert med dei tre kvinnetypane Konserva, Moderna og Alterna. Det kjem vi tilbake til i kapitel 8, etter at vi har sett på korleis gutane i materialet tenkjer om framtida.

## 7 Jordnær og eventyrsøkjande – distriktsgutar og framtidsplanar

Den eine hovudkjelda for data til dette delprosjektet omfattar stilar skrivne av elevar i vidaregåande skule. Blant stilskrivarane finst det både jenter og gutar, flest jenter, men også eit stort innslag av gutar som skriv om eiga framtid. Dette kapitlet tek utgangspunkt i gutestilane. I spørjeundersøkinga hadde vi ikkje ressursar til å inkludera gutar i målgruppa, slik at det berre er av den yngste aldersgruppa vi har med både gutar og jenter. Kapitlet om gutar kan tena både til å kasta lys over gutars tankar om framtida, og ulike måtar gutar tenkjer seg framtida, samstundes som det kan tena til å gje eit grunnlag for å samanlikna gutar og jenters tankar og planar for framtida.

### 7.1 Datagrunnlaget

Vi har 56 stilar frå gutar, fordelt mellom dei seks vidaregåande skulane i utvalet, i Alta, Sjøvegan, Førde og på Hamar. 19 av gutane kjem frå dei to vidaregåande skulane på Hamar, 19 frå dei to skulane i Førde, 8 frå Sjøvegan og 10 frå Alta. Dette er både gutar som går yrkesfagleg og allmennfag studieretning. Det er ei lita overvekt av gutar på allmennfagleg studieretning, og noko fleire stilar frå Hafstad vidaregåande skule i Førde og Storhamar vidaregåande skule på Hamar enn frå dei andre skulane. Gutane skreiv stil ut frå samme oppgåvetekst som jentene, slik som presentert i kapittel 1.

I det følgjande vil vi sjå på gutane sine planar om utdanning, yrke, familie, fritid og kor dei tenkjer seg å busetja seg i framtida.

### 7.2 Utdannings- og yrkesval for gutar

I følgje Frønes og Brusdal (2000) så har fleire gutar enn jenter store problem med overgangen til kunnskapssamfunnet. For kvinner har kunnskapssamfunnet ført med seg ein ny og anna yrkeskarriere enn som tidlegare var vanleg, det har forsterka oppløysinga av husmorrolla og forankra kvinners livsløp i ei yrkeskarriere, både ved utviklinga av kompetansen og ved perioden som ung vaksen. Men gutar og jenter møter ikkje kunnskapssamfunnet på samme måte, det er fleire kvinner som tek høgare utdanning enn menn, og forskjellane er størst innanfor dei gamle primærnærings- og industriområda der utdanningsnivået tidlegare var lågt. Det er dette som får Frønes og Brusdal til å stilla spørsmålet om kjønnsrevolusjonen innanfor utdanningsområdet på 80-talet har ført til nye damer, men gløynde menn. ”Flere menn enn kvinner ser ut til å ha store problemer med overgangen til kunnskapssamfunnet” (side 63). I 1998 var prosentvis fleire av kvinner i aldersgruppa 19-24 år under utdanning, enn menn (24% av gutane mot 30% av jentene, s. 64. op. Cit)). Det er likevel store skilnader mellom fylka, der periferifylka viser både eit lågare innslag av unge under utdanning, og der skilnadene mellom unge kvinner og unge



menn er større. I Finnmark var andelen unge menn som studerte 15%, tilsvarende tal for unge kvinner 27%. Tilsvarende tal for Nord-Trøndelag var 24% og 38%, i Oslo 22 og 25% (SSB, Internett).

For mange unge menn i urbane område inneber perioden som ”ung vaksen” å vera under utdanning, medan det altså i meir varierende grad gjer det for unge menn som bur i distriktsområda. Perioden inneber såleis ikkje utan vidare det samme for unge menn, det avheng kor dei bur. For oss blir spørsmålet om i kva grad gutane i utvalet vårt ser på vidare utdanning etter vidaregåande skule som sjølv sagt, og som eit grunnlag for seinare arbeid og karriere. I det følgjande skal vi sjå på kva slags yrke gutane i vårt utval ønskjer seg, og seinare kva slags bustadsalternativ yrkesvala inneber.


### 7.2.1 Framtidige yrke for gutar

Ikkje alle gutane i utvalet vårt planlegg vidare utdanning etter vidaregåande skule, og kjem slik ikkje til å bruka perioden som ”unge vaksne” til å utdanna seg. Hovudgrunnen til dette er at fleire av gutane gjennomfører yrkesfagleg retning på vidaregåande skule, og oppnår slik ei fagutdanning, som saman med ei læretid, gjev dei eit fagbrev. Dette gjeld først og fremst gutane som planlegg å bli kokk, men det gjeld og servitørar, bartenderar og mekanikarar. Av dei 56 gutane i utvalet er det 30 – 54% - som ikkje planlegg vidare utdanning etter vidaregåande skule. Dette gjeld hovudsakleg dei som kjem frå yrkesretta linje, men det gjeld også nokre som går allmennfagleg studieretning. Medan gutane frå yrkesretta studieretning planlegg å gå rett inn i enten eit tradisjonelt mannsyrke som mekanikar eller handverkar, eller eit meir trendy yrke, som kokk, så er det andre vegar gutane frå allmennfagleg studieretning ser for seg. Dei av desse som avsluttar utdanninga når dei forlet vidaregåande skule, tenkjer seg ein karriere som profesjonell fotballspelar, og seinare fotballtrenar, som skiløpar på toppnivå – med påfølgjande jobb i ein sportsbutikk, som skatteleitar, aksjemeklar, fotograf eller som sjølv lært webdesignar. Å ikkje planleggja vidare utdanning etter vidaregåande skule inneber slik på ingen måte at gutane ikkje planlegg eit yrkesliv, med ulike typar jobbar, men at nokon alt er kvalifisert for yrkeslivet etter fullført fagutdanning, og at andre ser andre muligheter for innpass til yrkeslivet enn vidare utdanning. Interesse og eigne kvalifikasjonar, enten som idrettsutøvar, med datamaskinen eller fotoapparatet, er det som skal bli nøkkelen til inntekt og karriere.

Knapt halvparten av gutane planlegg vidare utdanning etter vidaregåande skule. Men ikkje alle desse heller planlegg mangeårig utdanning, som høgskule- eller universitetsutdanning. Av dei 56 gutane i utvalet er det berre tre som planlegg dei utdanning som fører til eit akademisk yrke, som lege, tannlege eller geolog. 12 planlegg ei utdanning som fører til eit leiaryrke, av dette er det mange som planlegg lærarutdanning, for sidan å bli rektor, eller kokkeutdanning med seinare påbygging som hotellhøgskule, ernæringsfag, økonomi eller marknadsføring, for sidan å bli kjøkkensjef eller restaurantsjef.

Utdanning retta mot yrke innanfor helse- og omsorgssektoren, oppvekstsektoren og reiselivsnæringa var yrka som er mest populære blant jentene i vidaregåande skule. Det er det ikkje for gutane i klassane deira. Å bli omsorgsarbeidar, sjukepleiar, førskulelærer eller guide er stort sett ikkje yrke unge gutar tenkjer seg som sine framtidssyrke. I den grad dei tenkjer seg å arbeida innanfor helse- og omsorgssektoren, er det ikkje som omsorgsarbeidar eller sjukepleiar, men som lege eller tannlege. Det er også svært få gutar som tenkjer seg ei framtid innan undervisning i grunnskule eller vidaregåande skule. Derimot er det mange som ser for seg yrke som kokk, eller eit yrke innan underhaldningsbransjen.

Figur 7.1 Framtidige jente- og gutteyrke. Prosent.



Litt under halvparten av gutane ser for seg andre framtidige yrke enn innan helse- og omsorg, oppvekst eller it-sektoren. Og av desse er igjen litt under halvparten slike vi kan karakterisera som meir oppleving- eller eventyrprega enn yrkesvala elles her. Det kan vera yrke som sirkusartist, fotballtrenar, profesjonell fotballspelar, filmfotograf eller tidsskriftfotograf med verda som arbeidsplass. Dette er alle meir underholdningsprega yrke, men også yrke som kan karakteriserast som tenesteytings-yrke, rett nok meir hardtslåande, som livvakt, er med her. Skatteleitarer er også representert blant desse yrka, og - mindre eventyrleg -, student på tiande året ved Universitetet i Oslo. Det siste vil vel truleg både noverande, eller ei kvar framtidig studiefinansiering setja tronge rammer for.

Dei 56 gutane vil om ti år representera 35 ulike yrke, slik dei planlegg. Medan berre ein vil bli lege, geofysikar, oljearbeidar eller motormann, så er det 13 som planlegg å bli kokk, sju vil bli servitør og fem vil jobba innanfor itk-bransjen. Også jentene representerer omtrent like mange yrke – 33 – men så er det også 30 fleire jenter i utvalet (86) enn kva det er gutar. Barnevernspedagog er det yrket flest jenter vil ha, åtte, deretter kjem yrke som lærar, førskulelærar, omsorgsarbeidar og sjukepleiar.

## 7.2.2 Gamle og nye menn?

Når gutane skriv om kvifor dei kjem til å velja det yrket som skal vera deira i framida, spenner grunngjevingane vidt, frå at dei vil bli lege for å kunna gjera ein innsats for fattige i ein søramerikansk landsby, bli bonde for å vidareføra familietradisjonen og dessutan arbeida med dyr og jord, som dei likar, til at dei vil kombinera interesse og yrke, og bli bilmekanikar. Andre vektlegg det at dei vil ha utfordringar heile tida, og gjerne vil bli sirkusartist eller omreisande fotograf med heile verda som arbeidsplass. Nokre trekkjer også fram framtidig inntekt, og det å bli rik, eller i alle fall ha mykje pengar mellom hendene, som grunngjeving for å bli aksjemeklar, økonom eller internettkafeieigar.

I underkant av femteparten av alle gutane i utvalet vårt satsar på meir eventyrlege enn trauste yrke, og vektlegg spenning, oppleving, reiser høgare enn høg og stabil inntekt.

Desse gutane skriv ikkje stort om inntekt og pengar i det heile, men meiner det er avgjerande med oppleving, utfordring og det å vera i nye situasjonar heile tida. Det er ikkje høg inntekt som blir fokusert, slik heller ikkje så mange av jentene gjer. Men i motsetning til dette er det svært få av jentene som vel det vi her kallar eventyraryrke, få av jentene vel også dei meir kvardagslege underhaldningsyrka. Eventyraren i utvalet vårt er slik ein gut, jentene har klart eit tydelegare preg av Flittig-Lise, som tenkjer fornuftig og framtidsretta, og ikkje legg vekt på oppleving og eventyr. Draumen om ei spesiell karriere og eit spesielt liv, om det er som skatteleitar eller idrettsutøvar er godt representert blant gutane, og så og seia ikkje blant jentene. I mange tilfelle inneber dette ei satsing på seg sjølv og eigen karriere, og lita eller inga fokusering på familieetablering og barn, slik mange av jentene er opptekne av. Det yrket som er mest representert blant guteyrka, er kokkeyrket. Og det er ikkje eit arbeid som kokk på ein vanleg gjennomsnitts-restaurant, draumen er å bli sjefskokk på Norges beste restaurant, og gjerne ha sitt eige fjernsynsprogram om mat i tillegg. Mange av desse buset seg i ein storby fordi mindre plassar har lite å ”tilby ein kokk med ambisjonar”, som ein av dei skriv.

”Eg arbeider for tida som kjøkkensjef på ein bra restaurant i Bergen. Arbeidsmiljøet er bra, og eg har eit godt samarbeid med dei andre tilsette. Lønna er også bra, og eg har ingenting å klage over. Eg bestemte meg tidleg for å bli kokk, og var oppteken av å gjera det best mogeleg på skulen” (Gut, 17 år, bygdeby)

Det vi ser i materialet er at det peikar seg ut tre grupper av gutar, som vil realisera ulike verdiar i livet sitt. To av gruppene kan vi kategorisera under hovudtittelen ”gamle menn”, den tredje gruppa kan vi kalla ”nye menn” – og her går ikkje gammal og ny på alder og år, men på kva slags visjonar som ligg i livsprosjektet, og kva slags verdiar som blir understreka som viktige. For dei som tilhøyrer gruppa ”gamle menn” er det tradisjonelle og kjente verdiar knytta til mannsrolla som blir vektlagde, der karriereprosjektet klart spelar ei overordna rolle i livsprosjektet, medan det for ”nye” menn snarare er snakk om ei sidestilling av karriere og familieliv. ”Gamle menn” kan vidare delast i to grupper; dei karriereorienterte og dei opplevingsorienterte. For dei førstnemnde her er karriere og yrket det viktigaste, medan dei andre vektlegg oppleving og utfordring. Dei ”nye” mennene kan gjerne også kallast likestillingsorienterte, i og med at dei klart beskriv seg sjølve som sidestilte partner eller ektefelle, både når det gjeld innsats i yrkeslivet og på heimebane. Desse tre gruppene er ikkje like store; dei som vektlegg karriere er størst, og utgjer rundt halvparten av heile materialet. Deretter kjem gruppa som klart gjev uttrykk for likestilling mellom ektefellane med tanke på ansvar for familien, vel ein femtedel av gutane gjer det, og litt færre av gutane vektlegg oppleving. Det er og ei svært lita gruppe vi ikkje klarar å plassera, eller som fell i den kategorien som i dagens kvardagsspråk blir kalla for ”mambo”, unge menn som bur heime hos mor når dei nærmar seg trettiårsalderen. Noko kan jo tyda på at dei vektlegg familieverdiar, men altså ikkje verdien med å ha sin eigen familie.

Når karrieregruppa blir så stor som her, har det også med at vi kanskje har plassert gutar som kunne høyrte til likestillings- eller familiegruppa her, ut frå at dei synest å leggja meir vekt på karriere enn på familie. No er det ikkje slik at det å vektleggja karriere inneber bortveljing av familie, eller at det å vektleggja likestilling og familieverdiar inneber at yrket ikkje betyr noko. Det det tyder er derimot at karrieremannen underordnar familieprosjektet eiga karrierekltring, og den likestilte familiemannen vektlegg det å kunna ta seg av eigne ungar som sidestilt med det å ha eit yrke.

### 7.2.3 Nye menn - dei likestillingsorienterte

Den likestillingsorienterte guten vektlegg ei framtid med trygg jobb, ektefelle og barn, han bur på ein triveleg plass og har egne fritidsinteresser. Han kan bu heime i bygda eller småbyen han vaks opp i, eller han er flytta ut. Trygghet og trivsel karakteriserer livet han ser for seg. Han kan ha kort eller lengre utdanning, men når han fortel om utdanning og yrke, knyt han ikkje berre til karriere og høg inntekt, men også til det å kunna arbeida med noko han trivst med, og som gjev ei høveleg inntekt. Dette er ikkje guten som heng i skjorta til mor, og som bur heime når han nærmar seg 30-årsdagen, men han som har skaffa seg ei utdanning og eit yrke, og som ser det som naturleg å etablere seg for ein familie og ta ansvar for den. Om ti år er den ansvarsause perioden i livet forbi, utan av han er lei seg av den grunn:

”I år 2000 levde eg der og då, og det einaste som bekymra meg var at eg hadde nok lommepenger til å ha det moro. Det var få plikter, utanom skulegangen. .... Som 27-åring er eg nok komen eit stykke vidare i livet. Eg har fått familie å ta meg av, med plikter og planlegging. For meg er dette ein naturleg del av livet, og eg ser tilbake på 10 gode år.” (gut, 17 år, bygdeby).

Denne typen unge menn ser på det å etablere seg med kone eller sambuar, og barn, som ”ein naturleg del av livet”, og som noko som høyrer til når ein er over 25 år og har fast jobb. Desse gutane fører vidare mange av dei tradisjonelle sidene av mannsrolla, ved å gå inn i forsørgjarrolla, ha inntekt, ha familie, passa på seg og sine. Men forsørgjarrolla er likevel av vår tid, ikkje ei rolle dei har åleine, dei har sambuarar eller koner med arbeid og inntekt. Og sjølv om det synest som om fleire av desse gutane tek det for sjølv sagt at dei er hovudforsørgjarar i familien, og ektefellen har hovudansvaret for heimen, er det likevel mange som skriv om ektefellar med like godt betalte jobbar som dei sjølve, og fleire gonger også med eit yrke som krev ei lengre utdanning enn kva dei sjølve har. Mange skriv også om bleieskift og barneskrik, og om arbeidsdeling i heimen. Innslaget av likestilte partnerar ser slik ut til å vera det vanlege, det er ikkje kona som skal ha hovudansvaret for barn og heim, og slik sett er denne måten å skriva om livet som mann ei anna forteljning enn forteljninga om karrieremannen som har karriere innanfor arbeidslivet som det overordna i livsprosjektet.

Den likestillingsorienterte guten finn vi i alle typar kommunar. For nokon inneber dette at dei har valt å slå seg ned på heimlassen.

”For seks år siden flyttet jeg hjem for å ta over farsgården. De to eldre søskene mine har aldri vært særlig interessert i gården. Dessuten har de allerede i flere år vært etablert med familie og jobb i en av landets største byer. I tillegg til arbeidet på gården, jobber jeg i ca. 50% stilling ved skolen i bygda. Etter videregående skole var jeg veldig usikker på hva jeg ville bli og gjøre i fremtiden. Men etter noen år – da jeg var i militæret, og var ute og så meg rundt i verden,<sup>46</sup> med enkelte småjobber innimellom – ble jeg mer og mer bevisst på hva jeg ville gjøre resten av livet. Jeg bestemte meg for å gå lærerhøgskolen i Bergen. Da jeg for to år siden var ferdig der, måtte jeg ta et valg; enten reise hjem og ta over gården, eller om jeg ville fortsette å bo i en større by og et mer urbant miljø.

<sup>46</sup> utvekslingsprogram i USA

Siden jeg alltid har vært interessert i arbeidet på gården var det egentlig ikke så vanskelig å velge. Og lærerjobben jeg har i tillegg gjør at jeg får et mer variabelt arbeidsliv, så selv om det er travelt, gir to så forskjellige jobber et ekstra overskudd. I tillegg får jeg hjelp av far min i fjøset. Uten den hjelpen er jeg ikke sikker på om det hadde vært mulig å kombinere de to jobbene. Det er vel mange som ikke kan skjønne at jeg frivillig har valgt to yrker med så lav status, og der en får – forholdsvis – så lite igjen for arbeidsmengden. Men jeg syns det viktigste er å ha en jobb der en personlig får noe igjen, og der en trives. Da får det økonomiske komme i andre rekke.”

Interesse for yrket, ønske om å bu på heimplassen, og omsyn til ein familie og eit liv som er godt for barn blir ofte nemnd av desse gutane. 18 åringen frå bygdebyen på Vestlandet som skriv slik om seg sjølv ti år fram i tida utdjuvar også dette når han skriv om kvifor han har valt som han gjorde, er det slik:

”Jeg angrer i hvertfall ikke på det yrkesvalget jeg har gjort. Jeg ser stor verdi i det å være sin egen arbeidsgiver, ha varierte arbeidsoppgaver og i større grad bestemme over sin egen arbeidsdag, i et yrke der en trives. Og jeg synes dette er viktigere enn å velge jobb ut fra økonomisk gevinst. Det viktigste er å velge en jobb som en kan trives med resten av livet. Dette synes jeg er viktig å legge vekt på for de som i dag skal velge utdanning for sitt fremtidige arbeidsliv. Jeg vil også legge stor vekt på dette når det gjelder oppveksten for mine egne barn. Jeg vil vise dem gleden ved å kunne leve i pakt med naturen, og det dette gir tilbake.” (gut, bygdeby)

Omsynet til barns oppvekstvilkår synest å ha stor betydning for desse gutane, fleire av dei skriv like mykje om det som om eigne karriereambisjonar. 18-åringen frå Hedmark uttrykker det slik:

”Sjø er jeg bonde og familiefar, med tre barn, to gutter og ei lita tulle på fem måneder. Den eldste gutten er fem år, og er en dyktig liten bonde som hver helg har ansvaret for å fore og stelle kalvene. Det gjør han uten større problemer. Men han er aldri fornøyd før han har fått lov til å kjøre litt med traktoren. Den yngste gutten er storebrors rake motsetning; han liker seg best når han får hjelpe hu mor på kjøkkenet. Jenta er ei rolig lita tulle.”

Han som skriv dette har gifta seg med ei jente frå ein distriktsby, som er lærar i bygda dei bur i, ei lita bygd i Østerdalen. Saman driv dei gard, og har både mjølkekyr, storfe og produserer ulike grasvekster. Livet er godt for dei:

”For å si det enkelt, vi her er en bra stilt familie med god inntekt og et bra familiemiljø. Det å bo på landet mener jeg er bra for barna hvis en tenker på alt de slipper å oppleve i forhold til barna som vokser opp i en by. Dette, pluss at jeg er interessert i landbruk, gjorde at jeg bosette meg her. Og når kona var lei av å bo ”oppi” folk, var ikke valget vanskelig da jeg fikk muligheten til å ta over familiegarden.” (gut, distriktsby)

Dei likestillingsorienterte gutane - eller dei vi kallar ”nye menn” - er ikkje berre orienterte mot heimbygda eller heimbyen. Mange av dei reiser ut, til arbeid andre stader. Men når dei vel stad å slå seg ned er ikkje det først og fremst ut frå yrkesmulighetar, men like mykje ut frå at staden skal vera god for barn å veksa opp, det skal vera trygt og det skal vera gode barnehage- og skuletilbod.

## 7.2.4 ”Gamle menn” - dei karriereorienterte

Dette er gutane som er opptatte av jobb og utviklingsmuligheter, og av å skaffa seg ei utdanning som gjev gode muligheter for karriere og framgang i yrkeslivet. Dei har lite fritid, og om dei har familie, har dei lita tid til familie. Mange av dei har heller ikkje etablert familie, men har venta – og vil kanskje framleis venta – med å stifta familie. Desse tradisjonelle unge mennene er likevel av vår tid, og familie er ein del av deira livsprosjekt, men ikkje det overordna. For desse gutane er yrkeskarrieren svært viktig. ”Jeg jobber nå som web-designer, jeg har vært i denne bransjen i åtte år nå. Dette er noe som er svært populært nå for tiden, og det betyr at jeg ikke har mye fritid til disposisjon” skriv guten frå ein distriktsbykommune som om ti år bur i Oslo, har kone som er robotkontrollør og to søner som blir undervist via datamaskin og ”SkoleDataNett”, ein slags fjernundervisning for heile landet. Han kombinerer eigen karriere med det å ha familie, familie og yrkesambisjonar utgjør ikkje nokon konflikt for desse gutane:

”Eg bur i Oslo, er gift og vi har to ungar. Eg har jobb som sjefskokk på ein av Norges beste gourmetrestaurantar. Her har eg jobba sidan eg begynte som lærling sommaren 2000. Det har vore ein lang og hard veg, for å nå målet som eg no har nådd. (...) Eg fekk jobben sommaren 2009. Det har blitt meir arbeid på meg, men vi har i gjengjeld fått betre økonomi.” (gut, bygdebykommune)

Men den karriereorienterte er ofte, men langt frå berre orientert mot eit urbant miljø. Han som kallar seg ”Skogens sønn”, vaks opp i ei bygd, har jakt og fiske som hovudinteresser han sjeldan har tid til, kan også ha ambisjonar om ei framgangsrik karriere og ei høg inntekt. ”Skogens sønn” kan for eksempel utdanna seg som bedriftsøkonom, få jobb som aksjemeklar, ”som er min hobby og lidenskap”. Og slik kan det gå:

”Jeg gjorde stor suksess på grunn av min nå verdenskjente ”magefølelse” for hvordan man kunne tjene penger. Sent år 2007 bestemte jeg meg igjen for å kjøpe aksjer for en stor sum av mine penger. Jeg kjøpte da aksjer for 2.3 millioner kroner. Dette var noe min kone ikke var særlig begeistret for, hun mente jeg ikke burde være så opptatt av å tjene mer penger enn de fleste andre.”

Men aksjemeklaren fortset han, er heldig, og hamnar på lista over dei 50 rikaste i byen han bur, Drammen. Og det skriv han slik om: ”Dette var mitt første steg mot en tilværelse uten økonomiske bekymringer.” Men om dette livet kan synast som ein draum, så er det ikkje det, det er langt frå noko dans på roser:

”Jeg savner livet i bygda der jeg bodde en periode som unggutt, der man bare kan gå ut av huset og rett til skogen for å jakte og så videre. Jakt er jo min store lidenskap, i tillegg til økonomi. Så planen er å tjene gode penger her i byen, slik at jeg kan flytte til barndomshjemmet mitt og drive med kjøttproduksjon. Og jeg skal leve livet der oppe med den samme levestandarden som jeg har her.”

Valet for gutane dreiar seg ikkje om eit val mellom familie og karriere, familie er ikkje noko ein vel bort på grunn av satsing på karriere, og karriere er heller ikkje noko som kjem i andre rekkje på grunn av familie. Men karriere kjem i første rekkje dei neste ti åra, og for mange inneber det at familielivet må venta. Ingen av gutane ser likevel ikkje valet av ei satsing på karriere som eit val som hindrar familie seinare i livet. Det er plass til begge deler, og at kone og barn går på bekostning av karriere, er ikkje noko som kjem fram i materialet. Ein stor del av gutane skriv om familie, og om barn som dei tek seg av

og har tid til, men fleire skriv likevel om barn som kona sitt hovudansvar. Og det som må setjast til sides på grunn av karriere er ikkje familie, men venner og eiga fritid. Slik blir draumen ein draum om å få betre tid, tid til å dyrka egne interesser. Desse gutane inkluderer også barn og familie i livsprosjektet, men underordnar dette karriereprosjektet, det synest sjølvstakt at kona/sambuaren tek hovudansvaret i heimen. Dette samsvarar elles klart med slik også mange av jentene ser på arbeidsdelinga i familien, i forhold til barn og karriere.

### 7.2.5 ”Gamle menn” - dei opplevingsorienterte

”I 2010 var alt bra, men det var noe som manglet, noe Alta ikke kunne tilby. Jeg var ikke sikker på hva det var for noe, og er det heller ikke nå. Jeg måtte vekk, ut i verden. Oppdagelsesferder på en måte, jorda rundt. Jeg gjorde det også for å finne meg selv, mitt kall og meningen med livet. Det ble mye reising, fordi slike spørsmål ikke er av de letteste å finne svar på. Jeg synes å huske at det var under ett opphold i Galway at jeg skjønnte at jeg ikke kunne kreve å vite alt på forhånd. Da sluttet jeg å reise, dog ikke uten svar, men mange erfaringer rikere.” (gut, bygdebykommune)

Ikkje alle av dagens unge gutar går i retning av enten å følgja tidlegare mønster der jobb kjem i første rekkje, og lite av heimefronten er eit ansvar for mannen, eller å følgja eit meir likestilt mønster der også menn tek ansvar på heimebanen. For nokre av unggutane er ikkje det å frigjera seg frå tradisjonelle mannsroller der forsørgjarrolla var den viktige, det samme som å velja eit liv der barn og heim er viktige også som dagleg innsatsområde. Frigjeringa frå tradisjonelle mønster inneber oftare ei frigjering frå sjølve den trauste og sikre forsørgjarrolla, til å leggja vekt på oppleving og utfordring. Det er ikkje den likestilte mannen som kjem i staden, men han som set eventyr og spenning i første rekkje, og som ikkje synest å vera oppteken av familieliv i det heile, i alle fall ikkje på lang tid. Åra etter utdanninga skal brukast til oppleving, eventyr, reiser, til å utforska verda, og utfordra egne evner og eige mot, ikkje til å etablere familie og få ein jobb som gjev ei trygg inntekt, stor eller mindre.

Eventyraren er ikkje berre han som leitar på andre året etter inkaskattar i Sør-Amerika, og skriv slik om det: ”Eventyrlysten er fenomenal, så håpet er å finne Inkarikets skjulte og glemte skatter, og vi skal lete etter det” (gut, distriktsbykommune). Det er også han som i fleire år har vore frilansfotograf med heile verda som arbeidsplass, og som i 2010 har fått fast jobb i tidsskriftet ”National Geographics”

” Men etter tre år (som fotograf for eit tidsskrift i Norge) følte jeg at jeg ville fullføre drømmen min; reise verden rundt, og få betalt for det. Så jeg og kjæresten min fra videregående startet som frilans. Vi har laget reportasjer fra hele verden, og vi har tjent grovt med penger. På vår tredje tur til Nepal fant vi et lite tempel der vi giftet oss på nepalsk måte. Reportasjene våre har vært publisert over hele verden. (...) Nå har jeg fått jobb i National Geographics. Det er alle fotografers drømmejobb. De sender deg over hele verden på oppdrag, og de betaler alt.” (Gut, bygdebykommune)

I 2010 er han 28 år og gift, men barn og eit bufast tilvere er langt utanfor tankegangen hans. Det er draumejobben, ikkje draumeinntekta, som er det viktige, og det å kunna oppleve å realisera den. Han er ikkje åleine blant gutane i dette utvalet, det er fleire av dei som prioriterer oppleving og satsar på det som vi kan kalla eventyret enn han. Men alle satsar ikkje på eit moderne yrke med heile verda som arbeidsplass, og oppleving som

drivkraft. For nokre er eventyret det å bli sirkusartist eller profesjonell fotballspelar ein stad i utlandet, testkøyrar for ein motorsykkfabrikk eller gjengmedlem i ein storby i USA. Kanskje synest ikkje det sistnemnde alternativet like seriøst, men elles synest også dei eventyrprega vala å vera like seriøse som dei vala gutane som prioriterer karriere og familie gjer.

Verdiane som desse gutane vil realisera synest å vera knytte til utfordring, oppleving og utforsking, til eit liv på vandring for å utforska mulighetar og oppleve nye ting heile tida. For mange blir slike verdier først og fremst noko ein fyller fritida med, gjennom reiser, ulike typar sports- og fritidsaktivitetar og gjennom utfordringar i fritida. Men for eventyrarane i utvalet vårt blir desse verdiane hovudsaka i kvardagens også, og kvardagen blir som nomade på leit etter utfordringar. Det er det som er det gode livet for dei, det gode livet finst ikkje på eit kontor med ein sikker arbeidsplass og utsikter til forfremjing, det finst heller ikkje som familiefar med små barn. Førebileta for dei som vel denne vegen er mange, der særleg ulike seriar i media som formidlar spenning og utfordring som mulighetar det er råd å gripa, er viktige. Og når ein distriktsgut frå Sogn og Fjordane Hedmark, Troms eller Finnmark drøymmer om ein karriere som profesjonell fotballspelar i England eller heildagsjobb som fotballtrenar for eit topplag i Norge, så har han mange førebilete, nokre av dei også lokale. Av dei bortimot 80 profesjonelle norske utanlands-spelarane innan fotball<sup>47</sup>, så kjem mange av dei frå norske distriktskommunar. Han som går vidaregåande skule i Førde og har fotball som viktigaste interesse, kan lesa om fotballspelarar frå heimfylket i ulike aviser opp til fleire gonger kvar veke, og treng ikkje gå til fjernsynsseriar for å få næring til draumen om ei framtid der interessa kan bli jobb, og også føra til ei god inntekt.

Dagens opplevingsorienterte unge menn skil seg truleg frå gårdsdagens opplevingsorienterte menn på fleire hald. Det at dagens menn ikkje har eineansvar for å forsørgja familien gjer det truleg mogeleg for fleire enn tidlegare å prioritera oppleving og egne interesser. Det gjer det også mogeleg å ha familie sjølv om egne opplevingar – også når det gjeld yrkeslivet – kjem i første rekkje. Spelerommet for eventyrarane er slikt større i dag enn tidlegare. Det får jo oss til å spørja om det kanskje er fleire menn i denne gruppa i dag enn tidlegare.

### 7.3 Familie

Ovanfor har vi sett på yrkesval, og funne han som prioriterer både yrkesliv og familie, han som prioriterer karriere over andre deler av livet, og han som vel eit meir nomadisk liv der det ikkje er nemnande rom for ansvar for barn og familie. Nomaden er utan familiebinding om ti år, medan dei bufaste ser familieansvar som ”heilt naturleg”. Nomaden kan finnast blant dei karriereorienterte, som flyttar på jakt etter utfordrande arbeid, men kanskje helst blant dei opplevingsorienterte som har heile verda som mogeleg arbeidsplass. Den neste arbeidsplassen er der den neste filmen blir tatt opp, der den neste reportasjen skal komma frå, eller der sirkuset slår opp teltet neste gong. Eit slikt liv er i skarp kontrast til livet til han som om ti år er familiefar i eige hus, og trivst med det:


”Som person har eg ikkje forandra meg mykje. Einaste forandringa som har skjedd er at eg har blitt vaksen og fått min eigen familie. Men det er ei heilt naturleg forandring sett med mine auge. I dag er eg ein lykkeleg 27-åring med familie og venner rundt meg, det viktigaste er samhaldet.” (gut, bygdebykommune)

<sup>47</sup> Eit omtrentleg overslag gjort av Ivar Lie.



Vala mellom eit bufast familieliv og eit liv som nomade på arbeidsvandring avspeglar seg i figuren nedanfor, som viser sivil status for desse gutane i år 2010, slik dei tenkjer seg livet om ti år.

Figur 7.2 *Sivil status gutar 2010. Prosent*



26 av 56 gutar er etablerte med kone, eller sambuar, og barn om ti år, 11 har sambuar, men ikkje barn. Av desse er det fleire som skriv at dei snart kjem til å få barn. Slik er to av tre gutar etablerte i eit forhold om ti år. Dette er noko mindre enn blant jentene, der åtte av ti reknar med at dei er etablert med sambuar/ektefelle og/eller barn om ti år. Seks av gutane skriv at dei er unkarar, eller single, men ”at dette kan endre seg”, eller at dei leitar etter den rette. 13 skriv ingenting om kone, sambuar eller barn. Her skil gutane seg klart frå jentene, der absolutt alle skreiv om sivil status.

Tradisjonelt vel jenter å gifta seg oppover eller sidelengs, enten med menn som har høgare status eller lik status som dei sjølve, om no det blir målt i utdanning og jobb, eller inntekt. Det såg vi også at viste seg for jentene i utvalet vårt, til ein stor grad. Dette skulle igjen innebera at gutar vel nedover, eller sidelengs, og at dei gifter seg med jenter som er lågare i status enn dei sjølve. Med få unntak ser vi dette mønsteret for vårt utval. Av dei gutane som skriv såpass mykje om framtidig ektefelle eller sambuar at dei nemner yrket hennar, er det berre tre som skriv om ektefelle eller sambuar med eit yrke som krev like langvarig eller lengre utdanning enn kva dei sjølve reknar med å gjennomføra. Dei dette gjeld er tannlegen som reknar med å gifta seg med ei som også er utdanna tannlege, rett nok kjem ho til å arbeida som assistenttannlege på hans tannlegekontor, det er sjefskokken som er gift med ei som er revisorutdanna og det er kokken som er gift med psykologen. Kokkeyrket framstår som eit svært attraktivt yrke med høg status, så det kan diskuteras om det ikkje likevel er like høgt i status som yrke som krev lengre utdanning, som akademiske yrke. Revisor og psykolog står slik ikkje utan vidare over kokkeyrket i status, trass i at det er yrke som krev høgare utdanning. Av dei 26 gutane som reknar med at dei er etablert med ektefelle eller sambuar om ti år, oppgjev 19 yrket til ektefellen. Sjukepleie- og resepsjonistyrket er dei to yrka som er representert fleire gonger her, elles er det yrke som lærar, modell, fotograf, apotekarteknikar eller saksbehandlar.


I ein annan rapport frå dette prosjektet gjennomfører Kjetil Sørлие (Sørлие 2009)<sup>48</sup> ein analyse av rammevilkåra for pardanning i det regionale perspektivet. Det han såg var at når stadig fleire kvinner enn menn tek høg utdanning, samstundes som utdanningsfordelingane regionalt blir meir jamne, vil bygdekvinnens mulighet til å finna seg mest mogeleg like makkerar bli sterkare utsett

## 7.4 Fritid

Tidlegare i rapporten såg vi at jentene si fritid om ti år viste eit mangfaldig mønster, men noko av det som peika seg ut var ei privatisert fritid, der tida blei brukt til eigne aktivitetar. Få var engasjerte i organisasjonsarbeid eller i politisk arbeid, derimot fokuserte mange på barn og familie, og brukte fritida si saman med dei. Eit anna trekk ved jentene var at få av dei nemnde fritid og fritidsaktivitetar. For gutane er dette annleis, unge menn har stort sett fritid, og er opptekne av kva denne skal brukast til. Også for unge menn skal fritida først og fremst brukast til eigne aktivitetar, retta mot seg sjølv, som trening eller samvere med kameratar.

Trening er den aktiviteten flest av gutane skriv om, som guten frå Sunnfjord som om ti år jobbar som kokk i Bergen:

Figur 7.3 *Fritidsaktivitetar 2010, gutar.*



”I fritida mi driv eg med litt forskjellige. Rett etter arbeidstid, nokre dagar i veka, dreg eg på treningsstudio. Der joggar eg og driv litt styrketrening. Etter ei hard treningsøkt, er det godt med ein god middag, som Veronika ”stiller i stand”. Ho er heime, då ho har fødselspermisjon frå sjukepleiarstillinga si på Haukeland sjukehus. Seinare skal eg ta ut min permisjon”.

Men også samver med venner, gjerne barndomskameratar, blir høgt prioritert, som hos desse gutane:

<sup>48</sup> Sørлие, Kjetil (2000): *Klassiske analyser. Flytting og utdanning belyst i livsløps- og kohortperspektiv*, NIBR-Notat 2000:121

”Har eg tid, dreg eg ut med arbeidskameratar og venner frå heimkommunen min i Sunnfjord, som bur her i Bergen. Du finn oss gjerne i ein bar eller i ein bowlinghall. Det er godt å kunne slappe av utan skrik og bleieskift for ei stund.” (gut; bygdebykommune)

”Våren 2000, like før skolen sluttet, bestemte tre kamerater og jeg for at samme hva vi ble til og hvor vi havna, skulle vi møtes til treff så ofte som mulig, og det har vi greid. Den siste lørdagen i hver måned siden 2001 har vi møttes for å jule og drikke kaffe.”

Slik skriv guten frå ein distriktbykommune om sitt liv om ti år. Kameratskap kan dyrkast både gjennom å treffast ute for ein prat, gjennom trening, eller gjennom tradisjonelle mannsinteresser, som jakt. Både bonden i Østerdalen og han som arbeider som aksjemeklar deler denne interessa, og slik skriv han som om ti år er bonde det: ”Den store hobbyen min har alltid vært jakt, spesielt elgjakt. Jakt er det viktigste høydepunktet i året for meg, og jeg har bare gått glipp av elgjakta ett år siden jeg fikk lov å delta aktivt med gevær. Det var høsten 2000, da jeg var i kongens grønne klær” skriv guten frå Trysil om si fritid om ti år. For han blir dei fire vekene elgjakta varer kvart år årets høgdepunkt. Men ikkje alle har nemnande tid til fritid, korkje til trening eller samver med andre, arbeidet tek mesteparten av dagen. Webdesignaren frå Hamar som om ti år bur i Oslo har lita tid til venner, til hunden sin, eller til å dra ut i byen:

”Stedet jeg bor på ligger like ved gamle Oslo S. Det er en kjempemessig blokk. Det bor ca. 20.000 i denne blokka. Den likner på en måte veldig mye på et hotell, her har vi nemlig alt mulig. Alt fra svømmebasseng til butikker osv.. Og det er selvfølgelig en hundekennel i blokka, der vi har plassert hunden vår. Bare litt synd at den må stå der såpass mye, vi har jo nesten aldri tid til å ta den med ut av metropolen.


Jeg har ikke så mye fritid, og derfor får jeg ikke tid til å være med vennene mine fysisk, men vi har samtaler via en stor veggskjerm og mikrofoner. Dette er eneste muligheten vi har til å ”være sammen med hverandre ” på i uka. Det hender jo også at vi treffer hverandre i inngangen til Tower4, blokka våres, når vi er på vei inn og ut. Fritiden min bruker jeg til å trene, kanskje ikke trene i den forstand som du tror, men jeg blir trent kan jeg vel si. Jeg benytter meg av en treningsmaskin som trener kroppen min for meg. Den finner jeg også inne i blokka mi.”

Det som skil mellom måten gutar og jenter skriv om fritida si i framtida, er at for jenter er fritida til ein stor grad fylt av barn og deira aktivitetar. Gutar skriv om familie og barn, men dei skriv ikkje at dette opptek fritida deira, og at fritida går med til å følgja barn på trening, musikkøving eller vera med dei ute. Når gutar skriv om familie, skriv dei om ansvar, om flotte ungar, om bleieskift og pappapermisjon, men ikkje om køyring til og frå ungane sine fritidsaktivitetar. Gutar skriv i større grad enn jenter om egne venner, om å ta vare på kameratskap og ha eit eige rom for vennskap, noko utanom familielivet. Fleire av gutane skriv og om ei fritid saman med ektefelle, om at dei har felles interesse for trening eller for musikk. Som jentene skriv heller ikkje gutane om å vera opptekne av politiske aktivitetar eller å engasjera seg innanfor slike aktivitetar. Mykje av dette kan truleg forklarast med alder, som for jentene, men også med at organisasjonsarbeid og politisk engasjement ikkje er noko som fengjer ungdom noko særleg i dag, korkje gutar eller jenter.

## 7.5 Heime, borte, på vandring?

Storbykommunane og utlandet er vinnarane som bustadskommunar for desse gutane i framtida. Nærare fire av ti gutar bur om ti år i storbyen, der dei praktiserer ein karriere først og fremst som kokk, men og som tannlege, webdesignar eller sikkerhetssjef. Det er få som planlegg ei framtid i ein landsbygdkommune, og få i ein bygdebykommune. Derimot er det heller mange som planlegg eit liv buande i utlandet.

Figur 7.4 *Bukommune/land gutar 2010. Prosent*



Like mange av gutane som planlegg ei framtid i storbyen kjem frå ein distriktsby som frå ein bygdeby. For gutane som ikkje slår seg ned i heimkommunen gjeld det for så og seia alle at dei flytter til ein meir sentral kommune enn kor dei vaks opp. Over halvparten av gutane i utvalet – 30 – er oppvaksne i ein bygdebykommune, men berre sju av desse seier dei bur i ein liknande kommune om ti år. Når så heller ingen av dei som er oppvaksne i landsbygdkommunane eller distriktsbykommunane planlegg å busetja seg i ein bygdebykommune om ti år, så misse bygdebyen 23 av 30 av ungdommane sine, og får ingen tilbake. Landsbygdkommunane er representerte med få ungdommar i utgangspunktet, men misser likevel på langt nær så mange som bygdebykommunane, og får dessutan også tilflytting frå ungdommar oppvaksne i bygdebykommunar. Distriktsbykommunane var representerte med 18 ungdommar i utvalet, og trass i utflytting, så gjer innflytting sitt til at distriktsbyane sit att med ti av ungdommane i 2010. det er slik storbykommunane som er den store vinnaren. Ingen av ungdommane i utvalet er oppvaksne i slike kommunar, men nærare 40 prosent av dei planlegg likevel ei framtid i storbyen.

Tabell 7.1 *Kor gutane vil bu i 2010 etter oppvekststad*

BUKOMM. 2010	OPPVEKSTKOMMUNE			
	Landsbygd- kommune	Bygdeby- kommune	Distriktsby- kommune	SUM
Landsbygd- kommune	3	2		5
Bygdeby- kommune		7		7
Distriktsby- kommune	2	1	7	10
Storby- kommune	1	10	10	21
Utlandet	2	6	1	9
Uoppgitt		4		4
SUM	8	30	18	56

Kva er det så med storbyen, kva med den gjer at gutane vil slå seg ned der? Det som dreg ved storbyen er først og fremst jobbmuligheter, men det er også eit stort miljø med mange ulike tilbod, der ein kan dyrka mange slags interesser, om ein har tid då. Og storbyliv i ei blokk medfører også at ein slepp å måka snø, som Barduguten skriv, truleg med snøvinteren 2000 friskt i minne. Slik flyttar ein til tilbod og muligheter, og frå andre. Slik skriv guten frå Hedmark om livet sitt i storbyen om ti år:

”For tiden bor jeg i en leilighet på Furuset<sup>49</sup> like utenfor Oslo, sammen med samboeren min. Det er en romslig leilighet som vi har innredet veldig fint. Vi har til og med boblebad der. På Furuset er det kjempefint å bo. Det er veldig mange hyggelige mennesker der, og veldig bra miljø. Vi bor i gåavstand til et kjøpesenter, og har det vi trenger. Dessuten tar det ikke lang tid med t-bane inn til Oslo. Vi har jo bil, men det er fint med t-bane etter en fuktig kveld på byen! Til daglig jobber jeg som kjøkkensjef på en bedre restaurant inne i byen, og jeg trives med det. Jeg har jobbet der i snart fem år, og kommer nok til å fortsette med det. Samboeren min jobber i et vikarbyrå, også det inne i byen. Vi har bodd på Furuset i litt over ni år, og en ting er sikkert: Her er det mye, mye bedre enn der jeg bodde før. Det var et knøttlite sted mellom Hamar og Lillehammer. En ussel liten plass..... Det var ikke stort å bedrive tida med der. Vi skata litt om sommeren, og så spilte jeg i et band. Jeg spilte trommer, og vi var ganske populære, men vi måtte slutte da nesten alle i bandet flytta. Det var bare ett utested der, og der var det liv bare i feriene, stort sett. Jeg hadde jo mange venner der, men nå har jeg kontakt med bare noen.”

Denne guten er ein av dei få som grunngeiv valget av storbyen som stad å bu. Mykje å ta seg til, nærhet til mange tilbod, mange triveleg folk, mulighet for å festa ute og så ta trikken heim, tel for han. Det som kan gjerast i storbyen, er ikkje vesentleg annleis enn det som kan gjerast på ein mindre stad. Gå ut med venner, ha seg ein fest utan å vera avhengig av bilen heim, det kan også gjerast andre stader, i alle fall stader av ein viss

<sup>49</sup> Furuset er ein bydel i ytre by aust i Oslo, øverst i Groruddalen. Furuset er 8,6 km<sup>2</sup> og hadde i 1999 29 232 innbyggjarar (Oslo byleksikon, Kunnskapsforlaget, Oslo 2000).

størrelse. Men kanskje er ikkje mulighetane for stjernejobb på ein god restaurant så store på mindre stader, og biletet av storbyen som ein stad med alle muligheter opne er kanskje klarare enn kva bilete mindre stader klarar å skapa av seg sjølve.

Dei fleste av dei andre som gjer samme valet, grunngjev det ikkje. Men når dei flytter medstraums, og gjer det som er trenden, så krev det heller ikkje omfattande grunngjeving. Her, som på andre område, er det mindretalet som må argumentera sterkast for sine val. Men om mange skriv om det positive med storbyen, er det likevel ikkje eit eintydig bilete. Dei som ser positive sider ved livet i ein stor by, ser også bråk og uro, kriminalitet og lite trygghet. Og storbylivet er først og fremst godt når ein er ung og barnlaus, når ein får så store barn at dei er skuleelevar, er det mange som skriv om at oppvekstmiljøet for barn er betre og tryggar i ein distriktskommune, enn i storbyen. Slik skriv guten frå Sunnfjord som om ti år arbeider som tannlege i Bergen:

”Jeg valgte Bergen sin min plass å studere for den ligger ganske sentralt i forhold til mit opprinnelige hjemsted, og det er den byen jeg har hatt mest tilknytning til med tanke på at jeg har hatt to eldre brødre som begge har bodd og studert i Bergen. Men på den annen side rekner jeg ikke med at jeg kommer til å bo i Bergen resten av mitt liv. Jeg vil ikke at ungene mine skal vokse opp midt i Bergen sentrum. Jeg føler at det ikke er naturlig å vokse opp i en storby som Bergen har blitt. Jeg vokste selv opp på ”landet”, og tror at det har hatt sine fordeler. Miljøene man vanker i som liten setter sine spor, og man vil bli preget at det så lenge man lever. De store skolene her i byen har sikkert sine fordeler, men jeg har mer tro på mindre skoler hvor miljøene ikke blir så oppstykket.”

Nettopp trygghet, nærhet til familie og eit godt oppvekstmiljø er noko som gutane som slår seg ned i distrikta vektlegg. For nokon handlar det i tillegg å overta familiebedrifta eller familiegarden:

”For to år siden flyttet jeg hjem for å overta farsgården her på Viksdalen. De to eldre søskena mine har aldri vært særlig interessert i gården. Dessuten har de allerede i flere år vært etablert med familie og jobb i en av landets største byer. I tillegg til arbeidet på gården jobber jeg i ca. 50% stilling ved skolen i bygda. Etter videregående skole var jeg veldig usikker på hva jeg ville gjøre i fremtiden. Men etter noen år, da jeg var i militæret og ar ute og så meg rundt i veran, med enkelte småjobber innimellom, ble jeg mer og mer bevisst på hva jeg ville gjøre resten av livet. Jeg bestemte meg for å gå lærerhøgskolen i Bergen. Da jeg for to år siden var ferdig der, måtte jeg ta et valg; enten reise hjem og ta over gåderan, eller å fortsette å bo i en større by og i et mer urbant miljø. Jeg har alltid vært interessert i arbeidet på gården, og derfor var det egentlig ikke så vanskelig å velge. Lærerjobben som jeg har i tillegg, gjør at jeg får et mer variabelt arbeidsliv, så selv om jeg har det travelt, gir to så forskjellige jobber et ekstra overskudd. I tillegg får jeg hjelp fra far min i fjøset. Uten den hjelpen er jeg ikke sikker på om det hadde vært mulig å kombinere de to jobbene. Det er vel mange som ikke kan skjønne at jeg frivillig har valgt to yrker med så lav status, og der en får – forholdsvis – så lite igjen for arbeidsmengden. Men jeg syns at det viktigste er å ha en jobb der en personlig får noe igjen, og der en trives. Da får det økonomiske komme i annen rekke

Han som skriv dette bur om ti år i Sunnfjordgut, 28 år i 2010, og vektlegg mange av dei samme verdiane som han som om ti år bur på garden til kona i Hemsedal:

”Jeg arbeider som helikopterpilot ved et av Norges største helikopterselskap. Her har jeg arbeidet de siste sju årene, og trives vannvittig godt. Hovedoppgaven min er å fly turister til og fra skisteder, men jeg flyr også luftambulans, i tillegg til lasteoppdrag. .... Hovedgrunnen til at jeg bor nettopp her vet jeg i grunnen ikke. Men det var her jeg traff kona, og siden hun hadde gard, så var det best å bosette seg her. Jeg har alltid drømt om å få min egen gard, så nå er drømmen gått i oppfyllelse. Dessutan har jeg arbeidsplassen min rett rundt hjørnet.”

Dei som buset seg i landsbygd- eller bygdebykommunar grunnjev langt meir utfyllande kva som er positivt med det, enn kva dei som buset seg i distriktsbyen eller storbyen gjer. Og mange også klart at dei vel å gå mot flyttestraumen:

”Grunnen til at eg busette meg her i Bygstad er at her bur mesteparten av barndomskameratane mine, og alle kjenner alle, og eg har jobben min her. Det er sikkert mange som vil spørje meg kvifor eg busette meg her? Men det er rett og slett for å komme vekk frå stresset i byen. Eg budde i Trondheim då eg dreiv med plikttenesta. I lengda er det stressande, sjølv om eg hadde det ganske kjekt då eg flaug, og det hjelpte. Så då bestemte eg meg for at då eg var ferdig med plikttenesta, så skulle eg ta med meg familien og flytte heim til Bygstad. Kona mi kjem frå Førde, og ho var heilt enig med meg då eg føreslo at vi skulle flytte heim. Ho er no tilsett i eit datafirma i Førde.” (helikopterpilot, bygdebykommune)

”For ti år siden bodde jeg også her i hjembygda mi, men da ville jeg vekk for enhver pris. Jeg var så lei de samme folkene og de samme tingene dag etter dag. Men selv om det høres tungt ut å bo her, så er det ikke så galt. Det er stilt og rolig her, selv om det er mer byaktig her nå enn da jeg vokste opp. Det jeg misliker med livet mitt nå er kanskje at jeg må få nedbetalt lånet på huset vårt. Jeg kan egentlig ikke komme på så mange ting jeg ikke liker med livet mitt nå. Skulle ønske at prisene ikke hadde vært så høye, men det har jo egentlig privatmennesket kjempa om i 20 år nå, så det blir nok aldri noen forandring der. ... . Jeg husker at jeg for ti år siden tenkte at når jeg ble familiemann skulle jeg ikke bare sitte inne og se i veggen. Sånn ble det da heller ikke. Jeg og min kone er ganske så sosiale mennesker. Vi går ut når vi får sjansen, og så har jeg et par kvelder i uken da jeg er ute med vennene mine” (gut som om ti år er dataprogrammerer, bygdebykommune)

Så og seia alle ser både positive og negative sider ved staden dei trur dei kjem til å velja som bustad i framtida, ser at bygda er lita og tilboda få, eller at byen er bråket og med store sosiale problem, men dette blir oppvega av fred, ro og ikkje minst trygghet, eller av mange tilbod og spennande ting i fritida.

Trygghet og gode oppvekstmiljø, eller andre familieverdier, er ikkje det gutane som planlegg å slå seg ned i utlandet vektlegg. Men så er heller ikkje dette gutar som planlegg familie om ti år, ein stor del av desse er opplevingsorienterte gutar på leit etter spennande aktivitetar som er interessante og som samtidig gjev ei inntekt. Filmfotografen skriv slik om sitt liv om ti år: ”Jeg trives godt med å kunne jobbe nesten akkurat når jeg føler for det, selv om det blir mye stress når jeg jobber. Det er kanskje ikke så uvanlig på et filmsett. London har mye å tilby, så jeg har ikke de store problemene med å ha noe å gjøre på i fritiden.” Og turistguiden i Spania seier dette:

”Jeg tror det var året mitt i USA som gjorde meg nyskjerrig på andre land og kulturer. Nå har jeg reist jorda rundt, og vært på reisefot i to år. Deretter begynte jeg å studere reiseliv i Spania, slik at jeg kunne slå to fluer i et smekk. Jeg kunne studere til yrket jeg ville drive med, og jeg ville lære spansk. .... Nå har jeg fast jobb i Spania, og jeg reiser mye i jobben. Men på grunn av mye reising er det vanskelig å få et forhold til å fungere. Jeg regner likevel med at om et par år vil jeg kunne slå meg til ro, og kanskje stifte familie.”

Kor vil så dei ulike mannstypene busetja seg i framtida?

Tabell 7.2 *Framtidig busetting etter mannstype*

	”Nye” menn - Likestilling	”Gamle” menn - Karriere	”Gamle” menn - Oppleving	?
Landsbygd	2	4		
Bygdeby	4	2		
Distriktsby	3	7		
Storby	6	13	1	1
Utlandet	2	1	6	
?			1	3
SUM	16	27	8	4

Det vi ser er at ei overvekt av dei karriereorienterte mennene synest å finna best muligheter for å verkeleggjera karrieredraumen i urbane omgjevnader, først og fremst i storbyen. Dei ”nye” mennene synest derimot å finna rom for det livet dei vil leva i ulike kommunetypar, sjølv om også her er storbyen førsteval for fleire. Dei opplevingsorienterte finn vi først og fremst i utlandet. Her må eg understreka at utvalet vårt ikkje er stort, og at meir omfattande datainnsamling, for eksempel gjennom å intervjuar gutane, ville gjort datamaterialet vårt mykje betre.

## 7.6 Framtida

”Eg har alt ein mann kan ynskje seg; ei dame, ein Mercedes, ei stor leilighet og ei fin lita dotter. .... Eg arbeider for tida som kjøkkensjef på ein bra restaurant i Bergen. Arbeidsmiljøet er bra, og eg har eit godt samarbeid med dei andre tilsette. Løna er også bra, og eg har ingenting å klage over.” (gut, bygdebykommune)

Slik skriv han som er representativ for fleirtalet av gutane her. Det store fleirtalet av gutane ser lyst på framtida, og er optimistiske med omsyn til arbeid, familie og eigen trivsel om ti år. Om arbeidet krev mykje av tida, er likevel livet godt. Han som er 30 år i 2010, har utdanning frå Norges landbrukshøgskule, er gift og har barn, og bur i Trysil, skriv slik om livet som mjølkebonde:

”Jeg syns jeg har i meste laget å gjøre, men jeg håper og tror at det stabiliserer seg på et akseptabelt nivå, men for øyeblikket er det litt stressende. Heldigvis har jeg aldri hatt problemer i forhold til økonomi og familieliv, og min kone er et særdeles dyktig menneske i det meste, og har hjulpet og støttet meg i alle situasjoner. Jeg føler at jeg har et innholdsrikt



liv, og at jeg får utrettet noe positivt med livet mitt, og da skal man ikke klage.” (gut, distriktsbykommune)

Optimismen er ikkje berre på egne vegne, men også for staden ein bur:

”I år 2000 hadde vi det styggeste sentrum i verden. Slik er det ikke lenger. Med mange fine severdigheter og byggverk er stedet blitt en byperle som vi kan være stolte over. Det som for ti år siden var en anleggsplass, er nå blitt en plass kommunen er meget stolt over. Fontener, skatepark og dyrepark er bare noen av de tingene en kan få med seg hvis en stikker innom. Det planlegges også en fornøylespark like utenfor selve sentrum. Men det vil kanskje gå enda tre til fem år før noe slikt blir realisert” (gut, bygdebykommune)

## 7.7 Oppsummering

Som distriktsjentene ser vi og at det finst ulike typar blant distriktsgutane. Vi har delt dei inn i to hovudgrupper, der den eine gruppa omfattar to typar, alt etter kva det er dei overordnar i livsprosjektet sitt. Det avgjerande er om jobb og karriere er det som kjem først, om familie og ungar er jamstilt med jobb og karriere, eller om det er oppleving og utfordring – og då først og fremst gjennom jobben, som kjem først. Dei karriereorienterte og dei opplevingsorienterte kallar vi ”gamle” menn, fordi dei vidarefører ein tradisjonell måte å vera mann på, anten ved å overordna karrieren eller ved å overordna oppleving i sitt eige livsprosjekt. Dei opplevingsorienterte – eller eventyrarane – vektlegg opplevingsaspektet i jobben framfor noko anna. Dei er ikkje opptekne av karriere åleine, eller mulighetar for å klatra på karrierestigen, det dei trekkjer fram som viktig er utfordring og oppleving i jobben, fridom til å kunna oppleva ting som ein vanleg kvardag ikkje byr på. Slike oppleving kan like gjerne finnast i livet som sirkusartist, som i eit liv som frilansfotograf med heile verda som arbeidsplass. Men det synest lite sannsynleg at slike opplevingar finst på kontoret til aksjemeklaren eller tannlegen.

Vi har vald å kalla den andre hovudgruppa for ”nye” menn, fordi desse målber noko nytt i sin måte å framstilla livet som mann i forhold til dei tradisjonelle eller ”gamle” unge mennene. Dette er unge menn som likestiller fleire prosjekt når dei skriv om egne livsvisjonar; det er ikkje anten karriere eller oppleving som er overordna, og det er heller ikkje familie åleine som er overordna – ingen gutar overordnar familien i sitt livsprosjekt. Men desse gutane sideordnar eller jamstiller jobb og karriere og det å ha familie og kunna ha tid til å delta i familielivet. Likestilling med omsyn til familielivet inneber ikkje at unge menn tenkjer seg ei framtid som familiefar på heiltid, eller som heimeverande, jobb er ein sjølvsgagt del av livsprosjektet. Men at familie og barn krev innsats i form av tid og oppmerksomhet, og til tider krev mindre innsats på jobben, synest sjølvsgagt for denne gruppa. Ingen av dei skriv om ektefellar eller sambuarar som nokon som tek heile ansvaret for barn og husarbeid.

## 8 Kvinneprofilar og framtidsbilete

I det følgjande vil vi sjå på korleis unge distriktskvinner kan kategoriserast som ulike kvinnetypar, og sjå på kva slags implikasjonar ulike val kan ha, og då spesielt for framtidig busetjingsmønster i distriktsområda.

### 8.1 Kvinneideologiske typar

Dei vala unge kvinner gjer for sitt eige livsprosjekt, kva livet skal omfatta og innehalda, og kva som skal overordnast, blir gjort innanfor ei ramme. Det er dette som er utgangspunktet for Sissel Fredriksen (1998, 2001) når ho kategoriserer distriktskvinner som Moderna, Konserva og Alterna ut frå kva som er overordna i deira livsprosjekt og framtidsplanar. Dei ideologiske kvinnetypane er kategoriserte ut frå planar for livsprosjektet, det vil seia ut frå ei tankeskisse av kva vi ønskjer å verkeleggjera i løpet av livet vårt, og korleis vi skal få det til. Kvinnetypane vil slik reflektera tilslutning til ei livsform, og til ulike regimeforankra oppfatningssystem av "kva og korleis" eller "er og bør" når det gjeld kvinner, kvinneliv og samfunn. Denne tilslutninga kan vera meir eller mindre bevisst. Vi har lagt denne tankegangen til grunn når vi studerer dei unge kvinnene og deira val i forhold til framtida. Val av utdanning åleine seier ikkje noko vidare om ideologi, det gjer derimot under- eller overordning av utdanning og yrke i forhold til familieprosjektet. Dersom yrkes- og karriereprosjektet er det overordna, er det Moderna vi har møtt på. Konserva er ho som overordnar familieprosjektet alt anna i livet sitt. Og Alterna går på tvers av desse, ho vil realisera eit godt liv utan at ho skal slita seg ut mellom yrkeskarriere og familie, eller ta hovudansvaret for familie samstundes som ho støttar opp om mannen sin yrkeskarriere, og underordnar sin eigen yrkesdeltaking familieansvaret.

Ved å analysa vala dei unge kvinnene gjer både i forhold til utdanning, yrke, familieliv og fritid, og korleis desse vala blir overordna eller underordna, får vi fram tilslutning til ulike oppfatningar av kva unge kvinner planlegg for sine liv, korleis dei oppfattar kva som er mogeleg, kva dei ser som målsetjing, og korleis dei tenkjer seg at desse måla skal nåast. Ut frå ulike planar for livsprosjektet blir slik Konserva, Moderna og Alterna kategorisert. Denne kategoriseringa tek utgangspunkt i empiri, og kopla med teori gjev dette grunnlag for å tolka empirien som eit hypotetiske overgripande mønster. Dette er ein framgangsmåte som ligg nær opp til det som i metodelitteraturen blir kalla abduksjon (Alvesson og Sköldbberg 1994:42).<sup>50</sup> Tolkingane her blir slik ei tolking av fakta som vi alt har ei viss før-forståing av. Vi har ei forståing av Moderna, Konserva og Alterna, og prøver å tolka datamaterialet vårt ut frå denne forståinga. Ikkje alle unge kvinner let seg plassera i desse tre kategoriane utan vidare, og vi har difor med ei gruppe som vi kallar Moderna/Konserva, dette er kvinner som har trekk frå både Moderna og Konserva. Kva

<sup>50</sup> Alvesson, Mats og Sköldbberg, Kaj (1994): *Tolkning och reflektion*, Lund: Studentlitteratur

trekk vi kallar Moderna-, Konserva- og Alterna-trekk blir gjort nærare greie på i samband med omtalen av spørjeundersøkinga nedanfor.

På bakgrunn av at kvinnelege studentar ved hjelp av tal har sagt kor samde dei er i ei rekkje påstandar om utdanning, arbeid, fritid og familie har vi prøvd å plassere kvinnene i forhold til dei idealtypiske kvinnene ”moderna”, ”konserva” og ”alterna”. Til denne avgrensinga har vi berre brukt påstandar som er oppfatta som eintydige i retning ein av dei tre kvinnetypane. Det er fire påstandar som er uttrykk for Moderna sine haldningar, seks påstandar som er uttrykk for Konserva sine haldningar og sju påstandar som er uttrykk for Alterna sine haldningar. Påstandane er som følgjer:

	<b>Moderna</b>	<b>Konserva</b>	<b>Alterna</b>
<b>Utdanning</b>	Eg vil ha ei utdanning som gjev mulighet for ein bra jobb med god lønn og gode karrieremuligheter	Eg vil ha ei utdanning som gjev meg mulighet for å tilpassa arbeid til barn og familie	Eg veit ikkje heilt kva eg vil bli, men synest utdanninga eg tar er spennande, det er det viktigaste for meg no
<b>Arbeid</b>	Eg har ei attraktiv stilling med gode lønns- og utviklingsmuligheter i eit framgangsrikt foretak	Eg har ein triveleg jobb med gode muligheter for å tilpassa arbeidsinnsatsen til familiesituasjonen	Eg har skapt min eigen jobb, og den gjer meg uavhengig av det vanlege karrieremaset.  Eg har ikkje fast jobb, men tar interessante vikaroppdrag og engasjement.
<b>Fritid</b>	Fritida mi brukar eg til venner, trening, reiser og ulike kulturelle aktivitetar.	Fritida mi brukar eg saman med familien, trenar, pratar med gode venninner eller drar på tur med dei.  Eg brukar all fritida mi på aktivitetar saman med barna, enten heime, ute i naturen eller i ulike organisasjonar for barn.	Eg brukar mykje av fritida mi til innsats for natur- og miljøraker.  Eg brukar fritida til å utvikla meg sjølv vidare på ulike måtar.
<b>Familie</b>	Etter å ha prioritert utdanning og jobb i fleire år, har mannen min og eg fått vårt første barn.	Eg håpar at eg i alle fall har to barn, og har valt å ha deltidsjobb medan barna er små.  Eg har mann og barn og vi legg stor vekt på å bu nært andre med våre interesser.	Om ti år er det framleis for tidleg for meg å slå meg til ro med barn og familie.  Eg har ikkje barn om ti år, og planlegg heller ikkje det seinare.

Påstandane er vekta slik at dei fire hovudtema utdanning, arbeid, fritid og familie har fått lik vekt. På bakgrunn av svara på påstandane er det laga tre indeksar som måler gjennomsnittleg score for alle påstandar som er uttrykk for Moderna, respektive Konserva og Alterna sine haldningar. Dei som har svart på minst halvparten av påstandane som gjeld

for kvar indeks er det rekna ut indeks for. Etter ei klassifisering basert på absolutte svar på indeksane ser vi at kvinnene fordeler seg på fire omtrent like store grupper: Moderna, Konserva, Moderna/Konserva og uplasserte, mens Alterna-kategorien er svært liten. I tabellen nedanfor har vi tatt bort dei uplasserte.

Tabell 8.1 *Ideologiske kvinnetypar, elevane, studentane og to aldersklassar blant kvinner i befolkninga. Prosent<sup>51</sup>*

	<b>Elevar</b>	<b>Studentar</b>	<b>27 år</b>	<b>35 år</b>
Moderna	35	28	35	36
Konserva	31	34	59	57
Mod/Kons	26	31		
Alterna	8	7	6	7

Tabellen ovanfor er ikkje heilt enkel å tolka, først og fremst fordi det ikkje er uproblematisk å samanlikna dei fire kolonnene med prosenttal. Grunnen til det er at dei to rekkjene til høgre kviler på statistisk materiale som regionale befolkningstal og flyttehistoriemateriale. Tala er henta frå ein annan rapport i samme prosjekt som denne rapporten er ein del av, og nærare utgreiing om bakgrunnen for tala er å finna der (Sørлие 2000). Gjennom ulik gruppering av spørjeorda "kven, kva, kor" – retta mot utdanning, familieetablering og busetjing, grupperer Sørлие unge kvinner som Moderna, Konserva og Alterna. Han har ingen "blandingskategori", slik vi har blant kvinnene som utgjer datagrunnlaget for denne rapporten. Slik dei unge kvinnene skriv, eller slik dei svarar på ulike svaralternativ som er meinte å karakterisere dei ulike kvinnetypene, finn vi det vanskeleg å ikkje operera med ei blandingsgruppe. I tillegg er det også ei gruppe som er uråd å plassera, dette gjeld studentmaterialet, og denne gruppa er utelaten i tabellen ovanfor. Eit forhold som gjer det vanskeleg å kategorisera dei yngste kvinnene, er at inndelinga byggjer på val, og kva som er over- og underordna i den prosessen. Eit spørsmål om familieprosjektet er over- eller underordna yrkeskarrieren, skaper skiljet mellom Konserva og Moderna. Mange av dei unge kvinnene har ikkje gjort dette valet, og sjølv om dei skriv om korleis dei planlegg framtida si, så står sjølv vala likevel igjen. Difor er det også større usikkerhet i tala for den yngste gruppa, som for den som er eldre.


To av kvinnegruppene er likevel nokså like for alle fire aldersgruppene, og det er Moderna og Alterna. Alterna er heile tida ei lita gruppe, mellom 6 og 8 prosent av utvalet. Det er flest Alterna mellom dei yngste kvinnene, og vi kan ut frå det spørja om det er fleire som "startar" som Alterna, men som av ulike grunnar møter hindringar og barrierar som gjer eit slikt val vanskeleg, og difor konverterer til Moderna eller Konserva. Det er like stort innslag av Moderna-kvinner blant 17-18-åringane, som blant dei som er ti år eldre. Ei forventning om større innslag av Moderna blant unge kvinner, enn blant unge vaksne kvinner blir slik ikkje støtta, dei heilt unge er ikkje "meir moderne" enn dei i slutten av tjuetåra eller dei midt i trettiåra. Student-gruppa skil seg ut her, med å ha lågare innslag av Moderna enn dei tre andre gruppene. Vi såg tidlegare at svært mange av kvinnene innanfor omsorgs- og lærarfag gjev uttrykk for Konserva-haldningar, så spørsmålet er om denne låge prosenten kan forklarast med at vi har eit forholdsvis stort innslag av studentar innanfor omsorgsfag, og innanfor pedagogiske utdanningar i utvalet vårt. Det vi likevel står igjen med er at vi har ei lita gruppe Alterna, og to større, og nokolunde like grupper med Konserva og Moderna, i tillegg til ei blandingsgruppe.

<sup>51</sup> Elevutvalet tel 86 kvinner, studentutvalet er her 162, for dei to aldersgruppene sjå Sørлие 2000.

## 8.2 Kvinnetypar og kommunar


Ein av hovudmålsetjingane med dette arbeidet var å studera framtidsplanar for unge kvinner, og å sjå kor unge kvinner ønskjer å realisera framtida si. Er det storbyen som vil vera den mest attraktive staden å bu for unge kvinner, eller er andre typar kommunar like attraktive? Spørsmålet er om unge kvinner sine framtidsplanar inneber flytting frå distriktskommunane og til meir sentrale kommunar. Korleis desse planane er ser vi i søylediagrammet nedanfor.

Figur 8.1 *Framtidige busettingsønskje. Prosent.*




Det vi ser er at vel halvparten av dei unge kvinnene seier at dei vil slå seg ned i eit distriktsby- eller storbyområde. Det er særleg dei yngste kvinnene i utvalet som seier dette, og distriktsbyen er noko meir populær som framtidig bustadskommune, enn kva storbykommunen er. Ein fjerdedel av kvinnene planlegg å busetja seg i ein landsbygd- eller ein bygdebykommune, langt fleire i bygdebyen enn i landsbygdkommunen. Det er dei eldste kvinnene i utvalet, studentane, som i størst grad er orienterte mot bygdebykommunane. Studentane har også eit forholdsvis stort innslag av dei som svarar "veit ikkje" på spørsmålet om kor dei bur om ti år.

Vi er vidare opptekne om dei ulike kvinnetypar har ulike bustadspreferansar her, at Moderna lettast kan realisera sitt livsprosjekt i storbyen, og Konserva sitt i landsbygdkommunen? Nedanfor ser vi på korleis dei unge kvinnene har svart når det gjeld bustadpreferansar, kor i landet dei ønskjer å busetja seg. Vi ser her på dette i forhold til kvinneideologiske typar, både for elevane og for studentane.


Figur 8.2 *Kvinnetypar og framtidig busetjing. Elevar.*

Det vi ser er at Moderna ikkje planlegg hus og hage i ein landsbygdkommune eller ein bygdebykommune. Moderna dreg til byen, først og fremst storbykommunane, men og distriktsbykommunane, og ho vil busetja seg i utlandet. Moderna søker eit arbeid som gjev mulighet for karriere og utvikling, og underordnar busetjingsval det. Og Moderna i vårt elevutval ser det slik at yrkesambisjonar er lettast å oppfylle i meir urbane strøk, som distriktsbyen, storbyen, eller i utlandet. Konserva vel først og fremst bygdebykommunane, men vi finn ho og i distriktsbykommunane og i utlandet. Ho er også å finna i landsbygdkommunar og i storbykommunar. Konserva er slik ei som vel mellom alle kommunetypene her i landet, hennar busetjingsval er underordna andre val i familien, som mannen sitt jobbval.

Figur 8.3 *Kvinnetypar studentane etter busetjing. Prosent*

Bustadspreferansane til studentane er noko meir nyanserte enn hos elevane, men framleis er hovudtrekka dei samme; at Moderna føretrekkjer å busetja seg i ein distriktsby- eller storbykommune, og at Konserva sluttar mest opp om bygdebyen. 11 prosent av Moderna-studentane seier dei kjem til å busetja seg i ein landsbygdkommune, like mange seier at dei slår seg ned i ein bygdeby. Likevel er det framfor alt distriktsbyen, med 31 prosent, og storbyen med 22 prosent, som er vinnarane i kampen om Moderna-studentane.

Figur 8.4 Bustadsvalet etter kvinnetypar, heile utvalet. Prosent.



### 8.2.1 Heime bra, men borte best?

Nærhet til familie og venner, gode oppvekstforhold for barn, og rimeleg bra tilbod for vaksne er viktig når dei unge i utvalet skriv om framtidig bukommune. Og det er særleg dei som vil busetja seg i ein distriktskommune som seier dette. For dei som vel storbyen er ein variert arbeidsmarknad, og eit variert kultur- og fritidstilbod det viktige. Frå spørjeundersøkinga blant studentane ser vi at flott natur og nærhet til naturen og til friluftaktivitetar er det som flest av dei unge kvinnene meiner er positivt ved eigen oppvekstkommune. 55 prosent av studentane seier dette når vi har bede dei seia kva som er dei tre beste sidene ved heimkommunen. På andre plass kjem det vi kan kalla miljøsida ved kommunen, at kommunen utgjer eit passe stort og godt miljø, det er eit trygt oppvekstmiljø der og eit bra ungdomsmiljø. 65 prosent av studentane seier at dette er den andre gode sida ved heimkommunen. På tredjeplass kjem det at i heimkommunen er det nært til venner og familie. 36 prosent av studentane nemner dette som nummer tre av tre gode sider ved heimkommunen.

Kva er så dårlegast ved heimkommunen? Det som er mest slåande ved svara på dette spørsmålet i forhold til svaret på kva som er best med heimkommunen, er at det er langt fleire alternative svar her, og ingen av svara får så stor oppslutnad som det som fekk størst oppslutnad på kva som er godt med heimkommunen. 18 prosent av ungdommane seier at det dårlegaste med heimkommunen er at det er vanskeleg å få ein jobb som høver til utdanninga deira. Det er dette svaret som har størst oppslutnad av dei nærare 40 ulike svara som kom på dette spørsmålet. Spørsmåla om gode og dårlege sider var eit ope spørsmål, der studentane kunne skriva det dei ville. Få kultur- og idrettstilbod kom på

andre plass som eit negativt trekk ved heimkommunen og gjennomsiktlegheit – ”alle kjenner alle” kom på tredjeplass.

Tabell 8.2 *Gode og dårlege sider ved oppvekstkommune*<sup>52</sup>.

Godt ved oppvekstkommune	Dårleg ved oppvekstkommune
1. Flott natur, nærhet til natur og friluftsmuligheter (55%)	1. Dårleg tilbod på relevante jobbar (18%)
2. Passe stort og godt miljø, godt oppvekstmiljø (44%)	2. Få kultur- og idrettstilbod (21%)
3. Nært familie og venner (36%)	3. ”Alle kjenner alle” (18%)
Sentral plassering	Dårleg offentleg og private servicetilbod (helseteneste/barnehagetilbod/skular, butikkutval/møteplassar, kafear, fritidstilbod for barn og unge)
Gode jobbmuligheter	For få folk/stor utflytting/lite folk på min alder/venner er flytta
Gode fritidstilbod	Dårleg kollektivtilbod/busstilbod/bompengar
Gode kulturtilbod	Ustabil/dårleg ver
Beliggenhet/klima	Stygg plass/stygt sentrum
”Alle kjenner alle”	Trongsynte folk/baksnakking/negative haldningar/gjengmiljø/dankdrivande ungdom (rånarar)
Nært ein større by	Gjennomtrekk av studentar/turistar
Utdanningsmuligheter på staden	Mannsdominert kommune/gubbepolitikk
Tett og intimt miljø	

Spørsmålet om å karakterisera heimkommunen blei stilt som eit ope spørsmål til studentane, der dei skulle trekkja fram tre positive og tre negative sider ved heimkommunen. Det som klart kjem fram i svara er at det er langt større oppslutnad om enkelte svaralternativ når det gjeld positive enn når det gjeld negative sider. Halvparten av studentane meiner til dømes at natur og friluftsmuligheter er det mest positive ved heimkommunen, og også den nest beste og tredje beste sida ved heimkommunen får stor oppslutnad. Dette er ikkje tilfelle for svara på kva som er mest negativt ved heimkommunen. Her er det langt større mangfald i svara, og langt lågare oppslutnad om kvart alternativ. Og medan vi fekk 18 ulike alternativ for den beste sida ved heimkommunen, fekk vi 37 ulike alternativ for kva som er dårlegast ved heimkommunen.

Natur, miljø i vid forstand, og familie og venner – det er det som er positivt ved heimkommunen. Svært mange trekkjer fram muligheter for tur sommar og vinter, både for barn og vaksne. Det er det samme vi ser i stilmaterialet, der mange av elevane skriv om turopplevingar og mulighet for å komma seg raskt ut i naturen, og framhevar dette som positivt. Eit godt og trygt oppvekstmiljø blir også framheva, i spørjeundersøkinga som i stilmaterialet. Det er også dette punktet som blir nemnd av mange av dei unge kvinnene som skriv stil, når dei skriv om framtidige barn, og at dei ønskjer at ungane skal veksa opp i trygge og gode omgjevnader. Å bu nært familie og venner blir også framheva både av elevar og studentar, og lagt vekt på noko som er positivt ved heimkommunen. Av

<sup>52</sup> Respondentane svarte på kva som var dei tre beste og dei tre dårlegaste sidene ved heimkommunen. Dei tre øverste svara for kva som er beste og dårlegaste sider er gitt som dei tre nummerete alternativa, og oppslutningen om dei i prosent. Deretter følgjer andre svar som blei gjevne, men som oppnådde langt mindre oppslutnad som best eller dårlegast.



andre forhold som blir nemnt som positive, er slikt som sentral plassering, gode jobbmuligheter, godt klima, utdanningsmuligheter og at ”alle kjenner alle”.

På minussida er det mange argument å velja mellom, meir enn dobbelt så mange som på plussida. Når unge kvinner fortel om det negative ved heimstaden, finn dei slik langt fleire eigenskapar enn når dei fortel om det positive. Med så omfattande liste over minusargument, så er heller ikkje oppslutninga om dei ulike argumenta stor. Det er berre to argument som skil seg ut, og det er det som går på arbeidsmuligheter og vanskar med å få ein høveleg jobb, og det som går på eit for lite eller for einsidig idretts- og kulturtilbod. I stilane til dei unge jentene blir dette beskrive som eit tilbod i spekteret mellom musikkorps og fotballtrening, - og mellom desse tilboda finst det mange stader fint lite, kanskje ein bensinstasjon eller ein kiosk, der ein kan hengja om kveldane. Gjennom-siktleggheten og overvakinga i form av at ”alle kjenner alle” er også på minuslista, sjølv om heller få trekkjer dette fram, blir det nemnt både i spørjeskjema og i stilane. Bygda eller bygdebyen blir slik ”sladrebyen der alle visste hvem alle var. Skilte du deg ut fikk du høre det, og om det kom utlendinger ble de utstøtt. Samme galdt homofile. Jeg tror de fleste led av fremmedfrykt”, som ei av jentene skriv.

## 8.2.2 Gode bustadsalternativ for kvinner

Fin natur, trygt oppvekstmiljø og nærhet til familie og gamle venner, er det som unge kvinner verdset høgast ved eigen oppvekstkommune, men er det dei legg vekt på når dei planlegg kor dei skal bu i framtida? Det vi spør om her er om dei unge kvinnene, der altså storparten av dei planlegg å ikkje slå seg ned i eigen heimkommune, kva slags kommunar er det dei eigenleg er på leit etter? Ein som liknar heimkommunen, eller ein som er annleis enn heimkommunen? Det er nærliggjande å gå ut frå at kvinnene planlegg flytting til ein annan type kommune, i og med at så mange planlegg å slå seg ned i ein meir sentral kommune enn dei vaks opp i. Nedanfor har vi laga det vi kallar for ein ”attraktivitetsindeks”, som altså viser kva som er viktig ved ein kommune for at dagens unge distriktskvinner skal vurderer den som ein kommune å slå seg ned i framtida.

Av dei som nemner forhold kring jobb, seier storparten at det viktige er jobbmuligheter, berre eit fåtal nemner at det bør vera snakk om spennande jobbar og gode karrieremuligheter. For Konserva er jobbmuligheter viktig, for Moderna er det også viktig at det er snakk om spennande jobbar, eller om gode karrieremuligheter. Mønsteret vi finn er vidare at Konserva vektlegg høgare det som har med gode tilbod for familie, og muligheter for å leva eit godt familieliv, enn kva Moderna gjer. Slik blir det med oppvekstmiljø og tilbod for barn og familie langt viktigare for Konserva enn for Moderna. Kultur- og fritidstilbod og gode shoppingmuligheter er viktig for Moderna, men og for Konserva.

Det vi finn er at dei tre mest positive trekka ved eigen heimkommune, fin natur, godt og trygt oppvekstmiljø og nærhet til familie, kjem heller langt nede på lista, då med unntak av oppvekstmiljø. Fin natur og familie på heimstaden er ikkje vidare avgjerande når val av framtidig bustad skal gjerast. Det som då betyr noko er muligheter for ein jobb, gode og allsidige kultur- og fritidstilbod, saman med eit godt og trygt oppvekstmiljø.

Tabell 8.3 *Kva er viktig for at ein stad er eit godt bustadsalternativ for unge kvinner.*

---

Jobbmuligheter, spennande jobbar, karrieremuligheter – 58 prosent
Kultur- og fritidstidsmuligheter – 43 prosent
Godt oppvekstmiljø, nært barnehage og skule – 32 prosent
Tilbod for barn og familie – 11 prosent
Mulighet for sosial omgang – 10 prosent
Nært familie – 9 prosent
Fin natur – 6 prosent
Kollektivmuligheter (trafikk)
Trygt
Tilbod om aktivitetar for kvinner
Muligheter for å dyrka eigeninteresse
Shoppingmuligheter
Passe stort innbyggjartal
Muligheter for ei god tilrettelegging for familie og jobb
At kommunen ligg sentralt
Tilbod for heimeverande kvinner
At det er sosial aksept for ulike val, m.a. for å vera heimeverande
Stort bustadmarknad
Mulighet for fagleg nettverk
Muligheter for engasjement i org/politikk
Muligheter for å treffa mannen i sitt liv/tilgang på intellektuelle menn
Miljø som ikkje er dominert av mannssjåvinisme

---

### 8.3 Oppsummering

Unge distriktskvinner utgjer ikkje ei homogen gruppe, dei har ulike oppfatning av kva det gode kvinnelivet er, korleis dette kan realiserast, og kor det lettast kan realiserast. Slik finn vi tre ulike kvinneideologiske typar i materialet; Moderna, Konserva og Alterna. Moderna vektlegg jobb- og karrieredelen av livet, men kan også vektleggja barn og familie, og då utan å velja bort eller underordna yrkesprosjektet. Konserva har familielivet som overordna i livet, og tilpassar yrkesdeltaking til dette. Alterna legg vekt å gjera det som for henne er mest meiningsfullt for å realisera eit godt liv, ho vektlegg ikkje einseitig verken karriere eller familie. Alterna-gruppa er ei lita gruppe, mindre enn ei av ti distriktsjenter er å finna i denne gruppa. Rundt tredjeparten av dei unge kvinnene kan kategoriserast som Moderna og som Konserva, det same kan ei "blandingsgruppe" – Moderna/Konserva. Dei ulike kvinnetypene har ulike oppfatningar av kva som er det gode liv, og korleis dette kan realiserast. Sjølv om over halvparten av dei unge distriktskvinnene planlegg ei framtid i ein distriktsby eller ein storby, er det likevel større sannsyn for at det er Moderna enn for at det er Konserva som buset seg i byen. Av dei som seier at landsbygdkommunen eller bygdebykommunen er framtidig bustadkommune, finn vi ei overvekt av Konserva. Alterna viser ikkje noko klar bustadspreferansar, ho kan like gjerne busetja seg i bygdebyen som storbyen, berre mulighetane for å realisera eit godt liv er der.

Det er forholdsvis stor semje om kva som er dei gode sidene ved heimkommunen; fin natur, trygt og godt oppvekstmiljø og nærhet til familien. Kva som er dei dårlege sidene,

og det er mange, er det mindre semje om. Her er det stort sprik, og mange forhold som blir nemnde, frå det som går på fysisk utforming av bygda/småbyen, til sosialt miljø, servicetilbod og fritidstilbod. To av dei forholda som er positive ved heimkommunen, naturen og at familien er der, synest ikkje å ha noko avgjerande betydning for framtidig bustadpreferanse, og blir ikkje vurdert høgt på attraktivitetsindeksen for framtidig bustadkommune. Jobbmulighetar og kulturtilbod er viktigare enn fin natur og slekt i bygda.

## 9 I retning framtida

### 9.1 Det gode liv for distriktskvinnene

Biletet av det gode livet slik unge kvinner frå distriktskommunane ser det i dag er eit bilete med mange fasettar. Det finst ikkje ein type distriktskvinne, det er heller ikkje snakk om ein slags draum, eller eit likt ønskje om framtida. Distriktskvinner har ulike ønskje om utdanning og yrke, om familie og fritid, og om kor dei ønskjer å bu i framtida. I rapporten tok vi utgangspunkt i tre ideologiske kvinnetypar, Moderna, Konserva og Alterna, og såg vår eigen empiri opp mot desse typane. Vi ønskte å sjå korleis unge kvinner planlegg eige liv og framtid, og kva slags kvinneideologi som dannar rammer for denne planlegginga. Eit viktig punkt var vidare å sjå kva slags busetjingsimplikasjonar unge kvinner sine val har, er det slik at deira ideologiske tilslutninga medfører val som fører til spesifikke bustadspreferansar. Sagt på ein annan måte; fører dagens rådande kvinneideologiar til at unge kvinner planlegg eit liv i distriktsområde, eller eit liv i storbyen? Det er dette vi skal oppsummera i det følgjande.

#### 9.1.1 Det gode liv for Moderna

Moderna er i fleirtal blant dei unge kvinnene som studerer økonomisk administrative fag, reiseliv, naturfag, hotelladministrasjon, ho tek hovudfag på universitetet – innanfor pedagogikk, samfunnsfag, jus og andre fag, eller ho planlegg å bli arkitekt, psykolog, revisor eller marknadsøkonom. For Moderna er utdanning utover vidaregåande skule sjølv sagt, og eit yrkesliv med eit arbeid som er utfordrande og interessant like sjølv sagt. Moderna vel ikkje utdanning ut frå at yrket er lett å tilpassa eit familieliv med hovudansvaret for ungene, eller ut frå at utdanningstilbodet finst på heimstaden, eller der kjærasten bur. Ho vel den utdanninga ho ønskjer, der den er. Moderna med kortare utdanning blir gjerne kokk eller kjøkkensjef. Moderna vel utdanningsretning ut frå at ho vil noko – ho vil gjennomføra ei utdanning som gjev mulighet for karriere, for utviklingsmuligheter, for å få ein interessant jobb. Innhaldet i jobben, og muligheter for å kunna byta jobb, og velja ulike ting er viktig for henne.

Om vi møter Moderna igjen om ti år, er det lagt frå sikkert at ho har familie. Ho har gjerne mann eller sambuar, men ikkje barn. Ikkje slik at ho planlegg eit liv utan barn, men det får i alle fall venta til seinare, til ho er over 30 år. Moderna vel ikkje bort noko, ho vil ha alt, og klara alt; heiltids karriereyrke, ungar, eit aktivt liv. I fritida vil ho ha mulighet til å dyrka ulike kultur- og aktivitetstilbod, sjølv om jobben gjer at ho ikkje har tid til det. Muligheter – både i arbeidet og i fritida – er likevel viktig for Moderna, og det er vurderinga av kor mulighetane er best som avgjer kor ho slår seg ned. Fin natur og familie heime er ikkje nok til at heimstaden blir eit reelt busettingsalternativ for henne, mulighet for ein jobb ho kan gjera karriere i, eller som er spennande, er langt meir avgjerande når ho avgjer kor ho vil bu i framtida.

Når Moderna planlegg kor ho vil bu, så er det distriktsbyen og storbyen som er dei mest aktuelle alternativa. To av tre Moderna seier at dei truleg bur i ein slik kommune om ti år. Ei av fire bur i ein landsbygd- eller ein bygdebykommune, resten bur i utlandet, eller veit ikkje kor dei bur om ti år. For Moderna har ikkje landsbygdkommunen eller bygdebyen nok tilbod, verken når det gjeld interessant og spennande arbeid, når det gjeld fritid og kultur, eller når det gjeld mulighet for sosial omgang med likesinna. Vakker natur er ikkje eit avgjerande kriterium for Moderna når ho slår seg ned ein stad, og trygt oppvekstmiljø for barn betyr lite om ti år, fordi dei fleste Moderna utset det med barn til dei er godt over tretti år.

## 9.1.2 Det gode liv for Konserva

Konserva finn vi innanfor fleire utdanningsretningar, men ho er sjeldan å finna innanfor økonomisk administrative fag, ho er sjeldan å finna på eit hovudfagsstudium. Derimot finn vi mange Konserva innanfor barnevernsutdanninga, sosionomutdanninga, førskulelærarutdanninga, og spesielt innanfor lærarutdanninga. Halvparten av kvinnene i utvalet vårt som planlegg å bli lærarar er kvinner som kan karakteriserast som Konserva. Blant dei yngste jentene er det mange Konserva som planlegg å bli omsorgsarbeidarar eller sjukepleiarar. Når Konserva fortel kvifor ho vel yrke, så seier ho gjerne at det er viktig for henne å arbeida med noko ho lika, med barn, med eldre folk, med ungdommar som har det vanskeleg., eller at ho valde utdanninga fordi ho kunne gjennomføra den på heimstaden sin. Og det er vidare svært viktig at arbeidet kan tilpassast det å ha familie, det inneber at det går an å arbeida deltid, at arbeidet er lett å få overalt, og at det ikkje krev innsats seint og tidleg. Konserva følgjer også i større grad førebilete frå morsgenerasjonen.

Konserva si vektlegging på tradisjonelle kvinneyrke – ofte låglønsyrke -, og deltidsarbeid, inneber ikkje utan vidare at Konserva planlegg eit liv med mindre forbruk enn kva Moderna, med betre betalt fulltidsarbeid, gjer. Konsum er også ein del av Konserva sin livsstil, og dette konsumet kan oppretthaldast ved hjelp av ein solid familieøkonomi. Innanfor denne økonomien er ektefellen/sambuaren sitt bidrag rimeleg stort, til gjengjeld er ikkje innsatsen hans ovanfor heim og ungar vidare omfattande. I Konserva sin kvinneideologi er arbeidsdelinga mellom mann og kvinne tradisjonell, mannen har betre utdanning, høgstatusyrke med god lønn og arbeider mykje. Det er det gamle tradisjonelle kjønnsarbeidsdelinga desse unge kvinnene sluttar seg til, og ønskjer å vera ein del av. Konserva treng ikkje vera husmor på heiltid, ho har gjerne ei utdanning og eit yrke, men ho har, og ønskjer å ha, hovudansvaret for ungar og arbeidet i heimen. Tredjeparten av dei unge kvinnene i utvalet vårt sluttar seg til denne kvinneideologien, og kan kallast Konserva. Slik Konserva planlegg har ho om ti år mann og barn, gjerne to, og svært mange av dei jobbar deltid. Fritida brukar ho i første rekkje saman med barna, men ho er også saman med venninner, trenar eller går tur.

Konserva buset seg gjerne også i ein by, og då ein storby eller ein distriktsby. Men langt frå så stor del av Konserva, som av Moderna, vel byen. Rundt halvparten av Konserva-kvinnene seier at deira busetjingspreferanse går i retning distriktsbyen og storbyen, ein tredjedel av dei seier at dei om ti år bur i ein bygdeby- eller ein landsbykommune. Konserva legg vekt på trygge oppvekstvilkår for barn, og på nærhet til familie. Det ser vi klart for dei Konserva-kvinnene som er oppvaksne i distriktsbykommunar, ein stor del av desse vel å busetja seg på heimplassen.

Når Konserva skal velja kor ho vil bu i framtida, betyr eit trygt og godt oppvekstmiljø for ungar mykje. Mulighet for jobb betyr også mykje, men ho vektlegg ikkje at den treng vera ein karrierejobb med gode utviklingsmuligheter. Men Konserva vel ikkje nødvendig-

vis kor ho skal bu, ho vel gjerne mann før buplass, og det er gjerne mannen sitt yrkesval som bestemmer kor flyttelasset går og kva som blir fast adresse. Så sjølv om Konserva vektlegg fleire kvalitetar som kjenneteiknar mange distriktskommunar, blant anna heimkommunane til mange Konserva i utvalet vårt, så er ikkje Konserva utan vidare ”eit sikkert kort” for desse kommunane. Konserva er tilpassingsdyktig, og let mannen sine yrkesambisjonar bestemma retning for bustadval.

### 9.1.3 Det gode liv for Alterna

Alterna blir lærar, reiselivskandidat, sosionom, museumsstyrar, fotsoneoterapeut, kunsthåndverkar eller sosiolog. Utdanningsmønsteret hennar er verken som Moderna eller Konserva sitt, Alterna kan ha langvarig eller kort utdanning, praktisk eller teoretisk utdanning, det ho understrekar er ikkje jobbkarriere, men mulighet til å realisera eit godt liv også ved hjelp av jobben. Slike muligheter inneber også at miljøet ho slår seg ned i må vera romsleg nok til å godta hennar val. Det er få Alterna i utvalet vårt, både blant dei som skriv stil, og blant dei som har svara på spørjeskjema. At ho ikkje heilt veit kor ho vil slå seg ned, blir understreka at prosentvis langt fleire Alterna enn dei to andre kvinnetypene seier dei ikkje veit kor dei bur om ti år. Nærare halvparten av dei seier dei bur i ein landsbygd- eller bygdebykommune, godt og vel ein fjerdedel av dei seier dei bur i ein distriktsby- eller storbykommune. Men i om med at Alterna-gruppa er svært lita i forhold til dei andre gruppene, så vil tala her monna lite for folketalsutviklinga i landsbygd- og bygdebykommunane.

### 9.1.4 Det gode liv for unge distriktsmenn

Også dei unge mennene i distriktskommunane kan vi dela inn i ulike typar, unge menn som anten vidarefører den tradisjonelle karriereorienterte visjonen, eller opplevingsvisjonen, eller unge menn som går nyare vegar og sidestiller jobb- og familieprosjektet. I alle tre gruppene finn vi klare oppfatningar om livsvisjonen lettast kan gjennomførast i distrikta eller i urbane omgjevnader. Biletet som teiknar seg er at det særleg er gutane som satsar på karriere i arbeidslivet som ser storbyen som beste staden å bu. I monaleg større grad enn jentene vektlegg gutane karriereaspektet ved framtidig bustad, jentene kan nok og vektleggja muligheter for jobb og karriere, men understrekar likevel fritidstilbod og mulighet for å velja venner som viktig også. Dette gjeld særleg dei som vil busetja seg i storbyen, blant gutane som vel distriktskommunane finn vi ulik vektlegging på stad å bu, og særleg er det friluftsmuligheter, jakt og fiske som blir understreka, ikkje så mykje trygt oppvekstmiljø for barn som unge kvinner seier.

Bortsett frå dei ”nye” mennene, som sidestiller yrkes- og familieprosjektet, er det få grunngevingar for framtidige busettingsval og val av livsprosjekt blant gutane som blir grunnjevne med omsyn til familie. Og om det er familieomsyn, så kan desse like gjerne gå på det å overta familiebedrifta eller familiegarden, som det å ta omsyn til framtidige barn og deira oppvekstmiljø. Det er også fleire gutar – særleg dei opplevingsorienterte – som er frikopla ei fast forankring til ein stad å bu, det viktige er ikkje den faste staden å komma heim til etter jobben, men det at jobben gjev nye utfordringar heile tida, og gjerne på stadig nye plasser.

## 9.2 Visjonar på vandring?

I ein analyse av norsk trendpresse retta mot kvinner fann Foldvik at noko av det som kjenneteiknar desse blada si behandling av norske distrikt er fråvær. Distrikta finst så og seia ikkje i reportasjar i blada. Så sjølv om blada ”legger vekt på toleranse, så bekrefter det gjennom utvalget av saker likevel de gamle mytene om at ingenting skjer i distriktene, og at distriktene er arena for religiøse sekter og mangel på frihet.” Er det så slike bilete, av streng religiøsitet, forfall, fråflytting og vakker natur, noko som unge kvinner tar opp som sine bilete av stadene dei kjem frå, og som er utgangspunktet deira for draumen om framtida? Blir ikkje distrikta opplevd som gode stader å bu, stader der det finst utfordrande og utviklande jobbar, der det er rom for mangfald og for ulike interesser? Vi kan vel svara både ja og nei på spørsmåla: Biletet av distriktskommunane som kjem fram i materialet vårt er ikkje eintydig negativt, men det er heller ikkje eintydig positivt.

### 9.2.1 Eg vil heim att, ... eg vil bort i frå .....

Natur, eit trygt oppvekstmiljø og nærhet til familie – det er kvalitetar mange av dei unge kvinnene ser i heimstaden. Men for nokre er det ikkje nok til å bli verande, fordi mulighetar til spennande og utviklande jobbar, til varierte fritidstilbod og kanskje til å vera anonym i eit stort miljø, tel mykje meir, og er meir avgjerande når dei slår seg ned. Trendpressa viser eit bilete av distrikta som ein stad der lite skjer, i alle fall lite som er spennande for unge kvinner og menn. Er det dette biletet dei som vil ut har ”kjøpt”? Ikkje heilt, for sjølv om fleire understrekar gjennomsiktlegheit, ei omsorg for – eller frå - naboen som grensar til overvaking og sladder, og eit miljø der ingenting skjer, der bandet ein spelar i blir nedlagt fordi medlemmene flyttar, og der underhaldning og fritidstilbod finst i spekteret mellom fotball, skulemusikk og det å henga rundt bensinstasjonen, så er det likevel ikkje eit unyansert bilete av heimstaden og distriktskommunen dei unge kvinnene og mennene gjev. Å kjenna at naboar og kjenningar har omsorg for ein opplevest som godt også for ungdommar, men ikkje når det blir ei kjensle av at ”alle kjenner alle”, det er slikt som ungdommane beskriv som negativt, på linje med det å kjeda seg fordi det ikkje finst nokon spennande tilbod. Å kjeda seg, ikkje ha mulighetar til å velja, både om det gjeld utdanning, framtidig yrke, omgangsvenner eller fritidstilbod, blir sterkt understreka som grunnar til å ikkje busetja seg i distrikta. Men likevel er det avgjerande ikkje utan vidare det dei flyttar frå, men det dei flyttar til: Mulighetar – til utfordrande jobbar, til mange venner, til spennande fritidstilbod.

Distriktsbileta vi finn i trendpressa er lite eigna til å gje eit positivt bilete av distrikta som stader for utfordringar, mangfald og romslegheit. Det er ikkje i distrikta det nye og spennande skjer, det er ikkje der alle mulighetane finst. Litt unyansert kan vi seia at det biletet trendpressa gjev oss av distrikta ikkje gjer det særleg vanskeleg å forstå kvifor unge kvinner flyttar frå distrikta og til urbane område. Men alle kvinnene i vårt utval ser ikkje det samme biletet av distrikta som trendpressa gjer, dei ser ikkje forfall, streng religiøsitet og få mulighetar, men trygghet, nærhet til familie og flott natur, og gode mulighetar til jobb å trivast med. Fritidstilboda er kanskje ikkje så mange som i byen, men det viktige er likevel gode og trygge tilbod for barn.

Ungdommar sine bilete av distrikta, eller sine eigne heimstader, blir ikkje skapte av media åleine, men det synest likevel som media kan vera med og forsterka noko av det som karakteriserer landsbygda, bygdebyen eller distriktsbyen, og oftast i ei negativ lei. Presentert i media er visjonane om ei god og spennande framtid svært ofte knytta til det å bu i storbyen, å busetja seg i distrikta er å gå motstraums. Dei kvinneideologiane som ligg under desse visjonane er som oftast moderniserande ideologiar som vektlegg kvinners

muligheter til val på alle område i livet, men og konserverande ideologiar som vektlegg tilpassing og underordning av familieprosjektet. I svært liten grad er det rom for nyskapande ideologiar. Når så mange av dei unge kvinnene sine visjonar er prega av ideologiar som ser urbane område som beste stadene for å realisera visjonen om ei god framtid, er det ei stor utfordring for distriktskommunane. Meldinga frå desse unge kvinne, og mennene, er at distriktskommunane ikkje kan ha ei oppfatning av at distriktsungdom berre er av eit slag, og berre satsa på desse, men at dei må satsa på alle. Skal ein tiltrekkja seg både Moderna, Konserva og Alterna, held det ikkje med å satsa tradisjonelt, og meina at det er langt på veg nok med eit godt utbygt barnehagetilbod. Unge distriktskvinner i dag krev rett nok trygge og gode oppvekstvilkår for framtidige barn, men dei krev og spennande jobbmuligheter, variert og mangfaldig kulturliv, og eit romslig miljø som gjev høve til å vera den ein ønskjer å vera, utan å at omtalen av eins egne val og aktivitetar meir er baktaling enn ærleg omsorg. Slik handlar det å vera attraktive kommunar for unge kvinner om å gje armslag for desse kvinnene og deira ønskje og val, og det handlar om å ta inn over seg at alle kvinner ikkje har samme ønskje og samme prioriteringar.



# Vedlegg 1

## Spørjeskjema til kvinnelege studentar

### I. UTDANNING

Først vil vi gjerne spørja nokre spørsmål om utdanning:

1. **Kva slags utdanning er du i ferd med å gjennomføra no?** .....

2. **Planlegg du vidare utdanning/studium etter den utdanninga/det studiet du held på med no?**

- ja      Viss ja; kva slags utdanning? .....
- nei
- veit ikkje

3. **Kvifor valde du den utdanninga du gjennomfører no?**

Gjer ei vurdering av påstandane nedanfor. Bruk ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr "stemmer svært godt" og 1 betyr "stemmer svært dårleg". Du kan gjerne gje samme vurderinga til fleire påstandar.

- Eg vil ha ei utdanning som gjev mulighet for å få ein bra jobb med god lønn og gode karrieremuligheter
- Eg vil ha ei utdanning som gjev mulighet for ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter
- Eg vil ha ei utdanning som gjev mulighet for ein god jobb ein stad der det er spennande å bu
- Eg vil ha ei utdanning som gjev muligheter for mange ulike jobbar, slik at eg kan byta mellom ulike interessante arbeidsplassar
- Eg vil ha ei utdanning som gjev meg mulighet til å få arbeid på heimplassen min
- Eg vil ha ei utdanning som gjev meg mulighet for å tilpassa arbeid til barn og familie
- Eg veit ikkje kva eg vil bli, men synest utdanninga eg tar er spennande, det er det viktigaste for meg no
- Eg trur utdanninga eg har vald gjev meg mulighet til mange ulike val i livet, og det er viktig for meg

### II FRAMTIDIG ARBEIDSLIV

I det følgjande vil vi spørja om en del forhold knytt til framtida, og korleis du tenkjer deg din eigen situasjon i år 2010.

4. **Viss du tenkjer fram til år 2010, og di eiga deltaking i arbeidslivet, korleis passar følgjande påstandar for deg?**

Gjer ei vurdering og bruk ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr "stemmer svært godt" og 1 betyr "stemmer svært dårleg". Du kan gjerne gje samme vurdering til fleire påstandar.

- Eg har ein attraktiv stilling med gode lønns- og utviklingsmuligheter i eit framgangsrikt foretak
- Eg har ein interessant jobb med gode utviklingsmuligheter
- Eg bur på ein spennande og attraktiv stad, og har ein bra jobb der
- Eg har ein triveleg jobb med gode muligheter for å tilpassa arbeidsinnsatsen til familiesituasjonen
- Eg er heimeverande med små barn, og vil prioritera deltaking i arbeidslivet seinare
- Jobben min er ikkje spesielt interessant, men det viktigaste er å kunna bu på den staden eg ønskjer
- Eg har skapt min eigen jobb, og den gjer meg uavhengig av det vanlege karrieremaset

- Eg har ikkje fast jobb, men tar interessante vikaroppdrag og engasjement  
 Eg har ein bra jobb, men er stadig på leit etter nye utfordringar

### 5. Kva slags arbeid trur du at du har i 2010?

.....(tittel/bransje/sektor)

### III. FRITID

Her vil vi gjerne vita litt om korleis du trur du har det i fritida di i år 2010:

#### 6. Korleis trur du at du brukar fritida di i år 2010?

Gjer ei vurdering og bruk ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr "stemmer svært godt" og 1 betyr "stemmer svært dårleg". Du kan gjerne gje samme vurdering til fleire påstandar.

- Fritida mi brukar eg til venner, trening, reiser og ulike kulturelle aktivitetar  
 Eg brukar fritida mi til vidarekvalifisering for å få ein betre jobb seinare  
 Fritida eg har brukar eg sammen med familien, trenar, pratar med gode venninner eller drar på tur med dei  
 Eg bruker all fritida min på aktivitetar sammen med barna, enten heime, ute i naturen eller i ulike organisasjonar for barn  
 Eg bruker mykje av fritida min til innsats for natur og miljøraker  
 Eg bruker fritida til å utvikla meg sjølv vidare på ulike måtar  
 Eg bruker mykje av fritida til Internett og tv

#### 7. Trur du at du vil engasjera deg i politiske aktivitetar i 2010?

Gjer ei vurdering av påstandane nedanfor. Bruk ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr "stemmer svært godt" og 1 betyr "stemmer svært dårleg". Du kan gjerne gje samme vurdering til fleire påstandar.

- Nei, partipolitikk er for gamle gubbar  
 Nei, eg vil bruka fritida min på artigare ting  
 Nei, eg er ikkje interessert i politikk  
 Ja, med små barn kjem eg til å engasjera meg i tiltak i barnehage, skule og nærmiljø  
 Ja, eg synest det er veldig viktig å engasjera meg for ei alternativ utvikling, og er med i alternativrørsler (miljørørsla etc)  
 Ja, eg engasjerer meg i enkeltsaker eg er opptatt av, men passar ikkje inn i noko parti  
 Ja, eg er opptatt av kvinners situasjon og engasjerer meg i slike spørsmål

### IV. FAMILIELIV

Trur du at du har eigen familie i 2010, og korleis trur du at du har det der du bur?

#### 8. I år 2010, korleis er situasjonen for deg med tanke på familieliv?

Gjer ei vurdering av påstandane nedanfor. Bruk ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr "stemmer svært godt" og 1 betyr "stemmer svært dårleg". Du kan gjerne gje samme vurdering til fleire påstandar.

- Etter å ha prioritert utdanning og jobb i fleire år, har mannen min og eg fått vårt først barn  
 Eg håpar at eg i alle fall har to barn, og har valt å ha deltidsjobb medan barna er små  
 Med små barn og ein travel kvardag, er det ein fordel å bu nær barnas besteforeldre  
 Eg har barn, men lever ikkje i noko parforhold, for det trur eg ikkje gjev gode nok utviklingsmulighetar for meg  
 Eg har barn og mann og vi legg stor vekt på å bu nært andre med våre interesser  
 Om ti år er det framleis for tidleg for meg å slå meg til ro med barn og familie  
 Eg har ikkje barn om ti år, og planlegg heller ikkje det seinare

### 9. Korleis trur du at du bur i år 2010?

- I eige hus
- I eige rekkehus/eigen leilegheit
- I generasjonsbustad med foreldre/svigerforeldre
- Leiger hus/leilegheit/hybel
- I bufellesskap sammen med andre vaksne

### 10. Kva trur du at du legg vekt på ved bustad i 2010?

Gjer ei vurdering av påstandane nedanfor. Bruk ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr ”stemmer svært godt” og 1 betyr ”stemmer svært dårleg”. Du kan gjerne gje samme vurdering til fleire påstandar.

- at det er gode muligheter for spennande jobbar der både for meg og sambuaren min
- at det er ein stad med mange og gode kultur- og fritidsmuligheter
- at det er ein stad med mange interessante møteplassar
- at det er eit godt oppvekstmiljø nært til barnehage og skule der
- at det er nært til familie og slekt
- at eg har mange venner der
- at det er eit godt miljø og lite forureining der
- at det er nært til naturen
- at det er eit godt klima der
- at det er ein stad det er lett å komma til og lett å reisa frå
- at det er ein stad som er lite prega av gubbekultur

### 11. Kor trur du at du kjem til å bu i år 2010?

Kryss av for det alternativet du trur stemmer best for deg. Viss du veit kor du kjem til å bu, skriv gjerne namnet på staden.

- på heimlassen min .....(namn)
- i ei bygd ..... (namn)
- i eit kommunesenter ..... (namn)
- i ein bygdeby ..... (namn)
- i ein mindre by ..... (namn)
- i ein større by..... (namn)
- i Oslo
- i utlandet, kor? .....
- har ikkje slått meg ned nokon stader enno
- veit ikkje

## **VI. NOKRE SPØRSMÅL OM KORLEIS DU TENKJER I DAG OM FORHOLD SOM KAN VERA AVGJERANDE FOR DET LIVET DU ØNSKJER Å LEVA**

### 12. Synest du det er viktig å planleggja framtida din?

Sett kryss i ei av rutene nedanfor.

- ja
- nei
- veit ikkje

**13. Synest du det er viktig å tenkja over kva du vil gjera med livet ditt?**

Gjer ei vurdering av påstandane nedanfor. Bruk en skala frå 1 til 6, der 6 betyr ”stemmer svært godt” og 1 betyr ”stemmer svært dårleg”. Du kan gjerne gje samme vurdering til fleire påstandar.

- ja, fordi eg vil gjerne finna ut kva som er det gode liv for meg uavhengig av mora mi/foreldra mine
- ja, fordi eg vil gjerne finne ut kva som er det gode liv for meg uavhengig av vennene mine
- ja, fordi eg ønskjer å gå mot flyttestraumen, og etablera meg utanfor dei store busetjingssentraene
- nei, det er likevel så lite eg kan innverka på
- nei, fordi livet blir til medan ein går
- veit ikkje

**14. Synest du det er viktig å tenkja over kor du vil busetja deg?**

Gjer ei vurdering av påstandane nedanfor. Bruk ein skala frå 1 til 6, der 6 betyr ”stemmer svært godt” og 1 betyr ”stemmer svært dårleg”. Du kan gjerne gje samme vurdering til fleire påstandar.

- ja, fordi eg ikkje vil bu der eg vaks opp
- ja, fordi staden ein bur har mykje å seia for jobbmuligheter
- ja, fordi staden ein bur har mykje å seia for fritidsmuligheter
- ja, fordi staden ein bur har mykje å seia for muligheter for å treffa venner
- ja, fordi staden ein bur har mykje å seia for muligheter for å treffa ein attraktiv partnar eller ektemake
- ja, men eg trur eg kjem til å bu mange ulike stader
- ja, fordi eg vil bu ein stad der ikkje alle veit alt om alle
- nei, eg vil tilpassa bustad til partnar og familieforhold
- nei, det kjem an på så mykje, kor eg får jobb, kor vennene mine bur etc.
- veit ikkje

**VI. LITT OM DEG SOM SVARAR PÅ SKJEMAET OG OM STADEN DER DU BUR**

**15. Kor gammal er du? .....** (år)

**16. Sivil status**

- ugift/ikkje-sambuande
- gift/sambuande

**17. Har du barn**

- ja
- nei

Viss ja, kor mange barn har du? .....

**18. Kor budde du størstedelen av barndommen din?**

..... (namn på kommunen)

**19. Kor bur du i dag? .....** (namn på kommunen du er folkeregistrert i)

**20. Korleis vil du karakterisera deg sjølv?**

Kryss av for det alternativet som passar best for deg.

- eg legg vekt på vera trendy og moderne
- eg trur eg er ganske vanleg, og bryr meg ikkje om å skilja meg ut frå andre
- eg karakteriserer meg som alternativ, og legger vekt på andre forhold enn dei som er rådande
- eg vektlegg ein individuell stil, og vel det eg ønskjer frå ulike retningar
- eg veit ikkje heilt korleis eg skal karakterisera meg sjølv
- eg er ein sporty type

**21. Kva meiner du er dei tre beste sidene ved heimkommunen ( .....kommune) din? For studentar som har måtta meldt flytting, spør me om kommunen du tok utflytting frå.**

1. ....
2. ....
3. ....

**22. Kva er dei tre dårlegaste sidene ved heimkommunen ( ..... kommune) din? For studentar som har måtta meldt flytting, spør me om kommunen du tok utflytting frå.**

1. ....
2. ....
3. ....

**23. Kor stor er sannsynligheten for at du vil fortsetja å bu/busetja deg i heimkommunen din etter endt yrkesutdanning?**

- svært stor
- nokså stor
- stor
- nokså liten
- liten
- svært liten

**24. Kva er det viktigaste som må til for å gjera ein stad til eit godt bustadsalternativ for kvinner?**

1. ....
2. ....
3. ....

**25. Kva må til for å gjera heimkommunen din til ein attraktiv stad å bu for deg etter fullført utdanning?**

1. ....  
 2. ....  
 3. ....

**26. Korleis vurderer du mulighetane for kvinner til å vere aktiv lokalpolitikar i heimkommunen din? Kryss av for eitt av alternativa.**

- svært gode  
 ganske gode  
 gode  
 dårlege  
 ganske dårlege  
 svært dårlege  
 veit ikkje

**27. Kva faktorar legg du vekt på i vurderinga di i spørsmål 26?**

1. ....  
 2. ....  
 3. ....

**28. Kva må til for at du skal engasjera deg i lokale saker?**

1. ....  
 2. ....  
 3. ....

**29. Kunne du tenkja deg å bli lokalpolitikar?**

- eg er lokalpolitikar i dag  
 ja      Viss ja; kvifor? .....  
 .....  
 .....  
 nei      Viss nei; kvifor ikkje? .....  
 .....  
 .....  
 veit ikkje

**30. Stemte du ved kommunevalet i 1999?**

- ja  
 nei

Viss ja; kva parti/liste stemte du på?

- FrP  
 H  
 KrF  
 V  
 Sp  
 Ap  
 SV  
 RV  
 Andre ..... (namn på parti/liste)

**31. Viss du stemte ved kommunevalet i 1999, kva saker/faktorar vurderte du som viktige for ditt val av parti/liste?**

1. ....  
2. ....  
3. ....

**Takk for at du svarte på skjemaet!**